

## **Lokalpolitikken sin eigendynamikk**

*- Ein studie av Odda kommune og UNESCO-spørsmålet*

—  
**Ingvild Angell Bakke**

*Masteroppgåve i statsvitenskap - november 2013*



## FORORD

Endeleg er masteroppgåva ferdig og eg kan setta siste punktum. Å skriva ei masteroppgåve er ein einsam prosess. Gjennom året som har gått har eg lært mykje om det å jobba målretta mot eit resultat. Eg har mellom anna lært at det er i motbakke det går oppover og at vegen fram mot målet kan til tider vera kronglete og smal.

Tusen takk til alle informantane mine som stilte opp på intervju, oppgåva hadde ikkje blitt den same utan dokkar hjelp. Takk til rettleiar Hilde Bjørnå for raske, gode og konstruktive tilbakemeldingar. Takk til Hardanger Folkeblad som ga meg gratis tilgang til e-avisa.

Til mamma, pappa og Marte, de er dei beste foreldra og den beste søstera som finns. Å fullføra ei masteroppgåva hadde ikkje vert mogleg utan den støtta og den oppmuntringa de har gitt i løpet av denne prosessen.

Tusen takk til Svein Ivar, Cathrine, Marthe, Margrete og Åshild (og alle andre) som har tatt seg tid til å lesa korrektur og komen med gode tips og råd.

Madelein (Pilt), livet på masteren hadde ikkje vert det sama utan deg og studiekvardagen hadde vert vesentleg mindre innhaldsrik.

Til jentene (de veit kven de er), utan dykk hadde denne prosessen vert langt meir einsam og vanskeleg. Tallause kaffikoppar, latter og gode samtalar har vert gull verdt i denne tida. Håpar det blir mykje meir av dette i framtida.

Talet på ord inkludert innhaldslista og litteraturlista: 30 976

*Tromsø 15. November 2013*

Ingvild Angell Bakke



# Innhald

1	Introduksjon .....	1
1.1	Val av tema .....	1
1.2	Val av problemstilling .....	3
1.3	Presentasjon av caset og grunnar for problemstillinga.....	4
1.3.1	Unescostatus eller ikkje? .....	4
1.3.2	Unesco .....	5
1.4	Teoretisk utgangspunkt .....	6
1.5	Oppbygging av oppgåva .....	7
2	Bakgrunn.....	9
2.1	Innleiing .....	9
2.2	Bygginga av Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk.....	10
2.2.1	Nedgang og oppgang.....	10
2.2.2	Skiftande eigarar .....	11
2.3	Odda kommune .....	12
2.3.1	Lokale parti i Odda.....	13
2.4	Oppsummering.....	15
3	Teori.....	17
3.1	Innleiing .....	17
3.2	Den rasjonelle modellen .....	18
3.2.1	Den rasjonelle aktøren .....	18
3.2.2	Representanten og partia si rolle i lokalpolitikken.....	18
3.2.3	Politisk struktur .....	20
3.2.4	Forventning til funn .....	21
3.3	Forhandlingsmodellen.....	22
3.3.1	Strategi og spel .....	23
3.3.2	Forventa funn .....	25
3.4	Garbage can-modellen.....	25
3.4.1	Eigenskapar i garbage can-modellen.....	25
3.4.2	Avgjerder i garbage can-modellen.....	27
3.4.3	Forventa funn .....	27
3.5	Kritikk retta mot bruk av avgjerdsmodellar .....	28
3.6	Oppsummering.....	28
4	Metodisk framgang.....	31
4.1	Innleiing .....	31
4.2	Kvifor kvalitativ metode? .....	31

4.3	Truverdigheit, bekreftbarheit og overføring .....	31
4.4	Val av informantar.....	32
4.4.1	Kontakt.....	33
4.5	Dokumentanalyse.....	34
4.6	Intervju .....	35
4.6.1	Gjennomføring av intervju.....	36
4.7	Etikk.....	37
4.8	Avslutning.....	37
5	Folkerøysting og politisk val.....	39
5.1	Innleiing .....	39
5.2	Unescosøknad eller ikkje? Dei politiske standpunkta.....	39
5.2.1	Partia sine mål.....	42
5.3	Mot kommuneval og folkerøysting i 2007 .....	44
5.3.1	Prosesen fram mot ei folkerøysting .....	44
5.4	Folkerøysting – kva meinte folket?.....	45
5.4.1	Spel og maktbruk.....	47
5.5	Koalisjon og eit noko meir uklart bilete.....	48
5.5.1	Rasjonelle val, makt og tilfeldigheter .....	49
5.6	Ekstraordinært kommunestyremøte og ja til Unesco .....	51
5.6.1	Press, makt eller rein tilfeldigheit?.....	53
5.7	Oppsummering.....	55
6	Fredingsprosessen.....	57
6.1	Innleiing .....	57
6.2	Lokaldemokratiet og påverknad frå andre myndigheter og aktørar .....	57
6.2.1	Press ovanfrå og frå andre enkeltelemt.....	60
6.2.2	Spel, strategi og maktbruk.....	61
6.2.3	Lokalpolitikarane på sidelinja .....	63
6.3	Oppsummering.....	64
7	Ny vind – politisk skifte .....	65
7.1	Innleiing .....	65
7.2	Politisk skifte og Unescosaka sin påverknad på det politiske samarbeidet .....	65
7.2.1	Samarbeid ut i frå mål .....	69
7.3	Unescosøknaden på vent nok ein gong.....	72
7.3.1	Usemeje fører til nok ein tilbakegong. Press og makt frå overordna myndigheit.....	72
7.4	Oppsummering.....	73
8	Avsluttande kommentarar .....	75

8.1	Innleiing .....	75
8.2	Viktigaste funn.....	75
8.3	Rikspolitikk versus lokalpolitikk.....	78
8.4	Vidare forskning .....	80
9	Litteraturlista .....	81
	Vedlegg 1:.....	87
	Vedlegg 2:.....	88
	Vedlegg 3:.....	89
	Vedlegg 4:.....	90





# 1 Introduksjon

## 1.1 Val av tema

Heilt sidan slutten av 1900-talet er det fleire som har hevda at rikspolitikken dominerer lokalpolitikken. Det som meinast her er at nasjonale politiske saker er med på å setja føringar for lokalpolitikken og at det er dei nasjonale sakene som først og fremst dominerer lokalpolitikken. Spørsmålet som då er blitt stilt er om det er nødvendig å ha lokalval sidan det likevel er den nasjonale politikken som påverkar lokalpolitikken og at det med dette er mindre fokus på lokale saker (Rommetvedt, 2000). Av mange er dette også blitt brukt som ei forklaring på kvifor valdeltakinga til lokalval går nedover.

Veljarane oppfattar den lokale politikken som mindre viktig og at lokalpolitikarane ikkje har så mykje å seia fordi det er den nasjonale leiinga som styrer politikken likevel (Jacobsen, 2009: 116). Skare (2000) brukar omgrepet riksdominans-argumentet når han omtalar den nasjonale politikken si rolle i lokalpolitikken. Han seier at resultatet av kommunevala på valdagen ligg i hendene på media og sentrale politiske aktørar (Skare, 2000: 81). Tema for denne oppgåva vil vera at lokalpolitiske saker kan vera med på å dominera lokalpolitikken i stor grad, og at den nasjonale politikken då får mindre å seia for lokalpolitikken. Sjølv om det er fleire som hevdar at rikspolitikken har tatt over lokalpolitikken finn vi argument for det motsette. Eg vil her ta for meg ei sak som føregår i Odda kommune inst i Hardanger, der striden går ut på om ein skal søka Unescostatus for det nedlagte Odda Smelteverk og kor mykje av denne tomta som skal fredast.

Når vi skal kommentera valresultat etter eit lokalval kan vi kan sjå på oppslutninga til dei politiske partia under stortingsval og samanlikna dei med oppslutninga under lokalval, her ser vi at oppslutninga kring partia nasjonalt og lokalt ikkje alltid stemmer overeins. Om den nasjonale politikken hadde dominert lokalpolitikken ville vi sett ei endring i oppslutninga kring dei politiske partia som viste til den endringa partia fekk nasjonalt. Dette viser seg å ikkje alltid vera tilfellet. Skilnad i oppslutninga til dei ulike partia vil alltid variera frå dei ulike regionane, dette er avhengig av demografi, men også kva yrke og alderssprang det er på innbyggjarane i kommunen. Dette vil også påverka

kva preferansar veljarane har. Ein faktor som personval er også viktig under eit lokalval, då ein kan røysta på personar i tillegg til parti (Jacobsen, 2009: 105, Rommetvedt, 2000: 68).

I lokalpolitikken kan vi finna dømer på at lokale saker ikkje følgjer dei normale konfliktlinjene partia i mellom (Jacobsen, 2009), det er dette Skare (2000) kalla det politisk-sosiologiske argumentet. Her er det saka i seg sjølv som er det viktige og ikkje kor ein høyrer til reint politisk (Skare, 2000: 95). På mange måtar kan ein då seia at dei politiske skiljelinjene i politikken forsvinn, dette kan også vera fordi dei nasjonale partilinjene ikkje er tilpassa dei lokale interessene (Jacobsen, 2009: 132). Det er særleg i små kommunar at lokale saker blir viktig. Det viser seg at det i små kommunar er lettare å føra lokalpolitikk. Det er ein trend at jo mindre kommunen er, jo meir lokalpolitikk finn vi (Skare, 2000: 95). Særleg etter at det blei satt eit minstekrav i kommunelova for kor mange representantar det skulle sitta i kommunestyret avhengig av størrelsen på kommunen har vi sett skilnaden på store og små kommunar. Store kommunar ligg stort sett på minimumskravet for kommunestyrerepresentantar og dei siste åra har talet på representantar i kommunestyrene minka. Det vil då seia at i ein stor kommune er representanten avhengig av langt fleire røyster for å komma inn i kommunestyret enn det vil vera for ein representant i ein mindre kommune (Jacobsen, 2009: 97). Særleg i lokalpolitikken, men og i regionalpolitikken finn vi eit ganske stort innslag av lokale lister som ofte stiller til val på bakgrunn i lokale saker. Dette viser også at partipolitikken kanskje ikkje er det viktigaste i lokalpolitikken. Argumentet jo meir lokalpolitikk, desto mindre partipolitikk gjer seg då gjeldande (Jacobsen, 2009: 132 - 133, Skare, 2000).

I Odda kommune har det til tross for at det er ein ganske liten kommune, vert tradisjon for at dei nasjonale partiskilja har blitt følgt om lag på same måte på det lokale planet. På områder som helse- og omsorg og utdanning har dei ulike aktørane på det lokale nivået vert dei same som på det nasjonale planet. Ved kommunevalet i 2007 blei det endringar i desse politiske konstellasjonane. Det kjem ei bygdelista inn i politikken for første gong på om lag 40 år, arbeiderpartidominansen som hadde vert dei siste tiåra var no over. Årsaka til dette er at det kjem eit spørsmål frå lokale aktørar om ein skal søka om Unescostatus for den gamle smelteverkstomta i 2006. Frå 2000 var den gamle

kraftstasjonen i Tyssedal freda som kulturminne, og det var stor semje i kommunen om at denne måtte på verdsarvlista. Å søka om Unescostatus for smelteverkstomta skulle då vera ganske naturleg i og med at kraftstasjonen blei bygd på grunn av etableringa av Odda Smelteverk. I tillegg ville ein føra opp Rjukan/Notodden som aktuelle kandidatar til ein Unescostatus i ein tvillingsøknad saman med Odda/Tyssedal. I 2009 blei det klart at Odda/Tyssedal og Rjukan/Notodden stod på den tentative verdsarvlista for Unescostatus i Noreg.

I 2007 blei det halden ei folkerøysting for om ein skulle søka om Unescostatus for Odda Smelteverk. Her røysta folket nei til Unesco med 51% mot 49% av røystene. Då denne folkerøystinga blei behandla i kommunestyret i 2008 trossa kommunestyret dette fleirtalet og gjekk inn for ein Unescosøknad likevel.

Striden bak Unescostatusen har bakgrunn i bruken av tomta. Dette er ei stor tomt som strekk seg over store delar av sentrum. Dei som er i mot ein Unescostatus er redd denne vil vera til hinder for næringsutvikling på området. Den store usemja i kommunen har ført til at Odda fleire gonger har blitt tatt ut av den tentative lista. Dei står no på vent fram til 2016. Rjukan/Notodden som ikkje har hatt noko usemje kring ein Unescostatus vil bli nominert til ein plass på Unescolista i januar 2014.

Eg vil vidare i denne oppgåva sjå på korleis denne saka har vert med på å påverka lokalpolitikken i Odda kommune. Ved bruk av modellar for avgjerder vil eg visa at avgjerder som blir tatt i lokalpolitikken som omhandlar lokalpolitiske saker kan få svært mykje å seia for den aktuelle kommunen. Ved å bruka fleire modellar for avgjerder vil eg også forsøka å visa at ei sak kan ha mange ulike forklaringar på det utfallet eller dei utfalla denne saka får og at ein modell eller teori aleine kanskje ikkje er dekkande for å forklara ei slik sak.

## **1.2 Val av problemstilling**

Problemstillinga tar utgangspunkt i førestellinga om at rikspolitikken dominerer lokalpolitikken og at lokalpolitikken dermed ikkje betyr så mykje for folk flest. I denne oppgåva vil eg like fullt sjå på korleis lokalpolitikken blir påverka av ei lokal sak, og

korleis denne saka dominerer ulike periodar i ein kommune si nyare historie. Eg vil her sjå på korleis politikken, dei politiske partia og representantane har blitt påverka av Unescosaka i Odda, og visa korleis avgjerder i politikken og samarbeidskonstellasjonar er sterkt prega av ei lokal sak. Generelt vil eg analysera

*”mål og prosessar knytt til politiske avgjerder i eit system som er prega av nasjonale spørsmål. Eg vil analysera: I kva grad og på kva måte har avgjerder i lokalpolitikken i Odda kommune blitt påverka av Unescospørsmålet knytt til det nedlagte Odda Smelteverk?”*

For å svara på denne problemstillinga vil eg formulera tre ulike modellar for å forstå ei avgjerd der kvar modell har eit litt ulikt utgangspunkt for å analysera avgjerder. Eg vil bruka desse tre for å belysa fleire sider av problemstillinga og på denne måten forsøka å få fleire svar på i kva grad og på kva måte lokalpolitikken har blitt påverka av Unescospørsmålet. Eg set også fram eit sett med forventningar om partia sine mål og prosessar, i lys av desse modellane og desse forventningane vil eg prøva å visa at ei førestelling om at rikspolitikken dominerer lokalpolitikken ikkje alltid gjer seg gjeldande. Eg delar det empiriske materialet opp i tre epokar som blir presentert i kvart sitt kapittel og analysert undervegs. Den første epoken tar for seg tida frå då Unescospørsmålet kom på banen i 2006 til behandlinga av folkerøystinga som fann stad i 2008, den andre epoken omhandlar fredingsprosessen frå 2009, etter at det blei klart at Odda gjekk inn for ein Unescosøknad. Den tredje og siste epoken tar for seg valet og det politiske skiftet som fann stad i 2011. I analysen vil eg ta for meg dei måla og prosessane som ligg til grunn for avgjerdene som blei tatt i dei ulike periodane.

### **1.3 Presentasjon av caset og grunnar for problemstillinga**

#### **1.3.1 Unescostatus eller ikkje?**

I Odda kommune har det i ti år vert strid om kva dei skal gjera med det nedlagte smelteverket og tomta som høyrer til. Odda Smelteverk var i si tid eit av dei største smelteverka for karbid og cyanamid. Fabrikken var grunnlaget for at industrien kom til Odda, og er grunnen til at Odda no er ein eigen kommune. Tomta det er strid om er ei tomt som strekk seg over store delar av Odda sentrum. Sjølve tomta består av fleire ulike bygg, og det er desse bygga det er strid om skal fredast og eventuelt nominerast til ein plass på Unescolista eller om dei skal sanerast. Kva og kor mykje som skal fredast,

kva tomta skal brukast til og kven som har ansvaret for den er tema som har blitt tatt opp. Det er mange aktørar som har vert framme og sagt si meining, og i politikken har det vert mange døme på at dei politiske skiljelinjene ikkje har blitt følgt.

I 2006 kom det altså eit forslag om å søka Odda Smelteverk inn på den tentative verdsarvlista til Unesco. Å stå på den tentative verdsarvlista vil seia at ein er nominert av myndigheitene i sitt eige land for ein plass på Unesco si verdsarvlista. Dette førte mellom anna til ei folkerøysting før valet i 2007. Under behandlinga av folkerøystinga i 2008 valde kommunestyret som vi har sett å sjå vekk frå fleirtalet frå folkerøystinga. Her hadde fleirtalet av veljarane svarta at dei ikkje ynskja å oppretthalda Unescosøknaden. På mange måtar kan Unescosaka også vera grunnen til eit politisk skifte som fann stad etter valet i 2011. Odda har vert på den tentative verdsarvlista fleire gonger, usemje mellom kommunen og Riksantikvaren har ført til at Odda har blitt tatt ut og inn av denne lista fleire gonger. No er Odda på ny tatt ut av lista fordi Riksantikvaren meiner det er for mykje usemje i kommunen og før Odda på ny kan få ein plass på denne lista, om dei ynskjer det, må det bli ei brei semje i kommunen der alle jobbar mot det same målet. Sjølv om det er smelteverkstomta som står i fokus i denne oppgåva er det viktig å nemna at smelteverket er satt opp som forslag til Unesco si verdsarvlista saman med den gamle kraftstasjonen i Tyssedal, sidan smelteverket blei tatt med saman med kraftstasjonen betyr det at kraftstasjonen også er tatt ut av den tentative lista foreløpig.

### **1.3.2 Unesco**

Unesco er dei Sameinte Nasjonar (SN)<sup>1</sup> sin organisasjon for utdanning, vitskap og kultur. I 1972 blei det oppretta ei verdsarvlista som har som oppgåve å verna om unik kultur- og naturarv av ein heilt særeigen verdi som vi finn få eller ingen andre stader i verda. For å komma på Unescolista må ein oppfylle minst eit av ti kriterier som er satt for å kunna bli nominert til ein plass på denne lista (Riksantikvaren, 2013a). I Noreg er det Miljøverndepartementet som har ansvaret for å nominera plassar i Noreg til denne lista. Riksantikvaren arbeider tett saman med Miljøverndepartementet og setter saman ei liste over moglege verdsarvstader på oppdrag frå Miljøverndepartementet. Kvart land

---

<sup>1</sup> SN er det same som de Forente Nasjoner (FN)

må ha ei tentativ liste der moglege kandidatar blir ført opp. Det er ikkje slik at alle som står på denne lista blir nominert til verdsarvstader, men det er eit skritt i riktig retning for ein nominasjon til ein verdsarvstatus (Riksantikvaren, 2013c).

I 2009 blei Odda/Tyssedal og Rjukan/Notodden ført opp på den tentative lista over verdsarv. Rjukan/Notodden sin søknad vil bli ferdigbehandla og sendt vidare i januar 2014. I Odda/Tyssedal må det bli breiare semje politisk og i lokalbefolkninga før ein kan gå vidare med nominasjonen, dei er difor tatt ut av denne lista for at kommunen skal jobba med å få ei avklaring på kva dei ynskjer for kraftstasjonen i Tyssedal og smelteverket i Odda, dette vil skje tidlegast i 2016 (Riksantikvaren, 2013c).

Å stå på Unesco si verdsarvlista inneberer ikkje meir vern, men er eit kvalitetsstempel for det som allereie er verna. Når ein står på lista må ein ta visse omsyn før ein utviklar området rundt slik at ein ikkje øydelegg den kulturarven som allereie ligg på plassen. Ein må også laga ein plan for korleis ein skal ta vare på denne arva. For å få ein plass på Unescolista må lokalsamfunnet støtta opp om dette, og ein må visa vilje til å føra arven vidare (Riksantikvaren, 2013b).

#### **1.4 Teoretisk utgangspunkt**

Som sagt vil eg nytta meg av teoriar knytt til avgjerder. Eg har formulert tre modellar som skal vera med på å forsøka å forklara i kva grad og på kva måte lokalpolitikken har blitt påverka av Unescosaka. Den første modellen eg vil nytta meg av er den rasjonelle modellen som ser på representantar og parti som rasjonelle aktørar som tar avgjerder ut i frå kva dei meiner vil få den beste konsekvensen ut i frå deira mål. Den andre modellen er forhandlingsmodellen der eg ser på korleis forhandlingar, spel, press, bruk av makt og tautrekking kan føra fram til avgjerder. Begge dei to første modellane byggjer på rasjonell teori og vil difor ha noko av det same utgangspunktet i ein analyse. Den siste modellen tar utgangspunkt i garbage can-teori der avgjerder på mange måtar blir styrt av tilfeldigheter og situasjonen kan opplevast som uoversiktleg og anarkisk. Ved å bruka desse modellane har eg fleire utgangspunkt for å sjå korleis lokalpolitikken har blitt påverka av Unescosaka.

## **1.5 Oppbygging av oppgåva**

Eg har i dette kapitlet gitt ein kort introduksjon til det som vil vera tema for mi oppgåve og korleis eg vil løysa denne. Vidare er oppgåva bygd opp i åtte kapittel.

Kapittel to tar for seg bakgrunnen til kvifor Odda Smelteverk blei bygd og kva funksjon fabrikk hadde, kva som blei produsert og kva dette hadde å seia for lokalsamfunnet. I tillegg vil eg gi ein kort introduksjon til historia til Odda kommune og industrien som steig fram på byrjinga av 1900- talet. I tillegg vil eg gi ei kort innføring i den politiske situasjonen i Odda i dag, der dei politiske partia som blir omtala i oppgåva blir presentert saman med deira meining om Unescosaka.

Kapittel tre tar for seg det teoretiske utgangspunktet i oppgåva, her vil eg presentera den rasjonelle modellen, forhandlingsmodellen og garbage can-modellen, dette er dei tre avgjerdsmodellane eg vil nytta meg av når eg skal analysa det empiriske materialet.

I kapittel fire vil eg ta for meg det metodiske utgangspunktet for oppgåva. Her vil eg greia ut om kva metode eg har brukt, korleis eg har valt ut informantar og kva problem eg har støtt på undervegs.

Kapittel fem vil bli det første av tre analysekapittel. Her vil eg presentera empirien som strekk seg frå 2006 til 2008, der eg mellom anna går gjennom prosessen frå då forslaget om Unescospørsmålet blei stilt, valet og folkerøystinga i 2007 og behandlinga av folkerøystinga i 2008. Her vil eg analysa det empiriske materialet undervegs.

Kapittel seks tar for seg den andre epoken. Dette kapitlet tar for seg fredingsprosessen som fann stad etter at kommunestyret hadde vedtatt å gå i mot fleirtalet frå folkerøystinga og gå inn for å søka om ein Unescostatus fram til 2012.

Kapittel sju er det siste analysekapitlet og tar for seg det politiske skiftet etter valet i 2011, i tillegg til litt om kva som skjer med Unescosøknaden og kommunen sitt arbeid med smelteverkstomta no når Odda/Tyssedal er tatt ut av den tentative lista til ein Unescosøknad.

Kapittel åtte vil gi ein konklusjon i tillegg til nokre betraktningar om vegen vidare og tema for vidare forskning.



## 2 Bakgrunn

### 2.1 Innleiing

Inst i Sørfjorden i Hardanger finn vi i dag tomte til, og deler av, det som ein gong var Odda Smelteverk A/S. Dette er eit område som strekk seg over 160 dekar (eller 170 mål), noko som utgjer over halvparten av Odda sentrum (Riksantikvaren, 2008). Dette var hovudpulsåra til industribyen Odda, i dag er fabrikk konkurs og deler av den er riven.

Historia til Odda Smelteverk er lang og innhaldsrik, den strekk seg heilt tilbake til byrjinga av 1900-talet. Behovet for karbid og cyanamid meldte seg allereie før 1900-talet. Karbid er eit råstoff som blir til ved ei elektrisk samansmelting av kalk og koks. Om karbid blir blanda med vatn dannar det seg acetylgass som vil gje eit sterkt kvitt lys, noko som gjorde at dette produktet blei brukt som lyskjelde, samt til sveising og skjering. I dag blir karbid brukt til mellom anna framstilling av PVC (NVIM). Cyanamid blir til dømes brukt i gjødsel og kjemisk industri (Bjørsvik, 2009). Etter år 1900 auka etterspurnaden markant etter desse produkta. Odda låg perfekt til for ein slik produksjon då det var isfrie hamner som var ideelt for frakting av råstoff og eksportering av ferdige produkt, i tillegg var det tilgang på vasskraft som kunne bli nytta industrielt. Mange kjente ingeniørnamn og grupper var involverte i byrjinga av denne historia, mellom anna Sam Eyde og Albert Pettersen. Når ein skulle bygga ein slik fabrikk hadde ein også behov for kraft i form av elektrisitet, dette førte til bygginga av Tyssedal Kraftstasjon og etableringa av Tyssefaldene (Angell, 2006).

I dette kapitlet vil eg gje ei historisk gjennomgang av Odda Smelteverk si historie fram til konkursen i 2003. Den historiske gjennomgangen vil gi ei forståing av betydninga av industrien i Odda og kvifor denne har vort så viktig for samfunnet. Vidare vil eg gje ein kort introduksjon til kommunen og ein kort gjennomgang av dei politiske partia i Odda og kva meining dei har i Unescosaka.

## **2.2 Bygginga av Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk**

I 1906 blei Tyssefaldene skipa, dette var eit av dei første verka som produserte elektrisk kraft for den elektrokjemiske industrien. Dei blei skipa etter å ha fått konsesjon som det første selskapet etter "panikklova" for utbygging av Tyssovassdraget. "Panikklova" var ein mellombels konsesjonslov som vart vedteken for å hindra at utlendingar kjøpte opp norske naturressursar. Eit av vilkåra for konsesjonen var at det bare skulle vera norske styremedlemmer i selskapet. Dette lovverket blei vidare bygd ut, og blei permanent frå 1909 (Angell, 2006: 180). Samstundes jobba det britiske selskapet The Sun Gas Co for å få konsesjon for å leiga kraft og grunn frå Tyssefaldene, i 1908 fekk dei konsesjon for å driva ein fabrikk for karbid og cyanamid i 30 år. Britane hadde ikkje karbid og cyanamidfabrikkar sjølve, difor var den britiske interessa stor for karbid- og cyanamidproduksjon i Odda. Bygginga av Tyssedal kraftstasjon og fabrikk Alby United Carbide Factories var ferdig og klar til produksjon i 1908 (Angell, 2006: 180, 183, Bjørsvik, 2009).

Behovet for kraft blei større etter kvart som industrien utvikla seg, difor blei kraftstasjonen i Tyssedal bygd ut mellom 1910 og 1912. Men det stoppa ikkje her og kraftstasjonen blei ytterlegare bygd ut i 1914 og 1915 (Angell, 2006: 200). Noko av grunnen til denne utbygginga må bli sett i samband med den første verdskrigen då både karbid og cyanamid viste seg å vera nyttig i krigsindustrien, karbid blei brukt til lykter i skyttargravene, medan cyanamid blei brukt i utviklinga av gass og kjemiske stoffer (Angell, 2006: 204, 208).

Etter første verdskrig kom det ei økonomisk krise. Denne krise ramma Noreg i 1920 og dette påverka også Tyssefaldene og karbid- og cyanamidfabrikken. I første rekkje var det ikkje Tyssefaldene som fekk problem, det var industrien som kjøpte krafta frå Tyssefaldene. Etterspurnaden etter varene deira stagnerte, smelteverket gjekk konkurs i 1921, dette førte til krise og rekonstruksjon av Tyssefaldene (Angell, 2006: 204 - 211).

### **2.2.1 Nedgang og oppgang**

I 1921 gjekk altså fabrikk i Odda konkurs, dette var på grunn av laber interesse frå internasjonale selskap som kjøpte karbid og cyanamid. Men fabrikk skulle ikkje ligga

brakk lenge, i 1924 blei Odda Smelteverk A/S skipa og fabrikkene blei ein del av Hafslund-Meraker-Odda-gruppa, Odda blei igjen ein viktig aktør på verdsmarknaden (Bjørsvik, 2009: 6).

Etter at Odda Smelteverk A/S blei skipa steig produksjonen raskt igjen fram til etterdønningane frå krakket på børsen i Wall Street i New York i 1929. Dette gjorde seg utslag i produksjonen, den stoppa til og med eit halvt år frå 1931 til 1932 (Bjørsvik, 2009: 6). Etter den store depresjonen fekk fabrikkene igjen ein oppgang, og på 1930-talet blei fabrikkene modernisert, den fekk mellom anna 324 nye cyanamidomnar med langt større kapasitet enn dei tidlegare 604 omnane som var der frå før. I 1937 fekk dei ein ny smelteomn etter å ha inngått avtale med Det Norske Aktieselskap for Elektrokemisk Industri (Elkem) (Bjørsvik, 2009: 8).

1951 var nok eit merkeår for Odda Smelteverk A/S, dei byrja då å produsera dicyandiamid som blei brukt til plastråstoffet melamin. I tillegg til dette blei smelteverket nok ein gong modernisert, med mellom anna nye siloar, lossekraner, taubanar, to nye kalkomnar og nytt skalltak. Ein ny karbidomn var også klar i 1956 (Bjørsvik, 2009: 9).

I 1967 var Tysso 2 klar, Tysso 2 var ei utbygging av kraftstasjonen i Tyssedal, noko som gjorde at karbidproduksjonen kunne nå nye høgdar. Odda Smelteverk var den fremste eksportøren av karbid på 1970-talet. Finansieringa av den mye omtalte omn 3 var og i gang på dette tidspunktet og i 1982 byrja den å produsera karbid, dette var truleg verdas største karbidomn. Frå 1970-talet til 2002 var Odda Smelteverk den einaste norske fabrikkene som produserte karbid (Bjørsvik, 2009: 10 - 11).

### **2.2.2 Skiftande eigarar**

Odda Smelteverk A/S har hatt mange eigarar gjennom sine år på marknaden. Dei starta i 1908 under eigarskap av britiske The Sun Gas Co. (Angell, 2006). I 1913 tok selskapet Nitrogen Products & Carbide Company over aksjane til smelteverket. I 1924 blei smelteverket som sagt ein del av Hafslund-Meraker-Odda-gruppa og blei i så måte ein del av Hafslund-gruppa. I 1937 var det igjen duka for nye aksjeeigarar, alle aksjane til

Odda Smelteverk A/S blei seld til British Oxygen Company. Etter å ha vert eigd av British Oxygen Company i 61 år kjem vi til det som på mange måtar har blitt den endelege skjebnen til Odda Smelteverk A/S. I 1998 blei Odda Smelteverk A/S sine aksjar kjøpt opp av eit amerikansk selskap som kallar seg Philip Brothers. Bare fem år etter oppkjøpet gikk Odda Smelteverk A/S konkurs (Bjørsvik, 2009). Det finns dei som meiner at Philip Brothers ikkje gjorde nok for Odda Smelteverk og let verket gå konkurs med vilje<sup>2</sup>.

Heilt sidan aksjane til Odda Smelteverk blei seld til Philip Brothers i 1998 herska det stor usikkerheit kring drifta til Odda Smelteverk og heilt fram til konkursen i 2003 var det usikre tilhøve for arbeidarane på fabrikk. Ein del av anlegget blei nedlagt i 2002, i 2003 blei fabrikk slått konkurs og all drift stansa.

Odda Smelteverk var den første store fabrikk som blei danna i Odda og med det grunnlaget for den industriutviklinga som har funne stad i kommunen. Det var industrien som gjorde at folk busette seg i Odda, og det er industrien som er grunnlaget for at Odda er eigen kommune. Både vasskraft, men og anna industri som sink og jarnproduksjon er den viktigaste næringa til kommunen. I 1924 blei Norzink etablert (Boliden), denne fabrikk produserer sink og aluminiumflorid og er kjent for den høge kvaliteten på desse produkta. Eramet Titanium & Iron AS (tidlegare TTI) som produserer titanrikt slagge og jern (frå 1988) blei etablert allereie under det Norske Nitridaktieselskap i 1916 der dei produserte aluminium. TTI blei danna etter at Tyssefaldene sat med kraftoverskot (Norsk Teknisk Museum). Begge desse bedriftene er viktige hjørnesteinsbedrifter for Oddasamfunnet (Odda kommune, 2012). Odda har og føler ein sterk identitet til industrien og industrinæringa. På mange måtar er industrien fortsatt grunnen til at folk bur i kommunen.

### **2.3 Odda kommune**

Odda blei eigen kommune i 1913 etter å ha blitt skilt ut av Ullensvang Herad. Odda sentrum er kommunesentrum, med bygdene Tyssedal litt nordaust for Odda, og Skare og Røldal sør i kommunen. Røldal vart først ein del av Odda kommune i 1964, før dette

---

<sup>2</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Raudt.

hadde Røldal vert ein eigen kommune (Hardanger Folkeblad, 2007). I areal er Odda kommune ein stor kommune og strekk seg langt opp på Hardangervidda i aust og Folgefonna i vest (Odda kommune, 2012), med sine 1627,9 km<sup>2</sup> er Odda den nest største kommunen i Hordaland rett etter Voss som har eit areal på 1808,54 km<sup>2</sup> (Kartverket, 2013). Sjølv om Odda kommune er ein av dei største kommunane når ein ser på areal, er det ein relativt liten kommune når ein ser på innbyggjartal. I andre kvartal i 2013 var det registrert 6995 innbyggjarar i kommunen (SSB, 2013). Odda sentrum er i tillegg til å vera sentrum for kommunen, servicesentrum for heile Indre Hardanger, vi finn både sjukehus og vidaregåande skule i kommunen. Industrien er som vi har sett den viktigaste næringa til kommunen (Odda kommune, 2012).

### **2.3.1 Lokale parti i Odda**

Sidan avhandlinga mi går over fleire valperiodar har det vert fleire forskjellige parti involvert i lokalpolitikken. Eg vil her gå gjennom dei partia som på eit eller anna tidspunkt har vert innom kommunestyret i løpet av perioden 2006-2012.

I 2007 stilte Raud Valallianse, Sosialistisk Venstreparti, Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Venstre, Høgre, Framstegspartiet og Demokratane i Noreg lista til kommunevalet. I tillegg blei det for første gong på om lag 40 år danna ei bygdelista som også stilte til val. Denne lista kalla seg for Nye Odda. Her stilte nokre utbrytarar frå andre parti, men også personar som tidlegare ikkje hadde vert i politikken. Det var lenge usikkert om Sosialistisk Venstreparti kom til å stilla lista, men det gjorde dei rett før fristen gjekk ut (Torheim, 2007).

Sidan det blei halden ei folkerøysting saman med kommunevalet var dette eit spesielt spanande val. Det var ingen som hadde klart for seg korleis kommunestyret kom til å sjå ut etter at valresultatet var klart. Mykje av dette kom av Unescosaka, ei sak som vi skal sjå har skapa splid mellom dei ulike partia, og då særleg kven det er som kjem til å samarbeida med kven. Det var også retta stor spenning kring kven som kom til å bli ordførar. Før valet i 2007 hadde Arbeiderpartiet hatt ordføraren i 56 år (Torheim, 2007). Raud Valallianse, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Venstre, Nye Odda og Høgre hadde gjort det klart før valet at dei var for ein Unescosøknad for Odda. Med det

meiner eg at dei fleste i partiet var for ein slik status, og det var slik partiet blei oppfatta utanfrå. Arbeiderpartiet, Framstegspartiet og Demokratane var mot ein Unescosøknad for kommunen. Det var kontroversar rundt Arbeiderpartiet før valet, dei hadde tidlegare uttala at dei var for ein Unescosøknad, men store delar av partiet skifta standpunkt etter kvart og partiet blei til slutt oppfatta som eit nei-parti. Dette var noko dei måtte forsvara ovanfor opposisjonen, det var også stor usemje mellom LO lokalt, som utviste press og motstand mot ein Unescosøknad og eit for stort fredingsomfang, og dei delane av partiet som fortsatt ynskja ein Unescosøknad for Odda (Torheim, 2007).

Då valresultatet var klart viste det seg at sjølv om Unescosaka hadde hatt stor merksemd før valet hadde ikkje dette hatt dei største utslaga for kor mange mandat dei ulike partia fekk. Arbeiderpartiet gjekk frå 9 til 10 mandat i kommunestyret, Sosialistisk Venstreparti mista tre mandat og med det ein plass i kommunestyret, Nye Odda som stilte lista for første gong fekk tre mandat inn i kommunestyret og Demokratane mista eit mandat og var også ute av kommunestyret. Dei resterande partia fekk like mange mandat som dei hadde hatt den førre perioden, sjølv valdeltakinga på kommunevalet var på 69,3% (Kommunal- og Regionaldepartementet, 2007). Dette vil då seia at av dei partia som hadde fått plass i kommunestyret var fleirtalet av representantane for ein Unescosøknad.

Ved valet i 2011 var det retta stor interesse mot valet nok ein gong. Dette fordi det i den føregåande perioden hadde vert stor uro i politikken og då særleg kring Unescosaka og fredinga kring smelteverkstomta. Kommunestyret valde å gå inn for ein Unescosøknad, stikk i strid med resultatet av folkerøystinga. Riksantikvaren hadde tatt Odda inn og ut av den tentative lista, då kommunestyret hadde vert usamd i kva som skulle fredast og ikkje. Mange såg difor på kommunevalet i 2011 som nok ei folkerøysting om Unesco. Men som vi skal sjå var det heller ikkje her store endringa sidan førre val. Det som er verdt å merka seg er at verken Sosialistisk Venstreparti eller Framstegspartiet stilte lista til denne perioden. Raudt og Arbeiderpartiet mista kvart sitt mandat i kommunestyret medan Nye Odda og Høgre fekk eit ekstra frå førre val. Demokratane kom inn igjen i kommunestyret og fekk to mandat. Valdeltakinga var på 67,8%, det vil seia ei lita endring i negativ retning sidan førre val (Kommunal- og Regionaldepartementet, 2011). Ingen av partia hadde i denne perioden endra meining om Unescospørsmålet. Det som

er interessant etter valet i 2011 er konstellasjonen av det nye kommunestyret som eg skal komma nærare innpå seinare. Her vel nemleg Raudt å gå inn i eit valteknisk samarbeid med Høgre, og Høgre vel å danna ein koalisjon med Venstre, Senterpartiet og Nye Odda. Ja til Unescopartia sit då med både fleirtalet og makta i kommunestyret. Det er altså også i denne perioden fleirtal for ein Unescosøknad i kommunestyret, noko som skulle tilsei at det no var duka for at ein kan få ei endeleg avklaring på denne saka.

*Tabell 2.1*

*Oversikt over lokale parti ved vala i 2007 og 2011 og deira standpunkt i Unescosaka.*

<b>Parti</b>	<b>I kommunestyret</b>	<b>Unescostatus</b>
Raudt	Ja	Ja
Sosialistisk Venstreparti	Nei, stilte lista i 2007	Ja
Arbeiderpartiet	Ja	Nei
Senterpartiet	Ja	Ja
Venstre	Ja	Ja
Nye Odda	Ja	Ja
Høgre	Ja	Ja
Framstegspartiet	Ja, frå 2007-2011	Nei
Demokratane	Ja, frå 2011	Nei

## **2.4 Oppsummering**

Som vi har sett har industrien spelt ei stor rolle for utviklinga av Odda som eigen kommune og som industristad. Eg har gitt ein kort gjennomgang av historia til Odda Smelteverk A/S og etableringa og bygginga av Tyssefaldene. Deretter har eg gått gjennom kva for parti som har stilt til val i perioden 2007-2011 og 2011-2015. Vi har sett at i begge periodane er det ja til Unescopartia som har hatt fleirtalet av representantar i kommunestyret. Men som vi skal sjå seinare er det først i perioden 2011-2015 at desse partia har gått saman for å danna ein koalisjon.

Vi har sett at sjølve mandata til partia ikkje har endra seg særleg mykje i løpet av desse to valperiodane, men kva for parti som har stilt til val, og kva for parti som har fått representantar inn i kommunestyret har endra seg litt, sjølv om dei største partia har

hatt ei minimal endring i desse periodane. Det eg skal sjå nærare på seinare er at det etter valet i 2011 blei ei endring i maktposisjonane. Det er mange som vil hevda at denne endringa er eit resultat av folkeviljen og at folket har endra meining i Unescospørsmålet, dei meiner dette då er årsaka til at maktposisjonane har skifta.



## 3 Teori

### 3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil det teoretiske grunnlaget for oppgåva bli lagt. For å forklara i kva grad avgjerder i lokalpolitikken i Odda har blitt påverka av Unescospørsmålet, for å finna ut kvifor ting har føregått på den måten som det har og kva som kan forklara desse hendingane og avgjerdene vil eg formulera tre ulike modellar for avgjerder. Ei avgjerd vil seia at ein tar val ut i frå forskjellige alternativ. Korleis ein skal ta eit val avhenger av ei lang rekke faktorar. Ein tar val ut i frå ei vurdering av dei ulike alternativa ein har fått framlagt, kva problemet og situasjonen er, korleis omgivnadane er, kven som skal ta avgjerda og kva aktørar som er på arenaen (Jacobsen og Thorsvik, 2007: 279 - 280, Østerud m.fl., 1997: 25 - 26). Avgjerder blir tatt på alle plan i politikken, det kan omhandla alt frå lover og lovnader om pengestønader til kriser både av nasjonalt og internasjonalt omfang. Vi kan då seia at ei avgjerd er avslutninga og resultatet av ein prosess, ei handling frå start til slutt (Jacobsen og Thorsvik, 2007: 279, Østerud, 2007: 38 - 39). Eg vil i denne oppgåva ta i bruk modellar for avgjerder for å prøva å visa at avgjerder som blir tatt i lokalpolitikken er forma av lokale utfordringar og lokale alternativ i staden for nasjonale spørsmål. Her er det dei lokale representantane og dei lokale partia som står i fokus og det er avgjerdene dei tar som er viktige.

Når eg nyttar meg av desse modellane vil eg ta utgangspunkt i Graham T. Allison sin studie av Cubakrisa. I denne studien skisserar han opp tre modellar for å analysera avgjerdene til USA i konflikten med Sovjetunionen (Allison og Zelikow, 1999). Eg vil formulera to rasjonelle modellar med utgangspunkt i trekk frå Allison sine tre modellar. Dei to modellane skal forsøka å forklara korleis trekk ved dei ulike prosessane som finn stad har påverka avgjerdene som har blitt tatt. Eg vil sjå på korleis rasjonalitet og den rasjonelle aktøren med sine reglar og prosedyrar har påverka på den eine sida, og korleis forhandlingar, spel og makt har påverka på den andre sida. Til slutt vil eg nytta meg av garbage can-modellen. Denne blir brukt for å visa at avgjerder ikkje alltid blir tatt etter eit spesielt, fastsett mønster. Med desse modellane vil eg også prøva å visa at ein modell ikkje kan forklara alle aspekta med ei avgjerd og at ulike fokus kan gi ulike svar.

## **3.2 Den rasjonelle modellen**

### **3.2.1 Den rasjonelle aktøren**

Vi kan anta at alle menneske handlar rasjonelt for det meste av tida (Hovi og Rasch, 1993: 26). Ei rasjonell handling vil seia at ein tar avgjerder ut i frå kva ein meiner er den beste løysinga for ein gitt situasjon, ei hending eller eit strategisk problem. Denne avgjerda tar ein ut i frå sine mål og sine målsettingar (Allison og Zelikow, 1999: 13). I politikken vil ein finna mange rasjonelle aktørar. Dei politiske partia er ein rasjonell aktør som fører ein bestemt politikk ut frå sitt partiprogram, her jobbar dei ut frå sine mål og målsettingar som er fastsett i programmet. Inne i partia finn vi den einskilde politikaren, denne politikaren er også ein rasjonell aktør som søker å oppnå sine mål og målsettingar, desse måla og målsettingane treng ikkje nødvendigvis å vera dei same som det partiet han er medlem av har.

Når politikaren eller partiet står ovanfor eit val er dette som regel eit val mellom fleire alternativ. Politikaren eller partiet vel då det alternativet som får den beste konsekvensen ut frå dei måla eller målsettingane dei har. Når ein tar eit val, anten som enkeltpolitikar eller som parti, vil ikkje dette valet bare vera aktuelt for det aktuelle tidspunktet, men dette er også ei avgjerd som vil ha konsekvensar for seinare hendingar eller avgjerder (Allison og Zelikow, 1999: 16 - 18). Dei handlingane og den rasjonelle tenkinga politikaren eller partia gjer vil då føra til at avgjerder blir tatt. Desse avgjerdene kan spela inn på korleis dei vil føra valkampen, korleis resultatet av valet blir og kven dei vel å samarbeida med når valkampen er ferdig og røystene talt opp. Om vi ser dette i samband med Unescosaka i Odda vil vi sjå at partiet Raudt gjekk med på å samarbeida med Høgre i eit valteknisk samarbeid etter valet i 2011 fordi dei var eins i Unescosaka. For enkeltpolitikaren kan det ha vert andre prioriteringar som også var viktige, samarbeidet mellom Høgre og Raudt førte til at Raudt fekk ein del verv i ulike utval. Noko som gjorde at enkelte politikarar fekk ein større maktposisjon.

### **3.2.2 Representanten og partia si rolle i lokalpolitikken**

Ved kommuneval legg dei fleste veljarane tillit til kandidatane til grunn når dei skal røysta. Særleg i kommunar av liten størrelse er dette viktig. I mindre kommunar er også person viktigare enn sak og parti (Rommetvedt, 2000: 75 - 76). Ei av utfordringane til

lokalpolitikarane og partia er å få folk til å røysta på dei. Det vil seia at dei må tilby det folk ynskjer. Ei av oppgåvene til det offentlege er å sørja for innbyggjarane si velferd. Når dei utformar politikken sin er det veljarane si velferd dei skal tenkja på. For å kunna syta for innbyggjarane si velferd må dei også vita kva innbyggjarane ynskjer, altså kva preferansar dei har (Oates, 1972 i Hagen og Sørensen, 2006: 17). I tillegg er det viktig at partia har personar som er populære og godt likt då eit kommuneval på mange måtar er eit personval så vel som eit partival (Ringkjøb, 2000: 111).

Ved eit lokalval er det to element som er viktig, for det første er det eit partival, veljaren vel det partiet med den politikken, dei måla og målsettingane som dei støttar ved å gi dei si røyst. Dernest er det som sagt eit personval. Til kommuneval stiller dei ulike representantane på lister til dei ulike partia. Det vil seia at dei er rangert i ei rekkjefølgje som seier noko om kor sannsynleg det er at dei blir valt inn i kommunestyret. Jo lenger opp du er på lista jo større er sjansen for at ein kjem inn i kommunestyret. Men veljarane er ikkje utan makt her. Ein kan nemleg gi "ekstra" røyster ved valet då veljaren kan endra på partilistene ved å gi kandidatar han eller ho likar ekstra røyster ved å kumulera dei, i tillegg kan veljaren velja å gi røyster til representantar frå andre parti. Når ein vel å gi representantar ekstra røyster ved å kumulera dei, er ein også med på å gi dei ekstra makt. Å bli valt inn i kommunestyret er det viktigaste for ein lokalpolitikar, for utan ein posisjon i kommunestyret vil ikkje lokalpolitikaren ha makt til å vera med på å ta avgjerder (Ringkjøb, 2000: 111, Valgloven, 2013). Her har listekandidatane ein gylden moglegheit til å påverka veljaren til å røysta på dei ved valet sjølv om dei veit at veljaren ikkje røyster på det partiet dei representerer. På denne måten kan dei påverka veljarane for at dei skal både bli valt inn og få makt i kommunestyret.

Ut i frå dette ser vi at for det første er det viktigaste for den einskilde representanten å få makt, det er viktig å bli vald slik at han kan føra politikken sin for å oppnå dei måla eller målsettingane han har, i tillegg til å få innflytelse i politikken, dette for at dei skal ta dei best moglege avgjerdene slik dei ser det. For det andre er det viktig for partia å komma i ein posisjon som gjer at dei kan ta avgjerder, det er viktig for partia å stå i ein posisjon som gjer at dei kan få sine synspunkt gjennom i politikken. På den måten er det lettare for dei å oppnå sine målsettingar. Eit tredje moment er at ein snakkar mykje om kva mål og avgjerder ein vil skal føra fram, både for den einskilde politikaren, men og for partia,

men det er svært sjeldan dei viser til korleis dei skal føra politikken for å nå fram til sine mål.

Dei politiske representantane har ofte bunde mandat, dette vil seia at dei har faste rammer dei må holda seg innanfor. Desse rammene er den politikken dei har lagt til grunn og arbeider ut i frå, og det er denne politikken veljarane røyster på. Dømer på slike rammer kan vera ja eller nei til Unesco eller for eller mot riving av smelteverkstomta. Innanfor desse rammene har dei litt større spelrom (Ringkjøb, 2000). Gangen i politikken, altså korleis dei skal oppnå målet, er ikkje heilt fastlagt. Dei har difor rom for å ta avgjerder som passar ut i frå dei måla dei vil nå. Av og til oppstår det situasjonar der partiet ikkje har ein spesiell strategi eller ein spesiell politikk. Dette kan vera fordi det oppstår ei ny sak, eller at ei allereie kjent sak endrar kurs, det kjem ny informasjon som vil ha avgjerande betydning for kva utfall saka kan få. Når det dukkar opp ei slik sak har representantane eit mykje friare rom til å handla slik dei vil. Dette vil igjen seia at dei ikkje alltid vil handla slik veljarane har sett for seg då veljarane kan vera utvitande om denne informasjonen som har dukka opp hjå representantane (Ringkjøb, 2000: 112 - 115). Til dømes er ny informasjon noko av grunnen til at nokre av partia og representantane i kommunestyret valde å gå mot folkerøystinga frå 2007. Dette viser at sjølv om representantane har visse rammer dei må følgja så kan dei handla rasjonelt innanfor desse rammene. Oppstår det nye situasjonar som ikkje er dekt av politikken deira frå før kan dei ta rasjonelle avgjerder utan å ha nokre rammer å forholde seg til.

### **3.2.3 Politisk struktur**

Når ein skal sjå på dei handlingane og avgjerdene den einskilde politikaren eller dei politiske partia tar er det relevant å sjå på korleis den politiske strukturen ser ut. Dei politiske partia er på mange måtar bygd opp på same måte som offentlege og private organisasjonar der ein har ein hierarkisk struktur. Det vil seia at det sit ein leiar på topp som har ei styringsgruppe under seg, som igjen styrer over og delegerer oppgåver til dei tilsette i organisasjonen (Jacobsen og Thorsvik, 2007: 74, Weber, 1990: 108). På det nasjonale planet er denne leiaren gjerne ein leiar med erfaring og kunnskap som er godt egna til å ta rasjonelle val og avgjerder, saman med ei styringsgruppe. Denne politikken vil då bli ført vidare til, og utført av dei tilsette i partiet eller på stortinget. Her kan også

politikken bli ført vidare til dei lokale partia for at dei skal føra denne ut i livet. På det lokale plan vil ein også finna ein partistruktur der partia har ein leiar og ei styringsgruppe, i tillegg til medlemmer av partiet. Politikarane her er derimot ikkje tilsett på heiltid (Østerud, 2007). Den hierarkiske strukturen treng heller ikkje vera så streng som på det nasjonale planet då styringsgruppa er mindre og samarbeidet mellom dei ulike nivåa er tettare. Sjølv om dei har føringar frå nasjonalt plan på korleis dei skal føra politikken sin, vil ein også finna moglegheiter til å handla rasjonelt ut over desse føringane då lokale saker som ikkje har noko nasjonalt preg også vil prega politikken. Dei lokale partia er til stades for å kunna skapa variasjon og lokale tilpassingar til den politikken dei får frå det nasjonale planet og vil i så måte kunna tilpassa politikken sin det lokale miljøet (Østerud, 2007: 105 - 106). Vi finn også hierarki i statsforvaltninga. Her finn vi forvaltningsorgan som styrer eller legg føringar på organ lenger ned i hierarkiet som til dømes kommunestyret. Her kan vi sjå på vedtak som blir gjort i eit departement eller hjå andre statlege organ som Riksantikvaren eller Fylkesmannen, der vedtaket blir ført vidare ned i hierarkiet og må bli utført av fylket eller kommunen (Østerud m.fl., 1997: 84). Unescosaka er ei lokal sak som har fått svært få føringar frå dei nasjonale partia. Nokre av partia i Odda har fått støtte for sitt syn i Unescospørsmålet, medan andre parti står fritt til å gjera akkurat som dei vil i saka. I tillegg er det ei bygdeliste som ikkje har noko nasjonalt parti å forholde seg til. Vi vil også sjå at Riksantikvaren som handlar på vegne av Miljøverndepartementet er sterkt inne i fredingsprosessen og legg føringar på kommunen på kva som skal fredast og ikkje, og på kva som skal skje med smelteverkstomta.

#### **3.2.4 Forventning til funn**

Den rasjonelle aktøren tar altså avgjerder som han eller ho meiner får den beste konsekvensen ut frå dei måla og målsettingane som er satt. For det første forventar eg at politikarane tar avgjerder på bakgrunn av det dei meiner er det beste for kommunen når det kjem til om ein skal søka om Unescostatus eller ikkje, då sjølve Unescosaka er det overordna målet politikarane jobbar med, både om dei er for eller mot Unesco. Det er difor også rimeleg å anta at vi vil sjå at politikarane har handla rasjonelt ut frå kva dei ynskjer for seg sjølve, men også for partiet si oppslutning og for valkampen, altså kva saker dei prioriterer og korleis dei profilerer seg. Etter valet kan vi også anta at dei vil

handla rasjonelt i høve til kven dei vil samarbeida med for å få gjennomslag for sine mål når det kjem til Unescosaka. Vi kan forventa at politikarane jobbar opp mot dei måla dei har satt, men korleis prosessen her føregår, korleis representanten jobbar mot målet, er det ikkje lagt klare prosedyrar på. For det andre kan vi forventa at sidan saka her dreier seg om ja eller nei til ein Unescostatus har ikkje partia fått særleg tydelege føringar frå sine nasjonale partilag. Sjølv om moderpartiet på mange måtar er overordna det lokale partiet og det lokale partiet må vera med å føra den politikken moderpartiet står for, vil det her vera litt fleksibilitet der dei lokale partia fører ein politikk som dei antar at moderpartiet står for, då dette er ei lokalsak der dei lokale partia må tilpassa seg dei lokale forholda. På den andre sida er det rimeleg å anta at vi vil sjå ei innblanding frå andre forvaltningsnivå, då aktørar som Riksantikvaren er tungt inne i denne prosessen og legg føringar på kva som skal skje med tomta. Riksantikvaren har også ein høgare status i det statlege hierarkiet enn kommunestyret. Sidan det overordna målet er ja eller nei til Unesco avhengig av kva standpunkt politikaren eller partia har kan vi forventa at ein ynskjer å oppnå støtte frå veljarane sine, få makt og posisjon slik at dei kan vera med på å finna ei løysing på Unescosaka.

### **3.3 Forhandlingsmodellen**

Ein stor del av politikken består av forhandlingar mellom partane som er delaktige i prosessen. Den rasjonelle aktøren jobbar, som vi har sett ovanfor, mot eit mål eller ei målsetting der han tar avgjerder som får dei beste konsekvensane ut frå det han ynskjer. Men ein er ikkje aleine i politikken, vi finn mange andre aktørar som har sine mål og sine målsettingar i dei same sakene. Dette vil seia at det er minst to partar som er med på å påverka resultatet av prosessen som fører fram til ei avgjerd. Dette gjer at ein må ta omsyn til fleire enn sine eigne interesser i saka (Hovi og Rasch, 1993: 15).

Som sagt er ein viktig del av partia og politikaren si rolle å fremja og føra politikken sin. For å gjera dette er ein ofte avhengig av andre si støtte. For å få til dette vil ein då forhandla med dei andre partane som tar del i den aktuelle saka. Denne forhandlinga er det partileiinga som fører. Når ein fører forhandlingar er det ikkje alltid ein får ting akkurat som ein hadde bestemt seg for i partiet. Ofte må ein inngå kompromiss og avtalar om ein skal få gjennom dei sakene ein ynskjer då dei ulike aktørane som regel

har forskjellige preferansar. Dei andre partane i forhandlinga vil nemleg også søka å få det beste resultatet, dette resultatet må passa best mogleg i alle si interesse. Men av og til hender det at ein kan tvinga saker av spesiell interesse gjennom om det er heilt særlege omsyn ein må ta (Allison og Zelikow, 1999: 255 - 257).

### **3.3.1 Strategi og spel**

Når ein fører ei forhandling vil ein også føra "eit spel" ovanfor dei andre aktørane. Partane fører altså ein bestemt strategi for å oppnå det dei meiner er det beste resultatet, dette kan vera ein strategi som passar for dei sjølve eller for partiet slik som eg var inne på i den førre modellen (Hovi og Rasch, 1993). Spel er noko vi finn i dei aller fleste sosiale samanhengar. Ein av måtane å føra eit spel på er å føra ein form for press ovanfor dei andre aktørane slik at dei føler at dei må følgja dei krava motparten kjem med. Her kan ein også velja å stilla motstandardane opp mot kvarandre og bruka argumenteringsteknikkar og makt for å vinna fram i saka, desse situasjonane vil bli opplevd som veldig spente (Hovi, 2008: 12 - 14). Ein ser trekk av dette under handlinga av Unescosaka i eit ekstraordinært kommunestyremøte i oktober 2008, der fleire av politikarane kom med sterke argument både for og mot kvifor ein skulle følgja folkerøystinga frå 2007. Det er også blitt påstått at det har blitt utøvd press for at enkelte politikarar skulle følgja resten av partiet si meining i denne saka.

Kvar aktør har eit bestemt utgangspunkt før dei går i forhandling, dei har ein strategi for korleis dei skal oppnå sine ynskjer (Hovi og Rasch, 1993: 37 - 38). Kva utfallet av ei forhandling blir er det vanskeleg å seia noko om før den er ferdig. Når ein forhandlar tar ein "trekk" ut frå den informasjonen ein har, det vil seia at ein kjem med forslag til korleis ein kan løysa ei sak eller komma til ei avgjerd ut i frå kva den andre parten har vist at den vil gjera for å komma til ei løysing på saka (Hovi og Rasch, 1993: 40). Kva informasjon ein har spelar altså inn på korleis ein kan ta trekka sine. Om ein har fullstendig informasjon veit ein kva preferansar og strategiar motparten har, dette gjer at ein kan planlegga trekka sine og strategien sin ut i frå dette. Om ein ikkje har fullstendig informasjon har ein heller ikkje fullstendig oversikt over den eller dei andre aktørane sine preferansar og strategiar (Hovi og Rasch, 1993). I Unescosaka vil ein finna dømer på at ein ikkje alltid hadde fullstendig informasjon om dei trekka dei andre

aktørane tok. I 2008 når kommunestyret behandla folkerøystinga kom det trekk frå dei ulike politikarane på talarstolen som dei andre politikarane og dei politiske partia ikkje var heilt førebudde på og som dei ikkje hadde informasjon om på førehand. Standpunkta og preferansane dei hadde var dei, dei hadde vist tidlegare, men sjølve argumenta dei brukte for å fremja sine preferansar hadde ikkje dei andre aktørane kjennskap til før møtet fann stad.

Når ein fører forhandlingar er det vanleg å ty til ei eller anna form for makt. Føremålet her er å få motparten til å gå med på det ein ynskjer. Eit av dei mest klassiske omgrepa på makt er Robert A. Dahl sin definisjon: *"A har makt over B i den grad han kan få B til å gjøre noe han ellers ikke ville ha gjort"* (Østerud, 2007: 36).

Når ein går til forhandling er det som regel på bakgrunn i ei sak eller ei hending som ein vil ha ei avgjerd på. Før ein går til forhandling er det då naturleg at dei partane som skal vera med på forhandlinga samlast kvar for seg og einast om kva resultat dei ynskjer ut frå forhandlingane. Deretter samlar leiarane i partia seg rundt forhandlingsbordet. Her vil dei forhandla rundt sine ynskjer. Dei som har dei beste argumenta, spelar det beste spelet og visar seg overlegne dei andre vil komma best ut av denne forhandlinga. Dette fører til at nokre vil gå meir fornøgd ut av forhandlingane enn andre. Den eine parten har då fått dei andre partane til å gå med på noko dei i utgangspunktet ikkje ville. Ein kan også få eit utfall der alle tapar, ein kjem ikkje til noko løysing og saka går i stampe. Men det er heller ikkje usannsynleg at dei er komen fram til eit kompromiss då det er få aktørar som vil gje slepp på alt dei meiner og trur på når det skal bli tatt ei avgjerd, dette vil føra til at alle på sett og vis vinn (Allison og Zelikow, 1999, Hovi og Rasch, 1993).

Gjennom forhandlingar søker dei ulike aktørane, altså representant eller partiet, å få gjennomslag for sine mål, målsettingar eller ynskjer. Under ei forhandling er det viktigaste for aktøren å føra sine mål og ynskjer fram for dei andre og få gjennomslag for dette. Dette kan gjerast til dømes gjennom press, ved bruk av makt eller argumentasjonsteknikk. Korleis forhandlingane utartar seg kjem an på korleis førehaldet til dei andre aktørane er. Når ein fører forhandlingar kan ein ha fleire ulike utfall, ein kan enda opp med ein vinnar eller tapar, alle vinn eller alle tapar, eller at aktørane får delvis gjennomslag for sine ynskjer.



### **3.3.2 Forventa funn**

Når eg skal gå vidare i analysen av caset mitt vil eg bruka forhandlingsmodellen til å sjå på korleis dei ulike aktørane har forhandla seg fram til dei ulike avgjerdene som er tatt. Ut i frå det som er blitt sagt tidlegare i avsnittet er det rimeleg å forventa at prosessane fram mot avgjerder i Unescosaka er prega av at ein forhandlar seg fram til ei løysing. Ein kan også anta at bruk av tautrekking, altså måtar å forhandla og utøva press på har vert avgjerande for kva resultatet av forhandlingane har blitt. Eit anna moment vi kan forventa er å sjå utstrakt bruk av ulike former for makt der ein prøver å få ein aktør til å gå med på ting han i utgangspunktet ikkje ville. Vi kan også forventa at forhandlingane fører til at aktørane må tilpassa seg til at dei ikkje er den einaste aktøren som er del i prosessen, men at ein finn fleire aktørar med eit mål i same sak.

## **3.4 Garbage can-modellen**

Garbage can-modellen har eit noko anna utgangspunkt enn dei to andre modellane og kan difor setja lys på andre aspekt ved prosessforløpa enn dei modellane eg allereie har formulert. Garbage can-modellen blir ofte kalla organisert anarki, dette er fordi organisasjonen som blir analysert ikkje har ein stram struktur og heller ikkje eit fastsett system for korleis avgjerder blir tatt. Den har heller ikkje nokre klart formulerte mål og sjølve organisasjonen kan virka noko kaotisk og det er usikkert kva problemet eigentleg er (Cohen m.fl., 1972: 1 - 2).

### **3.4.1 Eigenskapar i garbage can-modellen**

I garbage can-modellen er det tre eigenskapar som skal prøva å forklara denne modellen. Den første eigenskapen er at det er problematiske preferansar. Med dette meiner ein at det er vanskeleg å ha ein standardpreferanse på korleis ein skal løysa eit problem. I garbage can-modellen blir desse preferansane til etter ei laus samling av idear, og gjennom handling finn ein dei preferansane som passar best i den gitte situasjonen (Cohen m.fl., 1972: 1, Olsen, 1972: 51). Den andre eigenskapen er det som blir kalla uklar teknologi, det vil seia verktøyet som må brukast for å løysa problemet og ta ei avgjerd. Her nyttar ein seg av prøv og feil metoden og ein lærer kva som fungerer

etter tidlegare erfaringar. Til dømes kan ein sjå på folkerøystinga som eit element her. Denne kunne kanskje komen litt seinare i prosessen då ein hadde meir informasjon om kva det inneberer å stå på Unescolista, og kva ein kan og ikkje kan gjera med tomta. Den siste eigenskapen er flytande deltaking. Deltakarane som er med og tar avgjerder kjem og går alt etter kva interesse dei har i den gitte situasjonen og tida dei vil bruka på denne. Dette gjer at organisasjonen er i konstant endring (Cohen m.fl., 1972: 1, Olsen, 1972: 51).

I garbage can-modellen snakkar ein om fira straumar som fører til avgjerder. Eigenskapane ved garbage can-modellen som er gjort greie for i avsnittet ovanfor ligg til grunn for dei fira straumane vi finn for å ta ei avgjerd. Avgjerda er nemleg eit utfall eller ei tolking av desse fira straumane. Den første straumen er ein straum av avgjerdsmoglegheiter. Det vil seia at ein har fleire forskjellige avgjerder ein kan velja mellom alt etter kva situasjonen er. Den andre straumen er ein straum av deltakarar. Deltakarane kjem og går alt etter kva sak som blir behandla eller kven som er tilgjengelige på dette tidspunktet. Difor er det også svært tilfeldig kven det er som tar avgjerder i garbage can-modellen (Cohen m.fl., 1972: 1, 3). Særleg i politikken er dette regelen snarare enn unntaket der ein har representantar som kjem og går. Ein har val der ein bytar ut representantar, kor mange som stiller frå dei ulike partia vil endra seg etter kva for eit parti som har fått mest røyster og kva parti som sit i posisjon og opposisjon. Å ta ei avgjerd kan også gå over fleire periodar, det vil seia at ein vil ha eit skifte av representantar og difor vil samansetjinga av aktørane som tar avgjerder ha endra seg. Vi har ein straum av problem, problem oppstår heile tida og det er ikkje slik at ein alltid har ei løysing på eit problem med ein gong det oppstår. Det kan også vera at ein ikkje veit kva problemet er før ein har sett løysinga. Til slutt har vi ein straum av løysingar, desse kjem etter kvart når ein ser kva problem ein har, kva avgjerdsmoglegheiter ein har og kven som er deltakar på det aktuelle tidspunktet. Sjølv om ein kan sjå på desse straumane saman så kan dei også bli sett kva for seg. Når det er sagt så flyt desse straumane gjerne saman (Cohen m.fl., 1972: 3). Ja eller nei til Unescosøknad er to forskjellige avgjerder, om utfallet blir ja eller nei til Unesco kjem an på kva partia og representantane som er til stades bestemmer seg for og kva dei meiner. Det kan dukka opp problem når ein ikkje er sikker på kva det inneberer å stå på Unescolista eller når representantane ikkje klarar å einast om Unescospørsmålet.

Løysinga er då å vedta anten ja eller nei til Unesco, kva som er den rette løysinga kjem an på kven deltakarane er og kva informasjon ein har tilgjengelig for å ta avgjerda.

### **3.4.2 Avgjerder i garbage can-modellen**

Det som kjenneteiknar garbage can-modellen er altså at ein har eit sett med problem, eit sett med løysingar og eit sett med deltakarar, men kva dette er avhenger både av tid, stad og kven det er som er tilgjengeleg. Desse blir då blanda i noko vi kan kalla ei søppelbøtte, når ein har blanda desse i søppelbøtta blir det eit sett av valmoglegheiter. Det kan også eksistera meir enn ei bøtte, dette gir fleire sett med valmoglegheiter. Dei ulike valmoglegheitene kan då bli blanda i ei ny bøtte og ut frå desse moglegheitene skal ein ta ei avgjerd (Cohen m.fl., 1972: 2). Her ser ein at avgjerder på mange måtar er tilfeldige alt etter kven som er til stades og kva løysingar ein finn på dei ulike problema. Dette viser at avgjerder på mange måtar ikkje følgjer noko spesiell form eller har ein spesiell gang, men at det er mange ulike faktorar som ikkje alltid er like lett å sjå for seg før ein startar. Det heile blir styrt av tilfeldigheter og vegen mot ei avgjerd kan verka kaotisk og uoversiktleg. Det er usikkert kven det er som har ansvaret for gangen i avgjerdprosessen og kven det er som har ansvaret for dei avgjerdene som blir tatt (Olsen, 1972: 53).

### **3.4.3 Forventa funn**

Som vist er garbage can-modellen prega av tilfeldigheter og den er uoversiktleg og kaotisk. På bakgrunn av dette er det rimeleg å anta at avgjerder blir til tilfeldig og avhenger av kven som er til stades, kva løysingar som er tilgjengelig og kva problemet er. Dette er også med på å påverka kva dei ulike valmoglegheitene til de som skal ta avgjerdene er. Sidan modellen er så open er det vanskeleg å få oversikt over kven det er som har ansvaret. Dette er med på å påverka at ein ikkje veit kva det er ein kan forventa. Ein må difor på mange måtar vera førebudd på at alt kan skje. Ein kan ikkje gå ut frå at det blir tatt ei bestemt avgjerd som verkar sannsynleg på førehand då alt er svært kaotisk og styrt av tilfeldigheter. Dette gjer at ein kan forventa alt eller ingenting når det kjem til avgjerder når politikarane skal ta eit standpunkt i Unescosaka. Kva dei bestemmer i kommunestyret er vanskeleg å ha eit bilete av på førehand då ein aldri veit heilt sikkert kven det er som møter opp i kommunestyret, då det kan vera sjukdom og

utskiftingar i dei ulike partia som gjer at ein vara dukkar opp. Sidan dette er ei sak som går over fleire valperiodar vil det og skje ei naturleg utskifting av representantar. Det er her rimeleg å forventa at dette skiftet i politikken vil føra til endringar, men kva endringar dette er kan vi ikkje vita.

### **3.5 *Kritikk retta mot bruk av avgjerdsmodellar***

Det er også viktig å vera merksam på nokre av svakheitene til slike modellar eg har skissert i dette kapitlet. Det er vanleg å plassera dei ulike problema inn i kategoriar som blir omdanna til ulike modellar. Ein vil då leita etter den modellen som passar best til det problemet ein vil analysera, men dette kan resultera i at ein del av analysen blir mangelfull fordi modellen ikkje fortel alt ein kunne ha analysert utan å vera avhengig av nokon modell (Hovi, 2008: 14). Når eg skal bruka desse modellane i analysen er det då viktig at eg er merksam på dette problemet og brukar alle tre modellane aktivt i analysearbeidet for å dekkja dei ulike elementa ved problemstillinga best mogleg.

### **3.6 *Oppsummering***

Eg har ovanfor gjort greie for tre ulike modellar som set lys på ulike ting ved ei avgjerd. Den rasjonelle modellen legg vekt på at aktørane handlar rasjonelt etter kva mål og målsettingar dei har, vurdert ut i frå kva konsekvensar det kan få. Den rasjonelle aktøren søker å ta dei avgjerdene som passar måla og målsettingane best, men dei vil også forsøka å ta avgjerder som tilfredsstillar veljarane sine ynskjer. Vi kan også sjå at aktørar frå høgare forvaltningsorgan i hierarkiet kan leggja føringar på, og prega prosessen. I forhandlingsmodellen blir det satt lys på korleis ein forhandlar seg fram til avgjerder og korleis ein kan gjera dette. Dette kan gjerast ved bruk av strategi, "spel" og makt, der målet er å forhandla seg fram til ei avgjerd. Felles for desse to modellane er at dei ulike aktørane har ulike preferansar for kva dei meiner er det viktigaste å prioritera. Dei vil då altså jobba ut i frå desse preferansane, noko som vil vera med på å påverka korleis dei jobbar mot å oppnå sine mål. Garbage can-modellen er mykje meir kaotisk og uforutsigbar enn dei to føregåande modellane. Her blir det satt fokus på at avgjerder blir tatt tilfeldig ut i frå kven som tar avgjerdene, kven som er der når avgjerdene blir tatt,

kva problemet er og kva dei alternative løysingane er og kva valmoglegheiter som eksisterer når avgjerdene blir tatt.

*Tabell 3.1 Oversikt over dei tre modellane*

	<b>Trekk frå teoriar</b>	<b>Forventning om partiet sitt mål</b>	<b>Forventning om prosess</b>	<b>Forventning om utfall</b>
<b>”Ein aktør”</b>	Rasjonelt perspektiv	Faste mål ut frå programmet til partiet Oppfylla veljarynskje ut frå måla	Reglar, prosedyrar og hierarki legg føringar på prosessen	Får eller får ikkje gjennomslag
<b>”Spel”</b>	Forhandlingsperspektiv	Mål må tilpassast andre aktørar sine mål og ressursar	Karakter av forhandling/tautrekking Bruk av makt	Får delvis gjennomslag
<b>”Anarki”</b>	Garbage can-perspektiv	Mål varierer i forhold til tid/situasjon/deltakarar /problem/løysing	Kaotisk Anarkisk Tilfeldig	Overraskande Uforutsigbart Tilfeldig utfall

Vidare vil eg bruka desse modellane for å analysa dei ulike hendingane i forhold til Unescostatusten og korleis denne har påverka den politiske dagsorden i Odde kommune.



## **4 Metodisk framgang**

### **4.1 Innleiing**

Når ein skal velja metode må ein ta omsyn til problemstillinga, det er denne som seier noko om kva det er ein ynskjer å få svar på og det er denne som er utgangspunktet for val av metode (Thagaard, 2003: 45). Ut i frå formuleringa på problemstillinga og kva det er eg ynskjer å finna ut vil det vera hensiktsmessig å velja ein kvalitativ metode. Eg vil her gå gjennom dei vala eg har tatt, kva utfordringar eg har møtt på vegen og kva etiske omsyn eg har tatt i denne prosessen.

### **4.2 Kvifor kvalitativ metode?**

Kvalitativ metode er ein metode som er godt eigna til case og problemstillingar som er lite forska på tidlegare fordi ein får ein nærare relasjon til det og dei ein forskar på (Thagaard, 2003: 12). Unescosaka i Odda er lite forska på når det kjem til politiske avgjerder. For å forstå saka si rolle i lokalpolitikken var det viktig for meg å få ei grundig forståing av korleis dei ulike politikarane og partia tenkte og tenkjer i denne prosessen. Kva omsyn dei har tatt i denne saka er også viktig då dette er med på å forklara kvifor dei har handla som dei har gjort. Valet falt difor på den kvalitative metoden som gir meg moglegheit til å gjennomføra intervju som går i djupna på det eg ynskjer å studera, samtidig som dei er forma som ein samtale i tillegg til at eg kan nytta meg av dokumentanalyse. Dei dokumenta eg har brukt er først og fremst avisartiklar frå lokalavisa Hardanger Folkeblad, men også pressemeldingar frå Riksantikvaren og Miljøverndepartementet. Eg har i tillegg til lokalavisa nytta meg av nokre få avisartiklar frå andre aviser, men i langt mindre grad enn lokalavisa.

### **4.3 Truverdigheit, bekreftbarheit og overføring**

Når ein gjennomfører ei kvalitativ forskning er det viktig at denne er truverdig ovanfor lesaren. For at forskinga skal bli oppfatta som truverdig er det viktig at forskaren gjer greie for dei data som er samla inn og skil klart mellom desse og dei tolkingane forskaren gjer sjølv. Eit anna viktig moment er at ein gjer greie for kva forhold ein har til informanten (Thagaard, 2003: 169 - 170). Her må eg reflektera over om eg under intervjuet leda informantane mine til å svara på ein bestemt måte. Dette vil vera med på å

vurdera om eg kan stola på mine data. I ein skilde tilfelle oppsto nok dette, men i den situasjonen dette oppsto og på grunn av saka si natur reknar eg ikkje dette for å vera noko problem. Eg følte at eg i stor grad fekk svar på det eg ynskja svar på, og at dette var noko informantane syntes var interessant og viktig å delta på.

Bekreftbarheit vil seia at dei tolkingane ein har gjort ut frå det datamaterialet ein har samla inn er relevant i forhold til det ein kjem fram til, her må forskaren vera kritisk til seg sjølv og korleis han tolkar den data som er komen inn. Bekreftbarheit er også relevant i forhold til om det kan overførast til andre liknande situasjonar (Thagaard, 2003: 170).

Ein ting eg har vert særleg observant på her, er at eg sjølv er frå Odda og på den måten har ei tilknytning til det eg skriv om då dette påverkar meg som privatperson også. Eg har prøvd å tolka datamaterialet objektivt slik at eg ikkje legg mine subjektive meininger til grunn for min analyse.

Når ein snakkar om at ei datainnsamling kan overførast er det i forhold til om ein kan overføra studien ein har gjort ein stad til ein annan (Thagaard, 2003: 170). Fokuset mitt har vert på ei einskild sak i ein einskild kommune, men trekk ved dette kan nok overførast til andre kommunar, noko eg vil forsøka å peika på når eg svarar på problemstillinga mi.

#### **4.4 Val av informantar**

*"Spørsmålet om hvem forskeren skal få informasjon fra, innebærer å definere det utvalget undersøkelsen baserer seg på. Kvalitative studier baserer seg på strategiske utvalg, det vil si at vi velger informanter som har egenskaper eller kvalifikasjoner som er strategiske i forhold til problemstillingen" (Thagaard, 2003: 53).*

Eit vanleg problem er at ein anten har for få eller for mange informantar. Om det er for få informantar blir generaliseringa eller overførbarheita vanskeleg, men om det er for mange blir analysen ofte for grunn fordi det er for mykje materiale å gå gjennom (Kvale og Brinkmann, 2009: 129). Når eg skulle velja ut informantar valde eg politikarar frå parti som hadde hatt ei særleg sentral rolle i Unescosaka, og som på denne måten kunne belysa temaet og problemstillinga ut frå deira personlege mening og partiet sitt syn. Eg



valde også ut ein informant som ikkje hadde noko partitilhøring for å få eit bakteppe for den politiske konflikten. Når eg valde dei informantane eg gjorde tok eg først og fremst utgangspunkt i dei partia som er representerte i kommunestyret per dags dato (perioden 2011 – 2015). Dette gjorde eg for å avgrensa talet på informantar. Eg valde å ikkje intervjuar alle partia som er representerte i kommunestyret, dels fordi det ikkje er alle partia som har vert så aktivt ute og uttalt seg i denne saka, men også fordi eg etter å ha intervjuar om lag alle mine informantar fekk ei oppleving av at eg fekk dei same svara på dei spørsmåla eg hadde, og at eventuelt nye informantar ikkje ville tilføra nye moment til det datagrunnlaget eg allereie sat med. Når eg bare intervjuar ein informant frå administrasjonen er dette fordi det er politikarane og dei politiske handlingane som står i fokus, eg intervjuar denne personen for å få eit bakgrunnsteppe for kva som hadde skjedd i denne prosessen, ikkje kva dei administrative omsyna hadde vert. Det er også for å avgrensa informasjonen eg får, då denne oppgåva har ei avgrensing på tekst som gjer at eit for stort og omfattande datamateriale ikkje kan bli tatt med i oppgåva grunna plassen eg har til rådighet.

#### **4.4.1 Kontakt**

Før eg tok kontakt med informantane mine skreiv eg opp ei liste over kven som hadde særleg utmerka seg i denne saka og kva parti dei representerer. Eg hadde også samtalar med mellom anna rettleiar og journalistar i lokalavisa om kven som kunne vera aktuelle informantar. Frå lokalavisa fekk eg mange gode tips til kven eg kunne intervjuar og kva som var den beste måten å få kontakt med nokre av informantane på.

Eg tok først kontakt med informantane per e-post der eg presenterte meg sjølv og ga ein kort introduksjon til kva forkinga gjekk ut på. Her la eg også ved kontaktinformasjon med e-postadresse og telefonnummer, eg opplyste om at eg var i Odda på det aktuelle tidspunktet og var tilgjengeleg for å gjennomføra intervju når det passa dei best, om dei ynskja å delta på undersøkinga mi. E-postadressene fann eg på kommunen si heimeside. Eg erfarte fort at å ta kontakt på e-post ikkje var så enkelt som eg hadde trudd i forkant. Den første e-posten var det bare to som svarte på. Etter andre utsending fekk eg noko betre respons. Alle eg fekk svar frå var svært interessert og ville stilla til intervju. Andre informantar tok eg kontakt med per telefon då dei ikkje svarte på e-post.

Eg støtte også på ei anna utfordring undervegs. Ein aktuell informant hadde sagt ja til å delta på intervju etter første utsending av e-post, men etter dette fekk eg ikkje kontakt med vedkommande igjen, verken på e-post eller telefon. Dette førte til at eg måtte finna ein annan informant frå det aktuelle partiet for å få dekkja deira syn på saka. Dette var informantar frå eit parti som hadde vert svært sentral under folkerøystinga i 2007 og i forhold til Unescospørsmålet. Eg enda til slutt opp med ein informant som hadde vert med i politikken i perioden 2007 – 2011, men som ikkje lenger er aktiv i det aktuelle partiet. Spørsmåla til denne informanten blei difor noko endra.

*Tabell 4.1: Informantar*

Informant 1	Representerer Arbeiderpartiet Kommunestyremedlem
Informant 2	Representerer Høgre Noverande ordførar
Informant 3	Kommunesekretær i Odde kommune
Informant 4	Representerer Raudt Kommunestyremedlem
Informant 5	Representerer Demokratane i Noreg Kommunestyremedlem Intervju gjennomført på telefon
Informant 6	Representerer Venstre Kommunestyremedlem Intervju gjennomført på telefon
Informant 7	Tidlegare leiar av Nye Odde Intervju gjennomført på telefon

Sjølv om det er fleire aktuelle informantar som kan vera med på å gi meg data for å svara på problemstillinga meiner eg desse har gitt meg den informasjonen eg treng.

#### **4.5 Dokumentanalyse**

I tillegg til å gjennomføra intervju med informantar frå dei ulike partia har eg valt å ta i bruk aviser for å lysa opp under, og forsøka å svara på, problemstillinga. Dette fordi dei

gjer seg observasjonar og intervjuar politikarane undervegs i prosessen. På den måten kan eg få eit anna innsyn i korleis ting har gått føre seg enn ved å bare nytta meg av intervju. Når eg nyttar meg av avisartiklar i tillegg til intervju gjer eg ein dokumentanalyse. Dette skil seg frå det materialet eg har samla inn gjennom intervju på den måten at dei dokumenta eg nyttar meg av ikkje er skrivne av ein forskar til andre forskarar. Det er skriva for alle, og teksten er ikkje skriven for det formålet forskaren skal bruka det til (Thagaard, 2003: 59). Ein av grunnane til å bruka avisartiklar er at informantane kanskje har gløymt enkelte punkter som eg ynskjer å svara på, eller at dei svarar på spørsmåla mine ved å tilpassa svara sine til slik dei eigentleg vil det skal vera. Når ein nyttar seg av avisartiklar er det viktig å lesa desse med eit kritisk blikk då aviser har ein tendens til å ha ei tabloid vinkling på sine historier. Dei vil at flest mogleg skal lesa desse og dei vil skapa mest mogleg debatt. Det kan også bli ei einssidig vinkling då dei ikkje alltid intervjuar eller skriv om alle sider av saka.

Eit anna viktig omsyn ein må ta er at desse artiklane kan bli oppdaterte og endra undervegs, dei kan plutseleg ha eit heilt anna innhald enn det som var i byrjinga. Det er difor viktig å sjekka når artikkelen sist vart oppdatert. Etter kvart som eg har funne avisartiklar har eg lest desse, lagra dei artiklane eg ville nytta meg av og skreve dei ut. Om lag då eg skulle ferdigstilla prosjektet gjekk eg gjennom alle internettkjeldene mine for å forsikra meg om at alle adressene virka som dei skulle. Eg oppdaga då at lokalavisa, Hardanger Folkeblad, hadde endra på URL-adressene sine, eg måtte difor søka opp alle artiklane på nytt og endra alle kjeldene mine som var henta frå lokalavisa slik at internettdressa blei rett. Eg sjekka også at det ikkje var noko anna som var endra i artiklane, men siste oppdateringsdato stemte fortsatt og innhaldet var det same, noko eg kunne sjekka sidan eg hadde skreve ut dei artiklane eg ynskja å bruka.

## **4.6 Intervju**

Når eg skulle gjennomføra intervjuet valde eg delvis strukturert intervju. Eg hadde sett opp tema på førehand av intervjuet, samt nokre spørsmål eg meinte var viktig, men sjølve intervjuet var som ein samtale der eg hadde moglegheit til å komma med utfyllande spørsmål til det informanten sa. Informanten kunne og ta opp tema eg kanskje ikkje hadde tenkt på før intervjuet starta. Dette fører til at ein kan få ny

informasjon om eit tema som ein ikkje var observant på før intervjuet starta (Thagaard, 2003: 85).

#### **4.6.1 Gjennomføring av intervju**

Før intervjuet sendte eg ut temaliste for kva vi skulle snakka om under intervjuet. Nokre av informantane ynskja i tillegg å få spørsmåla på førehand slik at dei kunne førebu seg. Eg valde då å senda dei spørsmål om det eg lurte på. Nokre av spørsmåla haldt eg igjen for å sjå korleis samtalen utvikla seg, eg informerte også om at det kunne komma andre spørsmål i tillegg til dei eg hadde sendt.

Eg hadde sett av om lag ein time på kvart intervju, noko som viste seg å vera eit ganske godt tidsaspekt. Dei fleste intervjuet tok ein time, nokre litt lenger og nokre litt kortare. Eg valde å bruka diktafon til intervjuet etter samtykke frå informantane, dette gjorde eg for at eg ikkje skulle gå glipp av noko undervegs, for at eg skulle ha mest mogleg fokus på det informantane fortalte og for å ha moglegheit til å komma med gode oppfølgingsspørsmål.

Dei fire første intervjuet blei gjennomført i Odda rett over nyttår i 2013. Dei tre siste intervjuet blei gjennomført via telefon i løpet av januar, februar og mars 2013. Eg merka ein klar skilnad i intervjusituasjonen. Intervjuet blei kortare og informantane utbroderte ikkje i like stor grad som dei informantane hadde gjort når eg møtte dei personleg, eg måtte også ty til fleire spørsmål enn eg hadde gjort på dei andre intervjuet. Eg opplevde det også som ei utfordring å gjennomføra intervjuet på telefon fordi eg var redd for å ikkje få med meg alt informantane sa, eg var også litt bekymra for om diktafonen oppfatta det som blei sagt, i tillegg fekk eg ikkje sjå kroppsspråk og mimikk, dette er ting som kan vera med på å understreka kva informantane meiner (Thagaard, 2003: 92).

Før eg skulle gjennomføra intervjuet hadde eg bestemt meg for å ikkje seia noko om eg var for eller mot Unesco, dette var fordi eg var redd for at dette kunne skapa føringar på intervjuet. Det var fleire av informantane som lurte på kva eg meinte og om eg var for eller mot ein Unescostatus, men eg valde å ikkje svara på dette. Eg blei også intervjuet av lokalavisa, også dei lurte på kva eg meinte, men eg valde å ikkje svara på dette då eg

ikkje var ferdig med alle intervju mine endå. Eg oppfatta å bli tatt seriøst på dette. Eg opplevde også at alle informantane mine tok meg og spørsmåla mine seriøst og at dette var noko dei syntes var interessant. I følge Thagaard (2003) kan det vera eit problem å vera ung kvinneleg student når ein skal gjennomføra intervju med tanke på å bli tatt seriøst, eg opplevde som sagt ikkje dette som noko problem.

#### **4.7 Etikk**

Før eg gjekk i gong med å kontakta informantar sendte eg inn ein søknad til Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste AS (NSD). Etter deira godkjenning følgjer denne oppgåva deira retningslinjer om samtykke, informasjon og anonymitet.

Samtykkeerklæringa sikrar informantane anonymitet ved namn, men det blir opplyst om at dei kan kjennast igjen ved partitilhøring og/eller stilling. Denne oppgåva inneheld ikkje sensitive personopplysningar og sidan dette er offentlege personar som har uttala seg om saka mange gonger ser eg ikkje på dette som noko problem. Dei får også opplyst at dei kan trekka seg kva tid som helst frå prosjektet før dette er ferdig. Dette er viktig å opplysa om fordi tillit mellom forskar og informant er viktig for den informasjonen ein får ut av intervjuet (Kvale og Brinkmann, 2009: 90 - 91). Før intervju tok til sendte eg samtykkeerklæringa og intervjuguiden<sup>3</sup> til informantane slik at dei kunne få lesa gjennom desse. Under intervju skreiv informantane og eg under samtykkeerklæringa i to eksemplar. Eg opplyste informantane mine om at dei kunne få lesa gjennom transkripsjonen av intervju deira eller få lesa gjennom det eg kom til å bruka i oppgåva mi. Ein av informantane valde å ta i mot tilbodet om å lesa gjennom det som blei brukt i oppgåva.

#### **4.8 Avslutning**

I dette kapitlet har eg gjort greie for mine metodeval og utfordringar eg kom over undervegs. Først har eg gjort greie for kvifor eg har valt kvalitativ metode, deretter har eg gjort greie for kva ein må vera observant på når ein skal gjennomføra ein slik analyse. Til slutt har eg gjort greie for framgangsmåten min og utfordringar og omsyn eg måtte ta undervegs i datainnsamlinga mi.

---

<sup>3</sup> Intervjuguide og samtykkeerklæring er lagt ved oppgåva.

Etter at datainnsamlinga var ferdig satt eg igjen med eit stort empirisk materialet. Analysearbeidet starta allereie her då eg fekk ei formeining om korleis utforminga kom til å bli og korleis datainnsamlinga kunne nyttast i teorien. Eg fekk eit inntrykk gjennom informantane mine om at dette var noko dei var svært opptatt av, og at dette var noko som prega deira kvardag som politikarar.

## 5 Folkerøysting og politisk val

### 5.1 Innleiing

Dette er det første av tre kapittel der eg analyserer empirien i lys av dei tre teoretiske modellane eg formulerte i teorikapitlet. Eg vil analysere empirien i lys av dei forventningane eg har formulert om mål og prosess i kvar enkelt modell. I dette kapitlet vil eg ta for meg og analysere den første epoken i caset mitt som omhandlar tida frå då forslaget om ein Unescosøknad for Odda Smelteverk kom på banen, kva standpunkt dei ulike partia har til dette, prosessen fram mot ei folkerøysting der ein spurte veljarane om ein skulle søka om Unescostatus eller ikkje, kommunevalet i 2007, konsolideringa av kommunestyret etter valet i 2007 og behandlinga av folkerøystinga i eit ekstraordinært kommunestyremøte i 2008. Her vil det empiriske materialet for kvart poeng bli presentert, før det følgjer ein analyse.

### 5.2 Unescosøknad eller ikkje? Dei politiske standpunkt

Allereie tidleg på 2000-talet blei det fremja ynskje om å få kraftstasjonen i Tyssedal inn på verdsarvlista<sup>4</sup>. Kraftstasjonen i Tyssedal blei freda som nasjonalt kulturminne allereie 15. Mai 2000 (Tyssedalprosjektet og Odda Kommune, 2001). Fredinga og ynskje om å få kraftstasjonen i Tyssedal inn på Unescolista har vert med på å påverka prosessen for å få Odda Smelteverk freda og aktuell for ein Unescostatus.

Etter konkursen til Odda Smelteverk i 2003 har det vert stor usikkerheit og usemje om kva som skulle skje med den store tomta. Kommunen la ned bygge og deleforbod i samsvar med Plan- og Bygningslova for to år. Dei fekk med dette inngrepet mot oppstykking av tomta forlenga med to år til, då det drog ut med ein reguleringsplan for smelteverkstomta. Det blei fremja forslag om å søka Odda Smelteverk inn på den tentative verdsarvlista i samband med kraftstasjonen i Tyssedal som allereie var i ein prosess om Unescosøknad i 2006. Etter konkursen såg ein no moglegheita til å få heile produksjonslinja for karbid frå a til å inn på Unesco si verdsarvlista<sup>5</sup>.

---

<sup>4</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

<sup>5</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

Alle partia ser på smelteverket som ein plass for moglegheiter, ein plass for utvikling og nyvinning. Usemja startar når ein snakkar om kva som skal takast vare på, kva som skal fredast, om ein skal søka om Unescosøknad og om ein skal riva deler eller heile smelteverkstomta for at den skal vera open for bedrifter som vil etablere seg der<sup>6</sup>.

I 2006 bestemte kommunestyret seg for å gå inn for ein søknad om Unescostatus. Søknaden skulle omfatta både kraftstasjonen i Tyssedal og anlegga der, samt smelteverket i Odda, dette med brei semje i kommunestyret<sup>7</sup>. Etter kvart viste det seg at semja om ein felles Unescosøknad for Odda/Tyssedal ikkje var så sterk. Frå seinhausten og byrjinga av 2007 utvikla situasjonen seg mot to kolliderande partar i spørsmålet om ein Unescostatus. Det danna seg på mange måtar to polar i saka. Den eine polen var mot ein Unescosøknad, medan den andre polen var for ein Unescosøknad. Ein oversikt over dei ulike partia si meining i Unescosaka finn vi i tabell 2.1. Informanten frå Arbeiderpartiet omtala denne situasjonen som ei "politisk krise" og Unescosaka utvikla seg i ei retning dei ikkje kjende seg att i<sup>8</sup>.

Arbeiderpartiet, Framstegspartiet og Demokratane var dei partia som var tydlegast mot ein Unescosøknad. Arbeiderpartiet hadde i utgangspunktet vert positive til ein Unescosøknad og støtta denne i byrjinga. Men etter kvart opplevde dei at det kom stadig fleire folk for å sjå på, og inspisera tomte og at for mange ikkje-politiske aktørar kom på banen for å meina noko om denne tomte og kva som skulle skje med den. Dei meinte også at situasjonen ikkje var open og ærleg for folket og politikarane som skulle handsama søknaden. Det er viktig å ta vare på historia og den kulturelle identiteten, men ein må skilja mellom dette og det å bevare ein gammal fabrikk. Nokre av bygningane skal takast vare på, men ein må sjå nytten og verdien i det som skal bli freda. I tillegg blir det eit økonomisk spørsmål, kven er det som skal gi pengar til prosjektet? Dei meiner ein ikkje har nokon garanti for at staten kjem inn med masse pengestønader. Dette vil føra til at kommunen sit igjen med "skjegget i postkassen". Dei har heller ikkje trua på at ein Unescostatus vil bringa så mykje nytt til Odda. Etter folkerøystinga blei det også eit

---

<sup>6</sup> Opplysning som kom fram under intervju.

<sup>7</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

<sup>8</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå AP.



element i det å høyra på rådet dei fekk frå folket og ta dette til etterretning og trekkja Unescosøknaden<sup>9</sup>.

Demokratane på si side meiner at dei objekta som er føreslått freda frå smelteverket ikkje har noko på ei slik lista å gjera då ein finn liknande objekt på andre anlegg rundt om i landet. Vidare vil ein Unescostatus vera til hinder for utviklinga på tomta då ein slik status inneberer for mykje restriksjonar som vil koma i vegen for nyutviklinga. Etter at mellom anna kalkomnane og kokstørka blei riven meiner dei også at produksjonslinja er øydelagt og at dette tar vekk heile grunnlaget for ein Unescostatus<sup>10</sup>. Framstegspartiet deler meiningane til Arbeiderpartiet og Demokratane, dei var også det politiske partiet som saman med LO arrangerte ein underskriftskampanje for ei folkerøysting om kva som skulle skje med tomta.

For Raudt har det på den andre sida vert viktig å framheva den stolte historia til Odda som kraft og industristad.

*”Anlegga i Odda og Tyssedal var i si tid verdas største, dette er unike menneskeskapte anlegg som er ein viktig del av historien til Norge. Sjølve Unescostatusen er då tufta på at dette er viktig for industrihistorien til Norge og grunnlaget for at Odda er ein egen kommune og ikkje lenger ein del av Ullensvang Herad som de var før”*

(Kommunestyrerepresentant frå Raudt).

Det viktigaste er ikkje dei økonomiske aspekta ved ein slik status, men å visa historia til nye generasjonar som ikkje har vert del av denne. I tillegg ville det vert ein gylden moglegheit til å få Oddasamfunnet opp og ut i verda. Noko som ikkje bare ville ha vert med på å skapa nyetablering på tomta, men det ville også ha vert ein styrke for dagens industri<sup>11</sup>.

For Høgre som også har eit fleirtal av ja-tilhengjarar til Unesco er det historia som er viktig å få fram med ein Unescostatus. I tillegg meiner dei at dette vil føra til at Odda får

---

<sup>9</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå AP.

<sup>10</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå DIN.

<sup>11</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Raudt.

meir ressursar og middel for å visa denne historia og utvikla og restaurera anlegg på tomta då Unesco er eit kvalitetsstempel som seier noko om verdiane til kommunen. Dette er eit syn dei deler med Senterpartiet, Venstre og Nye Odda<sup>12</sup>. Høgre saman med Raudt, Senterpartiet, Venstre og Nye Odda utgjer då den andre polen i Unescosaka. Sjølv om vi her snakkar om parti så vil vi også sjå at vi finn representantar frå til dømes Arbeiderpartiet og Høgre som er ueinige med sitt eige parti i denne saka.

### 5.2.1 Partia sine mål

Vi ser her at partia er samde i at smelteverkstomta er ein plass for moglegheiter, utvikling og nyvinning. Dei har eit mål om at denne tomta må utviklast og fornyast. Men her stoppar semja. Ut i frå det rasjonelle perspektivet ser vi at dei to polane som er danna er eit resultat av at partia har eit mål om at ein skal eller ikkje skal søka om Unescostatus for smelteverkstomta ut i frå kva dei meiner vil ha den beste konsekvensen for kommunen. Arbeiderpartiet seier også at det å høyra på folket når ein har ei folkerøysting er viktig og at dette er noko som skal følgjast, uansett kva mål ein har før folkerøystinga. Her ser ein at det å oppfylla veljarynskje blir eit viktig element og kan grunnast i at ein er vald av folket, folket har vald representantar etter kva mål dei ulike partia vil jobba mot ut i frå partiprogrammet dei sette opp før valet. Med utgangspunktet i partia sine mål ut i frå partiprogrammet, og målet om å oppfylla veljarynskje, vil dette leggja føringar på korleis partia og representantane utfører politikken sin, ein skal arbeida etter å oppfylla dei måla ein har satt, men vegen mot målet er ikkje bestemt.

Sjølv om partia som ikkje ynskjer ein Unescostatus har eit litt ulikt mål i forhold til kva dei vil freda og kva smelteverkstomta skal brukast til så ser vi i lys av forhandlingsmodellen at dei har komen fram til ei einigheit om å stå saman for å kjempa mot ein Unescosøknad. Dei tilpassar altså sine mål i forhold til dei andre aktørane som i bunn og grunn har det same målet som dei sjølve, men med eit litt ulikt utgangspunkt for korleis dei vil oppnå målet og kva dei ynskjer ut av det. Mellom partia som ynskjer ein Unescostatus ser vi at deira oppfatning av kva som ikkje skal fredast og kva objekt som skal stå på fredingslista er om lag det same. Dei må difor ikkje tilpassa seg dei andre

---

<sup>12</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå H,V og Nye Odda.

partia i same polen i like stor grad som dei partia som ikkje ynskjer ein Unescostatus, då det er større semje i kva dei skal fredda, og kvifor ein Unescostatus er viktig for kommunen.

Mellom desse polane vil dei ulike argumenta bli brukt for å forhandla. Begge polane spelar på historia til smelteverket, men forhandlar ut i frå forskjellig syn på kvifor denne historia er viktig. Eit anna forhandlingstrekk er det økonomiske aspektet der "nei-polen" forhandlar ut i frå at dette ikkje er økonomisk forsvarleg for kommunen, medan "ja-polen" seier at ein Unescostatus vil løna seg. Dette er også argumenta dei brukar ovanfor veljarane for å få dei til å røysta på dei ved valet og for å ta det dei meiner er det rette standpunktet under folkerøystinga, men også ovanfor dei andre politikarane for at dei skal endra si meining i Unescosaka. Til slutt er det restriksjonane ein Unescostatus vil føra med seg. Her forhandlar dei ulike polane ut i frå deira oppfatning om at restriksjonane anten blir for store eller at restriksjonane ikkje har noko å seia for nyetablering og utvikling av smelteverkstomta. Dette er jo noko begge polane ser på som viktig og har som mål å få til.

At ein går frå brei semje til usemje i Unescospørsmålet kan ut i frå garbage can-modellen forklarast med at det er forskjellige deltakarar til stades, situasjonen forandrar seg, preferansane forandrar seg og kva løysing ein ser på som aktuell for kva ein skal gjera med smelteverkstomta kan endra seg. Difor vil også meiningane til dei ulike deltakarane endra seg over tid. Dette gjer også at situasjonen blir kaotisk og tilfeldig og kva dei ulike partia meiner blir uoversiktleg og vanskeleg å seia noko om. At Arbeiderpartiet skiftar meining i løpet av kort tid er då eit resultat av at situasjonen har endra seg med tanke på dei nye aktørane som kom på banen for å seia si meining om smelteverkstomta. Dermed har også preferansane endra seg. Løysinga Arbeiderpartiet ser på smelteverkstomta har også endra seg på grunn av dette, då oppfatninga deira er at omfanget av fredinga blir for stort. Arbeiderpartiet endra si meining fordi dei ikkje likte innblandinga til dei ikkje-politiske aktørane og fordi situasjonen blei uklar for politikarane og veljarane.

### **5.3 Mot kommuneval og folkerøysting i 2007**

I 2007 kom det eit krav om folkerøysting om Unescosøknaden frå mellom anna fagrørslar (LO) og Framstegspartiet i Odda. Dei arrangerte ein underskriftskampanje der dei oppfordra innbyggjarane til å skriva under på at dei skulle få seia kva dei ynskja i spørsmålet om smelteverkstomta (Knutsen, 2007). Informanten frå Nye Odda meiner på si side at heile prosessen opp mot ei folkerøysting var eit ledd i Arbeiderpartiet sin valkamp, "de gambla på at de skulle vinna valget og folket ved å vera et nei-parti"<sup>13</sup>.

På eit kommunestyremøte 07.03.2007 fekk dåverande ordførar Toralf Mikkelsen frå Arbeiderpartiet overrekt ei lista med 2140 underskrifter med krav om folkerøysting om Unescosøknaden. På same møte røysta kommunestyret med knappast mogleg margin med 14 mot 13 røyster mot Arbeiderpartiet sitt framlegg om at ein måtte høyra på folket sitt ynskje om å halda ei folkerøysting (Knutsen, 2007). Men, folkerøysting blei det likevel etter eit forslag frå Raud Valallianse, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Demokratane i tillegg til ei uavhengig røyst. Dette blei vedtatt med 14 mot 12 røyster i kommunestyret i april, altså om lag ein månad etter at det første forslaget om folkerøysting blei nedstemt i kommunestyret. Det blei vedtatt at det skulle bli halden ei rådgivande folkerøysting i samband med kommunevalet same år. Det ville også vera moglegheiter for førehandsrøysting samstundes som ein røysta på kommunevalet (Hardanger Folkeblad, 2007). Den 10. September 2007, same dag som kommunestyrevalet, blei det altså halden ei folkerøysting over Unescosøknaden (Holmquist, 2007).

#### **5.3.1 Prosessen fram mot ei folkerøysting**

At ein ynskjer og til slutt vel å ha ei folkerøysting kan vera eit val frå dei rasjonelle aktørane der dei ser på dette som ein måte å få ei endeleg avklaring på spørsmålet om ein Unescosøknad er aktuelt for Odda eller ikkje, uavhengig av kva pol ein høyrer til. Men å lita på at folket røyster slik ein ynskjer er ganske risikabelt og ein kan sitta igjen med eit resultat ein ikkje er einig i.

---

<sup>13</sup> Opplysning som kom fram under intervju med tidlegare leiar av Nye Odda.

Etter at det var klart at den semja som hadde eksistert i kommunestyret i 2006 ikkje lenger var så sterk kan vi på mange måtar seia at konflikten starta. Det blei framsett mange sterke meiningar, og spelet om kven som hadde "rett" begynte. Sjølve formålet med underskriftskampanjen var at folket skulle vera med på å seia si meining om smelteverkstomta og Unescosøknaden. At det skulle bli eit krav frå folket om ei folkerøysting kan sjåast på som ein form for press mot politikarane frå både veljarane og frå dei som arrangerte denne underskriftskampanjen. Når kommunestyret vel å ikkje ta omsyn til denne underskriftskampanjen når den først blir lagt fram viser at dei ikkje lar seg bukka under for slikt press så lett. Men når det på ny kom opp eit forslag om folkerøysting vel kommunestyret likevel å vedta dette. Dette kan vera fordi dei ulike partane som er med i kommunestyret no er samde i at ei folkerøysting vil vera ein fin måte å sjå kva folket meiner i saka, eller at dei ulike aktørane i kommunestyret har blitt utsatt for meir press i tida etter at dei først valde å ikkje vedta ei folkerøysting. Empirien seier dessverre ikkje noko om kvifor kommunestyret valde å ha ei folkerøysting likevel, ein kan difor bare anta at det har blitt ført ein eller annan form for kampanje frå dei ulike aktørane for at ein likevel skal høyra på folket si meining i dette spørsmålet. Dette kan også vera eit resultat av bruk av makt der den parten som ynskja folkerøysting påverka og pressa den parten som ikkje ynskja det til å gå med på å halda ei folkerøysting likevel.

At det blei ei folkerøysting likevel kan også vera eit resultat av tilfeldigheiter. Sidan avgjerda om å ha ei folkerøysting blei tatt opp under to forskjellige møter i kommunestyret kan både situasjonen, deltakarane og preferansane ha endra seg. Dette gjer at dei som då tok avgjerda om at ein skulle ha ei folkerøysting likevel såg på dette som ein måte å få ei løysing på spørsmålet om smelteverkstomta og Unescosøknaden. Dette kan vi sjå i tråd med garbage can-modellen.

#### **5.4 Folkerøysting – kva meinte folket?**

Kva spørsmål ein skulle stilla folket under folkerøystinga er også noko som har vert oppe til debatt. På røystesetlane til valet stod det: "Ja, til å oppretthalda søknaden om å komma på Unesco si liste over kulturminner" og "Nei, til å oppretthalda søknaden om å komma på Unesco si liste over kulturminner". Dei vedtok då noko som var i strid med

utskrivninga av folkerøystinga. Dei hadde ein nemleg vedtatt i kommunestyret at grunnlaget for å skriva ut folkerøystinga skulle vera rådgivande i forhold til kommunen sitt val av reguleringsplan. Spørsmålet som blei stilt under folkerøystinga blei difor noko anna enn det ein hadde bestemt i kommunestyret<sup>14</sup>. I følgje informanten min frå Arbeiderpartiet var dette etter "eit fiffig grep" frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt, samt nokre andre representantar som skaffa eit fleirtal for å spør om Unescostatusen og ikkje produksjonslinja<sup>15</sup>. Både Høgre og Arbeiderpartiet ville at folkerøystinga skulle vera om ein skulle bevare produksjonslinja til smelteverket eller ikkje, Unescospørsmålet kunne komma etterpå. Dei meiner også at Unescospørsmålet er noko det aldri burde vert folkerøysting om, men noko ein kunne ha funne politiske løysingar på seinare når ein hadde komen fram til kva reguleringsplan det var ein skulle jobba etter<sup>16</sup>. Det einaste partiet som hadde sagt i frå på førehand om at dei ikkje kom til å ta omsyn til folkerøystinga var bygdelista Nye Odde<sup>17</sup>.

Fram mot valdagen i 2007 prøvde dei ulike politiske partia å overtyda veljaren om kva dei skulle røysta. Det var ei stor mengde lesarinnlegg i lokalavisa, der nokre av dei ivrigaste lokalpolitikarane, men også veljarane skreiv lesarinnlegg. Med desse lesarinnlegga prøvde mange å gi ei oppklaring i kva ein Unescostatus ville bringa til Odde. Det vart også arrangert nokre folkemøter der ein prøvde å få fram kva ein Unescostatus ville innebera for Odde og kva fordelar og ulemper ein slik status førte med seg. I forkant av valet hadde partia også valbuer der veljarane kunne komma og stilla spørsmål kring Unesco og om politikken til dei ulike partia generelt. Dessverre blei ikkje media som internett og flygeblad brukt i større grad, noko som kunne ha nådd ein større del av veljarane då det ikkje er alle som tar seg bryet med å lesa lesarinnlegg i lokalavisa eller møta opp på folkemøter. Det alle er einige om i etterkant er at opplysninga som blei gitt før folkerøystinga på langt nær har vert god og nyansert nok. Det er til og med hevda at ein visste for lite om kva ein Unescostatus ville bringa med seg og det var ein katastrofe at det blei halden ei folkerøysting på det tidspunktet den blei

---

<sup>14</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

<sup>15</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå AP.

<sup>16</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå Høgre og AP.

<sup>17</sup> Opplysning som kom fram under intervju med tidlegare leiar av Nye Odde.

halden. Folkerøystinga kom for tidleg til at ein hadde full oversikt over kva ein slik status ville bringa til kommunen<sup>18</sup>.

Sidan det var førehandsrøysting på folkerøystinga har ein tal på korleis folk hadde røysta før sjølv valdagen. Hadde ein bare tatt med resultatet frå valdagen hadde det blitt eit ja til Unesco, men førehandsrøystene tippa det til å bli eit knapt nei til Unesco. Det som også er spesielt er at valkrinsen Odda hadde eit fleirtal på 55% røyster for ja til Unesco på valdagen, medan valkrinsane Tyssedal, Skare og Røldal som er tettstader som ligg eit stykke utanfor sentrum hadde eit fleirtal for nei til Unesco. Det var altså førehandsrøystene og valkrinsane utanfor Odda sentrum som tippa valresultatet til å bli eit knapt nei til Unesco med 51% mot 49% av røystene (Melkeraaen, 2007). Når ein får slike oversiktar kan ein stilla seg spørsmålet om det er innbyggjarane i sentrum som skal få bestemma kva som skal skje med tomta, sidan det er dei som bur i umiddelbar nærleik til tomta. Eller om alle røyster er lika mykje verdt og om ein skal høyra på innbyggjarane i heile kommunen. For mange som ikkje bur i sjølv sentrum er det fleire ting som er viktige for dei sett bort frå smelteverkstomta. Dei fleste vegane i kommunen er rasutsette, smale og i dårleg stand. Dette er gjerne ting dei er redd skal gå på bekostning av ein Unescosøknad og freding av smelteverkstomta.

#### **5.4.1 Spel og maktbruk**

Å få ei endeleg avklaring på Unescospørsmålet var noko alle partia ynskja seg, denne folkerøystinga skulle då vera eit middel for å få eit klart svar frå veljarane om kva dei ynskja. Når dei aller fleste partia går ut og seier at dei vil følgja folket sitt råd, viser dei veljarane at deira meining er viktig og at denne tel i avgjerda om kva som skal skje med smelteverkstomta. Likevel er det vanskeleg å begrunna dette i eit rasjonelt perspektiv der den rasjonelle aktøren søker å ta den beste avgjerda ut i frå kva mål dei har. Resultatet av ei folkerøysting kan vera uforutsigbart, og sjansen er dermed stor for at ein ikkje får det svaret ein "ynskjer" seg. Noko som også vil vera tilfellet her. Endringa på spørsmålet ein skulle stilla på folkerøystinga er rasjonelt ut i frå at ein ynskja eit klart svar på kva som skulle skje med Unescosøknaden og med dette få ei endeleg avklaring

---

<sup>18</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantane.

på Unescospørsmålet. Dette kan forklara kvifor ein gjekk bort frå vedtaket om å røysta over val av reguleringsplan.

Om vi ser folkerøystinga ut i frå eit forhandlingsperspektiv ser vi at heile denne prosessen er prega av spel og strategi. Å endra på spørsmålet ein skulle stilla veljarane under valet er spel i den forstand at ein no pressar aktørane til å ta ei stilling til Unescospørsmålet og ikkje bare produksjonslinja til smelteverket. Når resultatet blir så knapt gjer det at ein kan stilla tvil om kor gjeldande folkerøystinga er, noko det også blei gjort umedelbart etter at alle røystene hadde blitt talt opp. Det blei stilt særleg tvil til at det var utkantane som skulle velta Unescosøknaden og folk begynte å argumentera for at det var innbyggjarane i sentrum som var sterkast berørt av denne tomta. I tillegg har ein resultatata frå førehandsrøystinga som viser at hadde folkerøystinga blitt halden bare på valdagen hadde det blitt eit ja til ein Unescosøknad. Dette er også eit forsøk på maktbruk der dei som er for ein Unescosøknad prøver å manipulera nei-sida og veljarane til å gå med på at det bør vera innbyggjarane i sentrum si meining og kva resultatet hadde blitt på valdagen som bør telja. Informasjonen veljarane sat med på valdagen var langt betre enn den dei som hadde førehandsrøysta hadde og på denne måten hadde dei betre grunnlag for å seia si meining om denne saka.

Heile situasjonen etter folkerøystinga har trekk frå garbage can-modellen, den var kaotisk og uoversiktleg. Det knappe resultatet gjorde at ein ikkje hadde fått det klare svaret ein ynskja frå veljarane, dette opna til debatt for at ein likevel kunne søkja om ein Unescostatus. Resultatet av folkerøystinga viser at ein ikkje kan forventast at det blir klare svar, at det ikkje blir klare svar gir også ein kaotisk og uoversiktleg situasjon. Når ein fekk opp valresultatet viste det seg at valdeltakinga på folkerøystinga var lågare enn på kommunevalet<sup>19</sup>, dette kan også ha påverka resultatet. Hadde alle som deltok på kommunevalet deltatt på folkerøystinga kunne resultatet blitt eit anna.

## **5.5 Koalisjon og eit noko meir uklart bilete**

Etter valet i 2007 var merksemda retta mot kven som kom til å gå i koalisjon med kvarandre. Ingen av partia hadde reint fleirtal, det var difor klart at det måtte bli ein

---

<sup>19</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.



form for koalisjon, men kven som skulle gå i koalisjon med kven var ikkje klart. Rett etter valet var det eit ynskje mellom ja-partia (RV, SP, V, H, NO) å få til eit samarbeid for å fortsatt jobba med Unescosøknaden, dette fekk dei ikkje til. Etter ei tid med forhandlingar og møter partia i mellom blei det klart at Høgre, som er eit "ja-parti", saman med Senterpartiet, valde å gå inn i koalisjon med Arbeiderpartiet. Høgre og Senterpartiet valde då å gå vekk frå ein koalisjon med dei andre ja-partia til fordel for Arbeiderpartiet. Dette sikra Arbeiderpartiet ordføraren, medan Høgre blei sittande med varaordføraren. Noko av årsaka til at Høgre valde å gå i koalisjon med Arbeiderpartiet var for å sikra eit godt og klart fleirtal i viktige saker, først og fremst å få økonomien på fote<sup>20</sup> (Syse, 2007b). Dette samarbeidet ga Høgre fleire sentrale verv i kommunen, mellom anna fleire medlemmer i formannskapet og den første varaordføraren sidan før andre verdskrig (Syse, 2007a). Odda er ein gamal industristad der Arbeiderpartiet normalt sett har hatt stor makt, medan Høgre og dei andre borgarlege partia har tradisjonelt sett hatt ei mindre rolle og har i mindre grad hatt politisk innflytelse i kommunen. At Høgre no sat med ei slik sentral rolle er svært uvanleg for kommunen og på mange måtar eit steg i retninga mot det politiske skiftet som fann stad i 2011.

Denne koalisjonen mellom Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Høgre gjorde at Nye Odda, Venstre, Raud Valallianse og Framstegspartiet stod i opposisjon. Sosialistisk Venstreparti og Demokratane hadde som sett tidlegare ikkje fått inn nokon mandat til kommunestyret, desse partia stod difor utanfor kommunestyret i denne perioden. Av dei partia som stod i opposisjon i kommunestyret var det då bare Framstegspartiet som var klart mot freding av smelteverkstomta og oppføringa av smelteverket på den tentative verdsarvlista. Kva stilling koalisjonen tok samla i denne saka er uklart, alle partia heldt på den oppfatninga dei hadde hatt før dei gjekk inn i koalisjon med kvarandre, dette vil då seia at det satt ein koalisjon utan eit klart mål for eller mot ein Unescostatus, då det var parti frå begge polane i denne koalisjonen.

### **5.5.1 Rasjonelle val, makt og tilfeldigheter**

Konsolideringa av kommunestyret i 2007 kan seiast å vera eit resultat av rasjonelle val frå dei ulike partia der dei ynskjer å få posisjonar og makt. Det viktigaste for ein

---

<sup>20</sup> Fram til 2008 stod Odda kommune på ROBEEK-lista.

lokalpolitikar er å bli vald. Blir ein ikkje vald kan ein heller ikkje vera med på å ta avgjerder. Det er difor viktig at når ein først blir vald gjer ein alt for at ein kjem i posisjonar der ein kan ta avgjerder. Utan ein posisjon er det vanskeleg å jobba mot dei måla ein har satt for veljaren før valet. Når Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Høgre då vel å gå saman i koalisjon er det ikkje på bakgrunn i Unescosaka, men å få posisjonar der dei lettare kunne jobba for partia sine mål og for å ha moglegheit til å ta avgjerder.

Utgangspunktet i forhandlingane er altså å få posisjonar slik at ein kan jobba mot dei måla ein har satt seg. Ein slik posisjon gjer også at ein kan utøva makt på ein annan måte enn om ein sit i opposisjon. I ein maktposisjon er det lettare å få andre til å gå med på noko dei elles ikkje ville gjort. Her kan utgangspunktet til både Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Høgre ha vert at dei ynskja å få til eit samarbeid som kunne fungera på tvers av oppfatningar av kva som var det beste for kommunen når det kjem til ein Unescostatus med moglegheit for å påverka kvarandre med sine synspunkt og sine mål. Høgre prøvde som sagt å få til ein koalisjon med dei Unescovenlege partia, men det var tydelegvis for mykje usemje kring andre saker at dei ikkje fekk eit slikt samarbeid til å fungera. Å gå inn i koalisjon med Arbeiderpartiet og Senterpartiet i staden for gjorde at dei likevel blei sittande i ein posisjon som gjorde at dei hadde stor innflytelse til å ta avgjerder ut i frå partia sine mål.

I forhold til garbage can-modellen kan ein sjå på denne koalisjonen som eit resultat av dei valmoglegheitene som var til stades og kven som var der for å ta desse avgjerdene. Miksen av problem som her må vera kven som skal sitta med makta i kommunestyret, kva løysinga blir, om ja-partia skal danna koalisjon eller ikkje, og om ein skal gå inn i ein koalisjon basert på andre ting enn Unescosøknad og eit ynskje om maktposisjon vil vera blanda i søppelkanna. Resultatet må difor sjåast på som tilfeldig ut i frå kven som deltok i avgjerdene der og då og kva valmoglegheit dei såg på som den beste på det aktuelle tidspunktet. At Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Høgre gjekk inn i ein koalisjon er då basert på tilfeldigheter ut i frå desse komponentane og eit resultat av at dei meinte dette valet var den beste avgjerda. Dette kan også forklara kvifor partia gjekk ut over dei partipolitiske skiljelinjene som tidlegare hadde råda i kommunen.

## **5.6 Ekstraordinært kommunestyremøte og ja til Unesco**

Først var det meininga at resultatet av folkerøystinga skulle bli tatt opp på eit ekstraordinært kommunestyremøte i juni 2008. Etter eit forslag frå Høgre og Senterpartiet blei denne saka utsett (Syse, 2008). Over eit år etter folkerøystinga, den 30. Oktober 2008, blei resultatet av folkerøystinga tatt opp på eit ekstraordinært kommunestyremøte saman med reguleringsplanen for smelteverkstomta. Først blei reguleringsplanen handsama og vedtatt, når den var ferdig behandla gjekk ein vidare til handsaming og votering om kor vidt ein skulle ta omsyn til folket si meining om Unescosøknaden og trekka den, eller om ein fortsatt skulle søka om ein Unescosøknad (Ystanes, 2008).

Det var stort oppmøte av pressefolk og debatten var heftig blant representantane i kommunestyret. Det var tidleg klart at det ville bli ei tett votering og at resultatet ville bli lika knapt som folkerøystinga. Nokre av representantane hadde tidleg gått ut og sagt kva dei ville røysta, medan andre ville sjå kva som skjedde med reguleringsplanen og korleis debatten kring folkerøystinga gjekk føre seg (Høaas, 2008a). Reguleringsplanen blei nesten einstemmig vedtatt, dette var ein plan som ville gi rom for å oppretthalda Unescosøknaden då den ikkje var i strid med nokre av dei reguleringane som blir gitt i dette høvet. Det var ei spent stemning når ein skulle votera over om skulle oppretthalda Unescosøknaden eller ikkje. Resultatet var så knapt som det kunne blitt, med 13 mot 14 røyster blei det bestemt at kommunestyret trossa resultatet av folkerøystinga og gjekk inn for å oppretthalda Unescosøknaden (Knutsen, 2008).

At resultatet skulle bli så knapt var klart allereie før kommunestyremøtet. Ordføraren frå Arbeiderpartiet hadde bedt om å få vita kva representantane til koalisjonspartnaren Høgre kom til å røysta, her hadde leiaren i Høgre gitt beskjed om at den eine representanten deira, som hadde vert usikker i sitt syn på ein eventuell Unescosøknad, kom til å støtta Arbeiderpartiet si innstilling om å høyra på folket sitt råd i folkerøystinga. Dette ville seia at Arbeiderpartiet ville få eit fleirtal om å trekka Unescosøknaden<sup>21</sup>. Dette skjedde ikkje. Representanten frå Høgre røysta motsett av det som var sagt på førehand. Ifølgje Høgre var dette fordi representanten reagerte kraftig

---

<sup>21</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå AP.

på nokre av innlegga som kom fram under debatten. Høgre legg heller ikkje føringar på sine representantar og dei står fritt til å røysta det dei vil. Informanten frå Arbeiderpartiet meiner på si side at dette var fordi Høgre sin representant blei pressa av nokre av medlemmene til Høgre til å røysta for ei oppretthalding av Unescosøknaden<sup>22</sup>.

Raudt hadde ikkje bestemt kva dei ville gå inn for før kommunestyremøtet. På eit gruppemøte dei hadde før kommunestyremøtet hadde dei blitt einige om at dei ville venta til behandlinga av reguleringsplanen var ferdig og vidare følgja debatten om Unescosøknaden. Dei vart så rysta over Arbeiderpartiet sine argument om at den eksisterande industrien i Odda kom til å bli ramma av ein Unescosøknad, at dei bestemte seg for å gå inn for å støtta Unescosøknaden. I tillegg såg dei inga grunn til å ikkje søka om ein Unescostatus når ein allereie hadde vedtatt ein reguleringsplan som tok omsyn til krava ein Unescosøknad stilte. I tillegg satt ein no på meir utfyllande informasjon om kva ein Unescostatus ville føra med seg og ein hadde eit betre grunnlag for å ta ei avgjerd på dette<sup>23</sup>. Venstre og Nye Odda har alltid hatt ein klar ja-profil. Venstre hadde eit utsegn i partiprogrammet frå 2007 der det sto: "Si ja til Unesco", det var difor ikkje noko tvil om kva dei kom til å røysta under voteringa<sup>24</sup>. Nye Odda hadde også som sagt tidlegare gått ut med at dei ikkje ville følgja folkerøystinga. Framstegspartiet hadde som vi har sett ein klar nei-profil, det var difor heller ikkje noko spenning kring kva dei skulle røysta. Den store spenninga låg rundt ein representant frå Arbeiderpartiet og ein representant frå Høgre som ikkje hadde vert sikre på kva dei skulle røysta.

Undervegs i prosessen fram mot denne voteringa var det mange som var ute i media og talte for og mot ein Unescosøknad. Dåverande fylkesordførar, Torill Selsvold Nyborg, meinte at det var håreisande at sittande ordførar Gard Folkvord var mot ein Unescosøknad og omtala dette som egoistisk av Oddapolitikarane (Hoaas, 2008c). Dette blei replisert som diktatorisk av gruppeleiaren frå Arbeiderpartiet i Odda, Roald Aga Haug, som meinte fylkesordføraren måtte trekka sine påstandar (Hoaas, 2008b). Det var også andre på banen som talte Unesco si sak, mellom anna ein hoteleigar som meinte at heile Hordaland burde vert med på folkerøystinga og ikkje bare Odda. Han støtta

---

<sup>22</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå AP og Høgre.

<sup>23</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Raudt.

<sup>24</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Venstre.

utspelet frå fylkesordføraren og ba politikarane i Odda om å tenka på heile Hardanger (Hardanger Folkeblad, 2008).

### 5.6.1 Press, makt eller rein tilfeldigheit?

I eit rasjonelt perspektiv kan det å gå inn for ein Unescosøknad sjølv om veljarane i ei folkerøysting hadde røysta nei begrunnast i at representantane ynskja å halda på sitt opprinnelege mål om ein Unescostatus og dermed halda seg til det dei hadde lova veljarane før valet om at dei skulle jobba for ein Unescostatus i Odda kommune. Dette kan også vera fordi det no var komen ny informasjon om kva ein Unescostatus ville seia for Odda kommune og at dei på denne måten kunne gå ut over det delvis bunde mandatet dei har og dei politiske rammene som var satt før valet året før. I tillegg ser vi eit press frå fylkesordføraren som omtala politikarane i Odda som egoistiske. I tillegg til andre aktørar som setter seg opp mot ordføraren og folkerøystinga og ber folket og kommunen om å ta til fornuft, kan ha vert med på å påverka kva nokre av politikarane røysta under voteringa.

Under sjølve behandlinga av folkerøystinga er det fleire komponentar som gjer seg gjeldande. Vi ser fleire trekk frå forhandlingsmodellen som gjer seg gjeldande. For det første kan det bli sett på som ein form for press når ordføraren frå Arbeiderpartiet ynskjer å vita kva Høgre skal røysta under voteringa der ein skal behandla folkerøystinga. Høgre kan då ha blitt pressa til at dei følte at dei måtte røysta på denne måten og at dei måtte halda det dei hadde sagt for å ha eit fortsatt godt førehald til Arbeiderpartiet. Når Høgre likevel ikkje røyster slik dei har sagt viser dei at dei ikkje lar seg bukka under for eit slikt press. For det andre kan vi sjå utstrakt bruk av makt, argumenteringsteknikkar og press under sjølve forhandlingane på kommunestyremøtet. Eit argument om at ein eventuell Unescostatus vil påverka den eksisterande industrien i Odda negativt er ein form for press der ein stiller dei andre til veggs og stiller krav til at dei som er for ein Unescostatus må bekrefte eller avkrefta dette. Men det er også ein form for maktbruk der motparten blir usikker på om dette er sant. Det er også eit ganske sterkt argument for kvifor ein Unescosøknad ikkje er bra for kommunen. Her var motparten raskt ute og nekta for at dette ville skje, og at dette var ting som ville få kvar sin post i budsjettet og ikkje ville påverka kvarandre. For det tredje er det påstått at den

eine representanten som i utgangspunktet ville vera den representanten som kom til å vippe vektskåla i favør nei til Unescostatus på smelteverkstomta blei utsatt for press frå medlemmer frå sitt eige parti for at representanten skulle gå inn for ein Unescostatus likevel. For det fjerde kan det bli sett på som ein form for maktbruk der representantane vel å sjå vekk i frå folket sitt ynskje og vel å gå inn for ein Unescosøknad likevel.

Debatten i kommunestyret var prega av at dei ulike partane ikkje hadde fullstendig informasjon om kva dei andre deltakarane kom til å hevda i forhandlingane og i debatten kring folkerøystinga. Sjølv om vi har sett at Arbeiderpartiet trudde dei hadde fullstendig informasjon om kva utfallet kom til å bli ut i frå kva representantane til Høgre kom til å røysta under voteringa kring folkerøystinga. Dei ulike polane måtte raskt replisera påstandar som blei ført fram utan noko form for gjennomtenking. Dette kan ha vert med på å påverka dei replikkane og dei innlegga som kom under debatten, noko som kan forklara kvifor enkelte av innlegga blei oppfatta som provoserande og urette, som igjen førte til at representantar som var usikre no bestemte seg for å røysta på den måten dei gjorde.

I forhold til garbage can-modellen var det ingen som kunne seia noko om dette utfallet på førehand. Arbeiderpartiet prøvde, men dette slo feil. At ein ikkje kan seia noko om resultatet på førehand er fordi ein aldri kan vera heilt sikker på kva deltakarar det er som deltar på kommunestyremøtet. Sidan det hadde vert ei endring i kommunestyret som eit resultat av at det hadde vert val gir dette også ei endring i kven som kjem inn i kommunestyret og kor mange mandat dei ulike partia har. Dette gjer at det ikkje nødvendigvis var dei same på dette kommunestyremøtet som dei som vedtok at det skulle vera ei folkerøysting, dei var heller ikkje nødvendigvis dei same som var med på å foreslå at kommunen skulle settast opp på den tentative verdsarvlista med ynskje om ein Unescosøknad. Desse endringane gjer at deltakarane ikkje nødvendigvis har dei same meiningane som dei som sat i kommunestyret tidlegare, noko som kan vera med på å påverka utfallet av voteringane. Informasjonen som var tilgjengeleg, kva løysing dei hadde på Unescospørsmålet og dei ulike alternativa som blei presentert kan også ha vert med på å påverka kva avgjerd dei tok i denne saka.

## 5.7 Oppsummering

Spørsmålet om ein Unescostatus førte først og fremst til ei polarisering i politikken, ei polarisering som ikkje følgjer dei vanlege partipolitiske skiljelinjene ein kjenner frå det nasjonale nivået i politikken. Desse polane har kvart sitt mål der dei kjempar anten for eller mot ein Unescosøknad. Denne usemja i politikken førte då til at det blei halden ei folkerøysting etter at det hadde blitt halden ein underskriftskampanje som på mange måtar var med på å pressa politikarane til å gå med på at dette var nødvendig for å få ei klargjering av kva ein ynskja med smelteverkstomta. Resultatet av folkerøystinga var alt anna enn ei klargjering av kva ein skulle gjera med tomta. Det følgde då ein periode der ein ser utstrakt bruk av makt og spelteknikkar i forhandlingane som førte til at ein situasjon som frå før av hadde verka kaotisk blei endå meir kaotisk. I staden for framgang i prosessen om kva som skulle skje med smelteverkstomta blei det no ein tilbakegang der spørsmålet om kva som skulle skje var meir uklart enn på lenge.

At ikkje Unescosaka hadde meir påverknad på konsolideringa av kommunestyret er difor overraskande. Her var det andre mål som var viktigare. Ynskje om makt og posisjonar er viktig for ein politikar og dette kan ha vert avgjerande for kvifor to ja-parti valde å gå i koalisjon med eit nei-parti. Ynskje om posisjonar har nok difor stått sterkt når partia har gått inn i forhandlingar om kven dei skulle samarbeida med under konstallasjonen av kommunestyret. Dette kan også ha vert eit resultat av dei valmoglegheitene som var lagt fram og dei løysingane ein såg på dei problema kommunen hadde på dette tidspunktet. Kven som var til stades og ynskjer dei hadde for seg sjølve og kommunen kan også ha vert med på å spela inn på kvifor denne samansetnaden blei som den blei. Dette kan også vera med på å forklara kvifor politikarane valde å gå i mot dei vanlege partipolitiske skiljelinjene som hadde eksistert i kommunen.

Når kommunestyret så vel å gå mot folkerøystinga når denne endeleg blir tatt opp på eit kommunestyremøte kan dette vera etter eit ynskje om å halda på sitt opprinnelege mål om å anten søka om, eller ikkje søka om ein Unescostatus. Det kan også vera på bakgrunn i ny informasjon som kom fram som gjorde at nokre endra syn på kva ein Unescostatus ville føra med seg. Men også det å halda på det dei hadde lova før valet og oppfylla det veljarane hadde røysta på. Både før og under dette møtet ser vi utstrakt

bruk av makt og press for at representantane skal røysta anten den eine eller den andre vegen, noko som kan ha vert med på å påverka representantane til å røysta slik dei gjorde under voteringa. At resultatet blei at ein skulle oppretthalda Unescosøknaden kan også vera eit resultat av at etter valet har kommunestyret endra samansetnad, situasjonar, problem og løysingar kan også ha endra seg, alt dette kan då ha vert med på å påverka utfallet av voteringa.

Vi ser her at gjennom heile denne prosessen har måla til dei ulike politikarane vert med på å påverka kva dei har røysta og korleis dei har handla. Ein tar i bruk ulike virkemiddel for å oppnå det ein ynskjer og ein ynskjer at flest mogleg skal vera einige med ein sjølv. Men tilfeldigheter spelar også inn då det er vanskeleg å forutsei kva som dukkar opp under vegs.



## 6 Fredingsprosessen

### 6.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg ta for meg den andre epoken i caset mitt. Her vil eg gå gjennom den fredingsprosessen som fann stad etter at Odda/Tyssedal blei ført opp som potensielle stader for verdsarv i Noreg i 2009. Her har fleire aktørar, både politiske og ikkje-politiske, vert med på å påverka denne prosessen og som vi skal sjå er dette ei sak som skapar engasjement ikkje bare i kommunen, men også på fylkesnivå og nasjonalt nivå. Vi vil her sjå at Riksantikvaren har svært mykje å seia og at han stadig vekk er på kant med politikarane i kommunen. I tillegg er det usemje mellom kommune og fylke, der fylket blandar seg inn i fredingsomfang og riving av objekt på smelteverkstomta. Når eg har presentert det empiriske materialet vil eg analysere dette i lys av forventningane om måla og prosessane til dei modellane eg formulerte i teorikapitlet.

### 6.2 Lokaldemokratiet og påverknad frå andre myndigheter og aktørar

I 2009 blei Odda/Tyssedal saman med Rjukan/Notodden ført opp på den offisielle lista til Miljøverndepartementet over potensielle stader for verdsarv i Noreg som skal førast opp på den tentative lista til Unesco. Målet med dette er å fremja desse stadene som stader som var med på å utvikla Noreg til det Noreg vi ser i dag, etter å ha vert ein del av den industrielle revolusjonen som fann stad tidleg på 1900-talet. For å få dette til er det krav om at lokalstadene støttar opp om denne søknaden (Miljøverndepartementet, 2009).

Smelteverket er ei tomt som består av fleire bygg. Etter kvart som forslaget om ein Unescosøknad kom på banen blei fleire av bygga vurdert ut i frå om dei hadde industrihistorisk verdi og måtte fredast og takast med i ein Unescosøknad. Den gamle cyanamidfabrikken (cyanamiden) hadde lenge vert eit av objekta det hadde vert strid om skulle fredast. På slutten av 2009 og byrjinga av 2010 blei det fremja forslag om å bygga eit kjøpesenter på cyanamiden. Denne prosessen rakk å komma ganske langt og det vart til og med teikna forslag til utforming og interessa melde seg frå fleire interessentar mellom anna frå Coop Haugaland (Ystanes, 2010a).

I 2010 engasjerte Riksantikvaren nokre tyske ekspertar som skulle komma til Odda for å vurdera smelteverkstomta og kva som var verneverdig og burde bli tatt med i forhold til ein Unescosøknad. Dei tyske ekspertane vurderte cyanamiden til å vera ein del av den gamle fabrikk som burde fredast om ein Unescosøknad skulle ha noko for seg. Cyanamiden hadde tidlegare ikkje vert på lista over dei objekta som stod på fredingslista. Dette sa Odda kommune seg sterkt i mot då dei meinte at fredingsomfanget ville bli for stort (ei freding av cyanamiden ville også bety slutten for eit kjøpesenter). Riksantikvaren fann seg ikkje i denne motstanden og svarta med å ta Odda ut av Unescolista i desember 2010 (Gabrielsen, 2010).

Kommunen, fylket, Riksantikvaren og eigarar og investorar til smelteverkstomta hadde eit møte i januar 2011 der dei kom fram til at dei skulle vurdera andre stader på smelteverkstomta som aktuelle for å plassera eit kjøpesenter. Dette gjorde at Riksantikvaren på ny opna for at Odda kunne komma inn igjen på Unescolista. Fylket var med i denne prosessen fordi dei var tatt med i Unescosaka etter at kommunestyret hadde vedtatt å gå inn for ein Unescosøknad i 2008. Fylket skulle hjelpe til med å få fortgang i søknaden om ein Unescostatus (Knutsen, 2011b, Sortland, 2008). I mars 2011 kom Riksantikvaren med forslag til objekt som skulle fredast på smelteverkstomta. Kommunestyret vedtok Riksantikvaren si freding av smelteverkstomta sjølv om det var ting dei ikkje var einige i, når kommunestyret vedtok denne fredinga som inkluderte den gamle cyanamidfabrikken resulterte dette i at Riksantikvaren tok Odda inn igjen på Unescolista (Gabrielsen, 2011, Lervik og Torheim, 2011).

Riksantikvaren si liste over objekt som skulle fredast var ikkje samstemt med reguleringsplanen kommunestyret hadde vedtatt. At kommunestyret vedtok fredingsplanen likevel var nok på mange måtar for å komma vidare i saka om smelteverkstomta<sup>25</sup>. Blant dei tinga som blei freda var den tidlegare omtala cyanamiden som ikkje hadde stått på fredingslista tidlegare den kom no inn etter anbefaling frå dei tyske ekspertane. I fredingsvedtaket til Riksantikvaren var kalkomnane og kokstørka tatt vekk frå objekt som skulle fredast. Dette fekk då utslag i at kommunestyret vedtok eit forslag om riving av kalkomnane og kokstørka då dei ikkje fekk gjennomført planane

---

<sup>25</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

om eit kjøpesenter på cyanamiden som no var freda<sup>26</sup>. Denne fredinga til Riksantikvaren gjekk ikkje upåakta hen. Smelteverkstomta Næringsutvikling AS (SNU) som eig store delar av tomta anka denne avgjerda då dei meinte at dette ville avgrensa bruken og utnyttinga av tomta. Dei reagerte også på at Riksantikvaren ikkje ville møte dei etter vedtaket var tatt og såg seg naudsynt til å anka fredingsvedtaket til Miljøverndepartementet (Knutsen, 2011a). I oktober 2012 blei det klart at Miljøverndepartementet ikkje tok anken til følge og oppretthaldt fredingsvedtaket til Riksantikvaren (Sjåstad, 2012a).

Det er ikkje bare kva som skal fredast og ikkje ein er usamde om, ein er også usamd i kva som skal og kan rivast av det som ikkje er freda av Riksantikvaren. I desember 2011 blei det klart at fylkesmannen avviste ein klage frå fylkeskommunen om at kalkomn og kokstørke kunne bli riven. Fylkeskommunen meinte denne rivinga ville vera i strid med fredingsvedtaket. Odda kommune hadde bedt om dispensasjon til å riva desse bygga då dei ikkje lenger stod på lista over freda objekt, fylkesmannen ga kommunen medhald i dette. Ordføraren frå Høgre meinte dette ikkje ville vera i strid med ein eventuell Unescosøknad (Kvamme, 2011). Sjølv om fylkesmannen hadde gitt kommunen medhald i riving var ikkje striden slutt der. Leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv meinte det ville vera ein skandale å riva kalkomnane og kokstørka og at dette ville setta verdsarvstatusen i fare. Leiaren henvendte seg direkte til Erik Solheim, dåverande miljøvernminister, for å hindra denne rivinga. Før ein då kunne riva desse objekta måtte denne saka tas opp av Miljøverndepartementet (Knutsen, 2012a). Fylkeskommunen godtok heller ikkje rivinga av desse på tross av at dei allereie hadde fått avslag på klagen frå fylkesmannen, dei støtta då klagen leiaren av den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv sendte inn til miljøvernministeren (Sjåstad, 2012c). Etter mye om og men, der verken leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv eller fylkeskommunen sine protestar førte fram, blei til slutt både kalkomn og kokstørke riven på våren/sommaren 2012. Seinare på hausten blei også cyanamidsiloen riven som ikkje var tatt med i fredinga (Lund og Sjåstad, 2012).

---

<sup>26</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

Demokratane i Odda meiner som sagt at når ein no har riven både kalkomnane og kokstørka har ein då øydelagt heile produksjonslinja for karbid på smelteverket og at det dermed ikkje er noko grunnlag for å komma på Unesco si verdsarvlista<sup>27</sup>. Dei støttar då opp om meininga til fylkeskommunen og leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv. Ja-partia på den andre sida stolar på at rivinga har skjedd i tråd med anbefalingar frå Riksantikvaren, som jo veit at Odda har eit mogleg ynskje om å komma på Unescolista. Dei trur og meiner difor ikkje at dette vil ha noko påverknad for ein eventuell Unescosøknad<sup>28</sup>. Som vi skal sjå nærare på i neste kapittel blei Odda på ny tatt ut av Unescolista i november 2012 på grunnlag av manglande semje både i politikken og i lokalbefolkninga.

### **6.2.1 Press ovanfrå og frå andre enkeltelement**

I den rasjonelle modellen har eg skreve om den politiske strukturen som er forma som eit hierarki på lik linje med det ein finn i offentlege og private organisasjonar. Som vi ser her har myndigheiter i den offentlege politikken mykje å seia for kva som skjer i denne prosessen. Riksantikvaren er Miljøverndepartementet sin utsendte for å vurdera kva plassar som kan vera aktuelle for å komma på Unesco si verdsarvlista. Uansett kor mykje kommunen vil vera på Unescolista er det til sjuande og sist Riksantikvaren som bestemmer dette. Riksantikvaren er også, som vi har sett, svært delaktig i kva som blir freda og kva som er aktuelt for ein Unescostatus. Vi ser her at Riksantikvaren prøvar å bruka denne myndigheita til å påverka og pressa kommunen til å gå med på noko dei eigentleg ikkje er samd i når han tar Odda ut av Unescolista på grunn av usemje om kva som skal fredast og kva objekt på tomta skal brukast til. Riksantikvaren brukar då sin posisjon for å få det som han vil. Vi ser også at fylkesmannen brukar sin posisjon når han gir kommunen medhald i riving av kalkomnar og kokstørka sjølv om fylkeskommunen ankar dette vedtaket.

Kommunen går med på fredingsvedtaket til Riksantikvaren på bakgrunn i eit ynskje om å komma vidare i Unescosaka, men også fordi dei har eit vedtak om at dei ynskjer ein Unescostatus i Odda. Dei vedtar då dette fredingsvedtaket for at dei skal oppnå sitt mål om ein Unescostatus. Rivinga av kalkomnane og kokstørka må då sjåast i samband med

---

<sup>27</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå DIN.

<sup>28</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå ”ja-partia” til Unesco.

at ein vil ha ei utvikling på tomta og denne rivinga viser innbyggjarane i kommunen at politikarane jobbar for å oppnå utvikling og ny bruk av smelteverkstomta.

Vi ser her at andre aktørar, både politiske og ikkje-politiske, enn dei som høyrer til i lokalpolitikken har sine mål om kva dei ynskjer for smelteverkstomta, dei prøver i så måte å påverka og forhandla og tar val ut i frå at dei skal få gjennom sine mål. Dette er med på å påverka politikken og det som skjer på smelteverkstomta. Mellom anna har dette ført til at ein fredingsprosess har tatt mykje lenger tid enn den i utgangspunktet ville tatt fordi desse aktørane står på sitt og handlar ut i frå at dei vil nå sine mål. Når både SNU og fylkeskommunen ankar fredingsvedtak og rivingsvedtak om kvarandre gjer dette at behandlinga av desse sakene set utviklinga tilbake på smelteverkstomta fordi ein ikkje kan gå fram med dei vedtaka ein har på tomta. Det hierarkiet vi finn i politikken der ein har statlege organ på topp gjer at kommunen ikkje kan gjera som dei vil med tomta utan at dette har konsekvensar for ein eventuell Unescosøknad, noko som også fører til at dei vel å gå inn for ein fredingsplan som Riksantikvaren kjem med, sjølv om den ikkje stemmer overeins med reguleringsplanen kommunestyret har vedtatt. Å gå inn for denne fredingsplanen kan også sjåast i samanheng med at politikarane har eit vedtak om å gå inn for ein Unescosøknad, dette er då eit mål dei må jobba mot og kan forklara kvifor dei vedtok denne fredingsplanen sjølv om den strider mot reguleringsplanen.

### **6.2.2 Spel, strategi og maktbruk**

Som vi har sett har Riksantikvaren eit mål om å få Odda/Tyssedal inn på den tentative verdsarvlista, det er også Riksantikvaren som kjem med forslag til objekt som skal fredast på smelteverkstomta og det er også han som bestemmer om Odda fortener ein plass på verdsarvlista. For å få til dette ser vi at Riksantikvaren ut i frå forhandlingsmodellen fleire gonger har nytta seg av spel og press ovanfor kommunen for å få det som han vil.

Odda kommune hadde som vi såg i førre kapittel gått inn for å søka om Unescostatus på tross av at resultatet av folkerøystinga viste at folket ikkje ville ha ein Unescostatus på smelteverkstomta. Dei vedtok også ein reguleringsplan på tomta der ein hadde lista opp

objekt som skulle fredast, noko som hadde vert i tråd med anbefalingar frå Riksantikvaren tidlegare. Når Riksantikvaren vel å ta cyanamiden med i dette fredingsomfanget etter anbefaling frå dei tyske ekspertane og kommunen set seg i mot ser vi at det oppstår ei interessekonflikt. I lys av forhandlingsmodellen ser vi at då kommunen ikkje er einig i fredinga av cyanamiden vel Riksantikvaren å setta press på kommunen og tar Odda ut av Unescolista. Etter ei ny vurdering av kor kjøpesenteret skal ligga vel Riksantikvaren å ta Odda inn igjen på lista i tillegg til å freda delar av smelteverkstomta. Her bruker Riksantikvaren makt i den grad at han tar Odda ut av Unescolista for å få det som han vil. Sidan kommunen har eit vedtak om at dei vil søka om ein Unescostatus vil dette seia at det set ein stoppar for ein slik status. Når kommunen då viser at dei er villige til å gjera dei justeringane som må til for at Riksantikvaren skal få det som han vil og for at Odda igjen skal bli aktuell for ein Unescostatus, tar han Odda inn igjen på Unescolista. Presset Riksantikvaren sett kommunen under virka då med den hensikta det hadde, nemleg at kommunen skulle godta fredingsplanane han hadde for tomta.

I tillegg til dette har Riksantikvaren komen med eit forslag til freding av smelteverkstomta som ikkje er i samsvar med reguleringsplanen til kommunen. Men for at kommunen skal koma vidare i Unescosaka vel dei likevel å godta denne fredinga for å gå vidare og for å komma inn igjen i søknadsprosessen. Riksantikvaren set her kommunen på sida ved å ta andre omsyn enn det lokalpolitikarane ynskja. Kommunen vedtar altså fredinga til Riksantikvaren, men dei gjer det ikkje utan å visa at dei har ei viss makt dei og. Sidan Riksantikvaren ikkje hadde tatt omsyn til at kommunen ynskja å freda kalkomnane og kokstørka og ikkje cyanamiden, vel kommunen å "hemna seg" ved å riva kalkomn og kokstørka som tidlegare hadde stått på denne lista. Kommunen viser her at dei ikkje lar seg diktera verken av Riksantikvaren eller fylkeskommunen og leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv som hadde anka vedtaket om riving til fylkesmann og Miljøverndepartementet utan å få gjennom denne.

I tillegg til striden mellom Riksantikvaren og kommunen har vi sett at fylkeskommunen, SNU og leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv også liggjar og pressar kommunen og Riksantikvaren for at dei skal få gjennom sine mål.

Fylkeskommunen som egentleg skal jobba i lag med kommunen om ein Unescostatus prøver å visa at dei har meiningar om dei objekta som er på smelteverkstomta, dei legg seg difor opp i fredingsomfanget og kva som skal rivast og ikkje rivast. Kommunen viser her at dei ikkje liker dette presset og vel å riva objekt fylkeskommunen vil ta vare på. På same viset visar dei musklar ovanfor leiaren for den internasjonale komiteen for bevaring av industriell kulturarv at dei ikkje lar seg pressa på denne måten og at dei forhold seg til det Riksantikvaren og fylkesmannen seier er innanfor rammene til ein Unescosøknad. SNU som opprinneleg klaga på fredingsvedtaket fekk no mehald i riving av kalkomn og kokstørka, kommunen viser då at dei er for ei utvikling på tomta og i forhandlingane med SNU kjem dei fram til at dette er objekt som kan rivast. Vi ser her at det ikkje bare er kommunen sjølv som bremsar utviklinga og Unescosøknaden. Andre aktørar er også med på å påverka den prosessen som føregår.

### **6.2.3 Lokalpolitikarane på sidelinja**

Ut i frå eit garbage can- perspektiv kan ein sjå på straumen av deltakarar, problem, løysingar og valmoglegheiter som er til stades som saman vil føra til ei avgjerd. Under fredingsprosessen er det fleire aktørar på banen som er med på å seia si meining og kjem med avgjerder som har påverknad for smelteverkstomta. At dei tyske ekspertane kom på banen gjorde at Riksantikvaren valde å freda noko han ikkje hadde gjort på førehand. Hadde ikkje desse tyske ekspertane komen med si meining hadde planane om eit kjøpesenter truleg framleis vert eit tema i politikken og byplanlegginga, utan at ein trengte å tenkja på at dette var i strid med objekt som var freda. Hadde ikkje dei tyske ekspertane komen på banen hadde truleg heller ikkje kommunestyret protestert mot Riksantikvaren og Riksantikvaren hadde heller ikkje tatt Odda ut av Unescolista. Deltakarane spelar nok ei rolle, Riksantikvaren, dei tyske ekspertane samt lokale politikarar, i tillegg til fylkeskommune, fylkesmann og eigarane til delar av smelteverkstomta var med i denne prosessen. Alle med forskjellig utgangspunkt i denne saka. Problemet er då om Riksantikvaren skal følgja råda frå dei tyske ekspertane eller ikkje. Han vel til slutt å gjera dette. Kommunen vel då å protestera og Riksantikvaren løyser dette med å ta Odda ut av Unescolista.

Vedtaket om å gå inn for fredingsplanen til Riksantikvaren i 2011 kan også vera eit resultat av tilfeldigheter. Dei deltakarane som var i kommunestyret under behandlinga valde å gå inn for denne planen. Dette kan ha vert fordi det var den beste løysinga på kva som skulle skje vidare med smelteverkstomta. Å gå inn for denne planen var difor eit steg i retning mot ei løysing på kva som skulle skje vidare. Riksantikvaren på si side såg på dette som den rette avgjerda for kommunen og valde nok ein gong å setja Odda inn igjen på den tentative verdsarvlista.

### **6.3 Oppsummering**

Fredingsprosessen til Odda Smelteverk er prega av konflikthar på tvers av styringsnivå. Vi ser at alle aktørane som er med i denne prosessen jobbar og tar val ut i frå dei måla dei har for smelteverkstomta. I denne epoken er det ikkje striden inne i kommunen som er det som har størst fokus, men striden mellom ulike styringsnivå. Vi ser trekk av hierarkisk styring der Riksantikvaren som er ein aktør på statleg nivå brukar sin posisjon når han tar sine avgjerder. Dette fører til at Riksantikvaren og kommunen til tider står steilt mot kvarandre og at Riksantikvaren brukar press og makt for å gå gjennom dei ynskja han har for kommunen. Kommunen på si side vel å gå inn for ein fredingsplan som ikkje samsvarer med reguleringsplanen for å komma til ei løysing på kva som skal skje med tomta. Men dette skjer ikkje utan at kommunen visar musklar ovanfor både Riksantikvaren og fylkeskommunen og internasjonale aktørar som også blandar seg inn i fredingsprosessen. Dette fører til at ein riv kalkomnane og kokstørka som tidlegare hadde vert freda.

I tillegg til konflikten mellom desse aktørane ser vi at deltakarane som var med på denne prosessen kan ha spelt ei rolle for sjølv fredingsomfanget. Hadde ikkje dei tyske ekspertane vert på befaring på tomta er det ikkje sikkert at cyanamiden hadde blitt freda av Riksantikvaren. Hadde ikkje cyanamiden blitt freda er det ikkje sikkert at Riksantikvaren hadde tatt Odda ut av Unescolista og det er heller ikkje sikkert at kalkomnane og kokstørka hadde blitt riven.



## **7 Ny vind – politisk skifte**

### **7.1 Innleiing**

I dette kapitlet vil eg gå gjennom den tredje og siste epoken i det empiriske materialet mitt. Temaet her er det skiftet i politikken som fann stad etter valet i 2011. Når dette politiske skiftet var eit faktum var det klart at Arbeiderpartiet sin sterke posisjon i kommunen no var over. Høgre sit no med makta mykje på grunn av partiet sitt syn på Unescosaka som har vert ei av årsakene til at dei no sit i posisjon. Eg vil her analysere og sjå på dei måla og prosessane som ligg til grunn for det politiske skiftet og dei vala partia tok når dei skulle danna koalisjonar, deretter vil eg sjå på kor Unescosøknaden står i dag og kva dette vil ha å seia for kommunen dei komande åra.

### **7.2 Politisk skifte og Unescosaka sin påverknad på det politiske samarbeidet**

Unescosaka var den viktigaste saka før kommunevalet i 2007, på mange måtar kan vi seia at Unescosaka også var den viktigaste saka i 2011. Kommunevalet i 2011 skulle på mange måtar påverka og endra samansetnaden, alliansane og posisjonane i Odda kommune. Før valet hadde Framstegspartiet gjort det klart at dei ikkje kom til å stilla lista til kommunevalet. Dette var fordi dei i lang tid hadde vert usamde med fylkespartiet og fylkestingsgruppa. Framstegspartiet i Odda hadde vert eit av dei partia som var klart mot freding av smelteverkstomta, men partiet i fylket var for freding. Dette meinte dei lokale politikarane var eit dårleg signal å senda til veljarane og det var vanskeleg å jobba mot vern av smelteverkstomta når dei ikkje fekk støtte av partiet på fylkesplan (Ystanes, 2010b). Sosialistisk Venstreparti hadde også gitt beskjed om at dei ikkje kom til å stilla noko lista til kommunevalet.

Odda kommune har i mange år hatt ordførarar frå venstresida i politikken og dei siste tiåra frå Arbeiderpartiet. Dette valet kom til å endra på dette, og måten det skjedde på skapte merksemd ikkje bare lokalt, men og nasjonalt. Valresultatet viste at ingen parti hadde fått reint fleirtal og det var heller ikkje som vi såg i kapittel to dei heilt store endringane i mandatfordelinga frå valet i 2007. Det at ingen av partia hadde fått reint fleirtal opna for nye koalisjonar. Det som er spesielt med dette valet er at parti som

normalt sett ikkje ville gått saman for å få fleirtal i kommunestyret no gjorde det, mykje av dette kan skuldast Unescosaka. Raudt støtta ordførarkandidaten frå Høgre, medan Demokratane støtta Arbeiderpartiet sin ordførarkandidat, samstundes<sup>29</sup>.

Ikkje sidan 1922 hadde Odda hatt ein ordførar frå Høgre, i 2011 var dette 89 år sidan. Etter valet kom det fram at Raudt ynskja å støtta Høgre i eit valteknisk samarbeid, noko som ville sikra eit fleirtal for at Høgre skulle få ordføraren når han skulle bli vald i kommunestyret. Høgre hadde nemleg, i tillegg til det valtekniske samarbeidet med Raudt, danna ein koalisjon med Senterpartiet, Venstre og Nye Odda. Med støtte frå Raudt ville dette då vera nok røyster til at Høgre sin ordførarkandidat ville få klart fleirtal i kommunestyret (Karlsen, 2011). Men før kommunestyret skulle velja ordførar hadde Raudt eit medlemsmøte, her kom det fram at dei trakk støtta til ordførarkandidaten frå Høgre til fordel for deira eigen ordførarkandidat. Då endra situasjonen seg for Høgre, ordførarkandidaten hadde fortsatt flest røyster, men ikkje klart fleirtal. Dette skjedde etter at Raudt og Høgre, saman med dei andre koalisjonspartane hadde signert ein avtale om at Raudt støtta opp om ordførarkandidaten til Høgre, mot at Høgre og dei andre partane i koalisjonen lova at dei ikkje skulle gå inn for privatisering av offentlege tilbod (Sjåstad, 2011). Raudt støtta formelt ikkje Høgre sin ordførarkandidat, men røysta for sin eigen kandidat under første votering og blant i andre votering (slik det er opning for i lovverket). Under kommunestyremøtet der ordføraren blei valt blei det klart at Høgre fekk ordføraren som blei vald med negativt fleirtal og Nye Odda fekk varaordføraren. Det er såleis ein myte at Raudt røysta for ein ordførar frå Høgre<sup>30</sup>.

Sjølv om Raudt trakk støtta til ordføraren frå Høgre snakkar begge partia fortsatt om eit valteknisk samarbeid og at den avtalen dei gjorde fortsatt er gjeldande. Det er også klart at Høgre og dei andre koalisjonspartane nyter godt av støtta frå Raudt i saker som omhandlar Unesco då dette gir dei eit klart fleirtal for å ta avgjerder som går overeins med krava ein slik søknad stiller<sup>31</sup>.

---

<sup>29</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

<sup>30</sup> Opplysning som kom fram under intervju med kommunesekretær.

<sup>31</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå Raudt og Høgre.

Etter valet i 2011 valde Høgre, som vi såg i avsnittet ovanfor, å samarbeida med Venstre, Senterpartiet og Nye Odda, i tillegg til å gå inn i eit valteknisk samarbeid med Raudt. Dette gjorde dei fordi alle desse partia seier ja til Unesco. Når dei gjekk inn i det valtekniske samarbeidet med Raudt var det ikkje for å samarbeida frå sak til sak, men for at Høgre skulle få ordføraren, i tillegg til ein del andre krav som blei satt for at dette samarbeidet skulle fungera. Høgre lova å ikkje fremja forslag om å privatisera nokre av dei kommunale tenestene i denne perioden. Raudt på si side ynskja å få verv i politiske utval. På denne måten var dette eit samarbeid alle fekk fordelar av. Høgre meiner Unescosaka ikkje har påverka kven dei har samarbeida med, men seier vidare at Unescosaka var noko dei tenkte på når det kom til samarbeid etter valet i 2011<sup>32</sup>. Etter at det blei klart at alle ja til Unescopartia utanom Raudt (som dei hadde eit delvis samarbeid med) dannar ein koalisjon står altså Arbeiderpartiet og Demokratane i opposisjon. Desse partia utgjer nei-polen etter at Framstegspartiet valde å ikkje stilla til val.

I eit formannskapsmøte rett før jul i 2012 fremja Høgre eit forslag om at enkelte av dei kommunale tenestene kan konkurranseutsetjast. Når dei fremja dette forslaget var dei klar over at dei ikkje fekk noko fleirtal, dette var bare for å markera ovanfor sine veljarar at dei fortsatt stod for Høgre sin politikk. Høgre såg ikkje på dette som noko løftebrot i forhold til den avtalen dei hadde med Raudt<sup>33</sup>. Raudt på si side oppfatta dette som eit løftebrot frå Høgre<sup>34</sup>. Etter løftebrotet frå Høgre, i tillegg til ei rekkje andre små og store saker der Raudt følte seg overkjørt valde dei å gå inn i eit budsjettsamarbeid med Arbeiderpartiet og Demokratane for å få til eit "fornuftig budsjett" for 2013, dei gjorde dette for å få gjennom viktige postar som mellom anna omfattar helse- og omsorgsbiten, der alle partia meiner dei har noko likt mål for korleis ting skal vera i kommunen. Andre saker der dei ikkje er fullt så einige har dei inngått kompromiss på<sup>35</sup>.

Om og i kva grad Unescosaka har påverka politikken er dei ulike partia litt usamde om. Både Arbeiderpartiet, Høgre og Demokratane meiner at Unescosaka har påverka politikken i ein slik grad at andre saker har blitt nedprioritert og mykje energi har blitt

---

<sup>32</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Høgre.

<sup>33</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Høgre.

<sup>34</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Raudt.

<sup>35</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå Raudt, AP og DIN.

sløst vekk Medan Raudt og Venstre meiner at dei klarer å skilja mellom Unescosaka og annan politikk, difor har heller ikkje Unescosaka påverka politiske saker som går på andre område enn Unescosaka. Dei partia som meiner at Unescosaka har påverka andre saker har peika på at det er blitt brukt mykje tid på Unescosaka og at dette er noko som stadig vekk blir dratt inn i politikken. Arbeiderpartiet meiner også at skiljelinjene i Unescosaka påverkar debatten i andre politiske saker der ein må koma til vedtak<sup>36</sup>.

At samarbeidet mellom dei ulike partia i kommunen er slik det er kan ha mange årsaker. Ei av årsakene kan vera at dei ulike partia som seier ja til Unesco ynskja å ha ein Unescovenleg ordførar og på det viset var villige til å strekka seg langt for at dette skulle skje. Dette kan vera ei av årsakene til at Raudt valde å gå inn i eit valteknisk samarbeid med Høgre<sup>37</sup>. Ei årsak til at det blei skifte i politikken i 2011 kan vera at politikarane og veljarane no hadde sett seg lei på at det skjedde for lite på smelteverkstomta og det måtte eit politisk skifte til for at dette skulle skje.

Mange meiner valet i 2011 var ei "ny folkerøysting" om Unesco. Resultatet av valet gjorde at dei Unescovenlege partia (SP, V, H og NO) kunne gå i koalisjon og få fleirtal i kommunestyret med 16 mot 11 røyster for Unesco. Mange av representantane meiner dette då er ei styrking av fleirtalet frå førre val der dei hadde fleirtal av ja til Unesco i kommunestyret, men Arbeiderpartiet sat med makta<sup>38</sup>. Demokratane er redde dette sender ut eit signal om at det sittande kommunestyret vil bevare mest mogleg av smelteverkstomta og at ein ikkje vil få noko utvikling på tomta dei komande åra. Arbeiderpartiet på si side meiner koalisjonen er rotete og uoversiktleg<sup>39</sup>.

Sjølv om lokalpolitikken ikkje er så ideologisert som nasjonalpolitikken er det interessant å sjå på kommunikasjon og støtte dei ulike partia har frå dei nasjonale partia. Det einaste partiet i kommunestyret som ikkje har noko parti sentralt å forholde seg til er bygdelista Nye Odda. Både Arbeiderpartiet og Demokratane opplyser om at deira nasjonale parti støttar opp om deira oppfatning om at ein skal røysta nei til Unescosøknad. Raudt og Venstre opplyser at dei har støtte for sine syn om at ein må

---

<sup>36</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantane.

<sup>37</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informant frå Venstre.

<sup>38</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå Venstre og Høgre.

<sup>39</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantar frå AP og DIN.

søka om Unescostatus. Raudt fekk også støtte frå sitt nasjonale parti når dei inngjekk eit samarbeid med Høgre. Høgre på si side seier at det er eit lokalstyrt parti og treng difor ikkje noko støtte frå den sentral leiinga då dei har tillit til at dei lokale representantane veit kva dei gjer<sup>40</sup>. Framstegspartiet valde som sagt å ikkje stilla lista til valet i 2011 på bakgrunn i manglande støtte frå fylkespartiet.

### 7.2.1 Samarbeid ut i frå mål

Etter valet var det mange som heva eit augebryn og to. Det er ikkje sjølv skiftet i politikken som er oppsiktsvekkande, men kven som støttar kven i forhandlingane om korleis kommunestyret skal sjå ut. I lys av den rasjonelle modellen ser vi at samstundes som Raudt støttar ordførarkandidaten til Høgre så støttar Demokratane ordførarkandidaten til Arbeiderpartiet. Denne støtta grunnar i at Raudt og Høgre er begge ja til Unescoparti og at Arbeiderpartiet og Demokratane er nei til Unescoparti. Dei vel altså å støtta kandidatar som har det same målet som dei i Unescosaka.

*”Unescosaka var noe vi tenkte på når det kom til samarbeid i 2011, målet er at vi skal komma på Unescolista og då er det viktig at de partiene vi samarbeider med har det samme målet”* (Intervju med ordførar frå Høgre).

Her gir altså ordføraren uttrykk for at det var målet om ein Unescostatus som var det viktigaste punktet i denne valkampen og det som gjorde utslaget for kven dei valde å samarbeida med. Dei Unescovenlege partia gjekk på mange måtar av med sigeren etter valet i 2011, dei sit med 16 av 27 mandat i kommunestyret, noko politikarane tolkar som eit uttrykk for at dei ynskjer ein Unescostatus i Odda velkomen.

Kommunestyrerepresentanten frå Venstre uttrykte seg slik:

*”Vi hadde ei folkeavstemming i 2007, neste folkeavstemming vi har då er valget som var i 2011, valg er jo folkeavstemming”* (Intervju med kommunestyrerepresentant frå Venstre).

---

<sup>40</sup> Opplysning som kom fram under intervju med informantane.

Han uttalar vidare at om folket hadde vert i mot ein Unescostatus så hadde dei heller ikkje røysta på dei Unescovenlege partia. Dette kan vi sjå i samband med at veljarane røyster på det partiet og dei representantane som kan tilby det dei ynskjer (Hagen og Sørensen, 2006).

Raudt vel altså å gå inn i eit noko uklart valteknisk samarbeid eller samarbeid med Høgre. Dette var fordi dei var einige om Unescospørsmålet og fordi det ga Raudt ein del verv i ulike utval. Med eit slikt samarbeid sikra dei ikkje bare partia sitt felles mål om å jobba for ein Unescostatus, men dei sikra også representantar posisjon og makt til å ta avgjerder i andre saker og. Representantane og partia sine mål spelar her inn på korleis kommunestyret blei sjåande ut etter valet i 2011. Eit ynskje om makt og posisjonar er avgjerande for den støtta dei ulike partia får frå andre parti. Dette ser vi mellom anna når Raudt støttar Høgre. Dette gjer dei for å nå målet om ein Unescostatus for Odda, men og for å få sentrale posisjonar i kommunestyret slik at dei kan vera med på å påverka politikken og dei avgjerdene som blir tatt der.

Når Framstegspartiet vel å ikkje stilla lista fordi dei manglar støtte frå fylkespartiet viser dette at sjølv om det er ei lokal sak, er støtte frå partiet både på det nasjonale planet, men også på fylkesplan viktig. Å jobba mot det same målet innad i partiorganisasjonen er altså noko dei set høgt.

Ut i frå eit forhandlingsperspektiv må vi sjå dette skiftet i lys av preferansane og måla til partia der dei partia som gjekk inn i koalisjon med kvarandre, med støtte frå Raudt, jobbar aktivt for å få ein Unescostatus på den gamle smelteverkstomta. Som i den rasjonelle modellen er ynskje om makt og posisjonar sterkt. I tillegg til at Raudt fekk fleire sentrale verv såg vi at Høgre gjekk med på ein avtale der dei ikkje skulle gå inn for privatisering av offentlege tenester. Vi ser her at Høgre gjekk ganske langt i forhandlingane for at dei skulle få støtte frå Raudt, Raudt vann med dette fram med fleire ynskjer. Begge partia gjekk her inn for eit kompromiss Raudt fekk fleire sentrale verv i kommunen og Høgre fekk ordføraren, men utan støtte frå Raudt under voteringa. Denne avtalen ser begge partar på som gyldige sjølv om Raudt på eit gruppemøte etter desse forhandlingane gjekk inn for å støtta sin eigen ordførarkandidat. Når

konstellasjonen her er klar viser det at dei Unescovenlege partia har klart å komma til ei semja, noko dei ikkje klarte etter valet i 2007.

Begge partar snakkar fortsatt om eit valteknisk samarbeid. Sjølv om Raudt trakk støtta til Høgre sin ordførarkandidat. Då Høgre vel å likevel fremja forslag om at nokre av dei kommunale tenestene kunne konkurranseutsetjast ser Raudt på dette som eit løftebrot. Dei viser då at dette er noko dei ikkje finn seg i og vel å gå inn i eit budsjettssamarbeid med Arbeiderpartiet og Demokratane.

At Raudt valde å gå inn i eit (valteknisk) samarbeid med Høgre kan ut i frå eit garbage can- perspektiv ha vert fordi dei ulike deltakarane ynskja å få til ei løysing på smelteverkstomta, noko dei ikkje hadde klart dei føregåande åra. Under ein så lang periode er det ikkje til å unngå at det skjer fleire utskiftingar i politikken. Når ei sak er oppe i kommunestyret så mange gonger vil avgjerdene variera ut i frå kven som er til stades når avgjerdene skal bli tatt. Under val vil samansetninga endra seg då partia får representantar i kommunestyret etter kor mange røyster dei fekk ved valet. Allereie før valet i 2011 var det klart at verken Sosialistisk Venstreparti eller Framstegspartiet kom til å stilla lista til valet. Etter at røystene var talt opp var det klart at Demokratane var komen inn i kommunestyret, det vil seia at det forsvann eit parti, medan eit nytt kom til. Det var også ei lita endring i mandatfordelinga hos dei andre partia. Dette er ting som er med på å påverka samansetnaden i kommunestyret og difor blir også avgjerdene påverka av dette då representantane ikkje nødvendigvis har den same meininga i ulike saker som dei representantane som satt i kommunestyret førre periode.

Kor mange som er for og mot ein Unescostatus vil difor endra seg. Kva som blir sett på som dei viktigaste oppgåvene i politikken vil også endra seg. I følgje garbage can-modellen er dette fordi måla varierer ut i frå tid, situasjon, deltakarar, problem og løysingar som er til stades på det aktuelle tidspunktet. At Framstegspartiet var ute av kommunestyret i 2011 betyr at eit av dei fremste nei-partia var ute av dansen, desse veljarane vel då å røysta på andre parti, eller ingen parti i det heile, det vil då seia at eit eller fleire parti vil ta over mandata Framstegspartiet hadde i førre periode. Vi ser også at kven dei ulike partia vel å samarbeida med har endra seg. Dette har nok på mange måtar med kven som er deltakarar å gjera, kva valmoglegheiter ein har på det aktuelle

tidspunktet, men også kva preferansar partia legg til grunn på det tidspunktet samarbeidsavtalen finn stad.

### **7.3 Unescosøknaden på vent nok ein gong**

I november 2012 blei Unescosøknaden nok ein gong satt på vent av Riksantikvaren. Denne gongen for minst to år. Grunnen til dette er at det ikkje er brei nok semje og støtte hjå folket og kommunepolitikarane i denne saka, noko som, som nemnt tidlegare er eit krav når ein skal søka om ein Unescostatus. Riksantikvaren bestemte difor at Unescosøknaden til Odda skulle bli satt på vent, medan Rjukan/Notodden skal gå fram med sin søknad (Knutsen, 2012b, Knutsen, 2012c). Staten skal i mellomtida finansiera ein mogleighetsstudie der ei arbeidsgruppa utnemnt av kommunen skal komma med innspel til korleis dei ynskjer at utviklinga av Odda og smelteverkstomta skal vera. Etter denne studien er fullført skal det bli ei ny vurdering av om Unesco skal vera ein del av utviklinga i Odda (Sjåstad, 2012d). Det er delte meiningar om dette i kommunen og då særleg samansetjinga og dei arbeidsoppgåvene gruppa har fått, medan ordføraren meiner dette er eit bra vedtak frå fylket, meiner ein representant frå Demokratane at dette bare er tull og stilte spørsmål kring seriøsiteten til denne gruppa. Ordføraren er usamd med representanten frå Demokratane og seier at ein treng meir informasjon kring Unesco og kva dette vil ha å seia for Odda kommune (Sjåstad, 2012b).

#### **7.3.1 Usemje fører til nok ein tilbakegang. Press og makt frå overordna myndigheit**

Når Riksantikvaren set Unescosøknaden på vent nok ein gong er dette igjen eit bevis på at han brukar sin posisjon til å påverka kommunen. Riksantikvaren har som mål å få Odda inn på Unescolista, men han krev at det blir mykje sterkare semje i kommunen før han kan gå vidare med dette. Ut i frå det rasjonelle perspektivet tar han då denne avgjerda på bakgrunn i sin posisjon som den som bestemmer kven det er som skal stå på denne lista og for at han skal oppnå sitt mål om at kommunen skal visa så stor semje at dei igjen blir klare kandidatar til ein slik status.

Usemja ein finn rundt mogleighetsstudien er på bakgrunn i at ein allereie har mål om kva ein ynskjer for smelteverkstomta og at ein då ut i frå Demokratane sitt ståsted brukar masse pengar på ein studie dei meiner ikkje er nødvendig. Demokratane er mot



ein Unescosøknad og eit slikt argument må sjåast ut i frå dette målet. At Høgre då viser semje til dette må ein sjå ut i frå det målet dei har om ein Unescostatus på området, det å utreda dette området for å sjå moglegheitene vil då vera positivt ut i frå at ein no får ein grundig gjennomgang av kvar moglegheitene er og kva ein kan gjera med tomta.

Riksantikvaren og staten viser her at denne studien kan vera til hjelp for korleis ein skal nå målet om utvikling på tomta.

Ut i frå eit forhandlingsperspektiv set Riksantikvaren igjen press på kommunen og brukar makt for at dei ulike representantane skal komma til ei semje om tomta.

Moglegheitsstudien er også ein måte å "tvinga" partane til å forhandla seg fram til ei semje om kva som skal skje med tomta. Dette er då ein form for press frå statleg hald, der ein studie som er finansiert med statlege middel skal komma med ei løysing på Unescospørsmålet.

Vi ser at det nok ein gong blir ein kaotisk og usikker situasjon der ein ikkje veit heilt kva som no skjer med tomta. Ut i frå eit garbage can-perspektiv ser vi at deltakarar, løysing og tidspunkt kan ha vert med på å spela inn på at Riksantikvaren har tatt Odde ut av Unescolista. Moglegheitsstudien skapar ytterlegare usikkerheit kring situasjonen, dette kan ha vert ei avgjerd som grunnar i at når ein no står utanfor Unescosøknaden nok ein gong må ein tenkja ut kva som skal skje med tomta. Moglegheitsstudien kan difor vera løysinga på dette problemet.

## **7.4 Oppsummering**

Resultatet frå valet i 2011 skapa konstallasjonar som ein ikkje hadde sett i kommunen på lang tid. Denne konstallasjonen kan grunnast i at partia ynskja å jobba mot eit eins mål der ein samlast om å få dette til. Det kan også ha vert eit resultat av representantane sine ynskjer om makt og posisjon i politikken. At det blei akkurat denne konstallasjonen kan ha vert på bakgrunn i tilfeldigheter og kven som var til stades etter valet, då eit val inneberer at nokre av representantane blir bytta ut alt etter kor mange mandat dei ulike partia har fått og kva for representantar som stiller til val på dei ulike listene. Som vi har sett var det også eit parti som hadde vert i kommunestyret i perioden før som no ikkje stilte til val, dette kan også ha vert med på å påverka samansetnaden i kommunestyret.

Det kan også vera eit resultat med ynskje om og eit utgangspunkt i at ein no måtte komma til ei semje og komma vidare. Difor var det lettare for ja-partia å komma fram til eit samarbeid som virka.

At Unescosøknaden blir satt på vent nok ein gong er ein demonstrasjon av makt frå Riksantikvaren. Han har eit mål om kva han ynskjer for smelteverkstomta og han vel då å ta Odda ut av denne lista for å visa at det er han som bestemmer. Moglegheitsstudien er då kommunen sin moglegheit til å visa at dei kan komma til semje om kva som skal skje. At denne studien er betalt av staten kan vera ein form for press. Det er heller ikkje alle medlemmene i kommunestyret som er samd i at denne studien skal gjennomførast. Å ta Odda ut og inn av Unescolista på denne måten skapar ein kaotisk og uoversiktleg situasjon og det er vanskeleg for folk å henga med på kva som skjer. Dette viser også at det er vanskeleg å få til ei avgjerd på kva som skal skje på tomta. Politikarane sin manglande evne til å ta ei avgjerd kan bli sett på som avgjerdsvegving og kan med dette oppfattast negativt.

## **8 Avsluttande kommentarar**

### **8.1 Innleiing**

Føremålet med denne oppgåva har vert å sjå på i kva grad og på kva måte avgjerder i lokalpolitikken i Odda kommune har blitt påverka av Unescospørsmålet knytt til det nedlagte Odda Smelteverk. På generell basis har målet vert å visa korleis mål og prosessar knytt til politiske avgjerder i eit system som er prega av lokale spørsmål gjer seg gjeldande. I dette kapitlet vil dei viktigaste funna bli presentert.

### **8.2 Viktigaste funn**

Det er blitt ei vanleg førestelling at rikspolitikken dominerer lokalpolitikken. Eg har i denne oppgåva prøvd å visa at dette ikkje alltid er tilfelle ved å ta utgangspunkt i ei lokalpolitisk sak som føregår i Odda kommune. Her er fokuset retta mot om ein skal søka den nedlagte fabrikk, Odda Smelteverk A/S, inn på den tentative Unescolista. Odda Smelteverk gjekk konkurs i 2003 og all drift stansa. Sidan har lokalpolitikarane, fylkespolitikarane, fylkesmannen, Riksantikvaren, Miljøverndepartementet og andre aktørar i samfunnslivet sagt si meining om kva dei meiner skal skje med denne tomte. I denne oppgåva har fokuset mitt vert på dei lokale politikarane si rolle, deira meining, handlingar og avgjerder. For å seia noko om i kva grad og på kva måte lokalpolitikken i Odda har blitt påverka av Unescosaka har eg tatt for meg tre ulike avgjerdsmodellar for å forsøka å forklara mål og prosessar i politiske avgjerder i eit system som er prega av lokale spørsmål. Dei tre modellane eg har formulert er den rasjonelle modellen, forhandlingsmodellen og garbage can-modellen.

Alle mine informantar ga uttrykk for at spørsmålet om ein Unescostatus på smelteverkstomta var noko som opptok dei i stor grad og som heilt klart hadde vert med på å påverka lokalpolitikken. Ut i frå avismaterialet ser vi også at Unescosaka har hatt stort fokus både for lokalpolitikarar, lokale aktørar og for innbyggjarane i kommunen. Dette er ei sak som først og fremst rammar lokalsamfunnet og lokalpolitikken, men i og med at det er Riksantikvaren som har ansvaret for å nominera plassar til Unescolista er dette ei myndigheit som er sterkt deltakande i denne prosessen.

Vi har sett at dei ulike politiske partia har mål dei ynskjer å oppnå i denne saka, noko som på mange måtar har ført til ei polarisering i politikken. Denne polariseringa følgjer verken dei nasjonale partipolitiske skiljelinjene, eller dei lokale partipolitiske skiljelinjene som fram til 2007 hadde vert ganske lik dei skiljelinjene vi finn på det nasjonale nivået. I dette tilfellet var det spørsmålet om ja eller nei til Unesco som skapte polane. Vi har sett element av at ynskje om å oppnå sine mål veg tungt når dei ulike partane tar avgjerder, til dømes når det kjem til samarbeid og koalisjonar. Avgjerder blir på mange måtar styrt av rasjonell tenking. Dei ulike aktørane tar val og avgjerder på bakgrunn i sine mål, og ynskje om å komma i ein maktposisjon er stort. Dette kan vera med på å forklara nokre av koalisjonane vi har sett. Vi har også sett at Riksantikvaren brukar sin hierarkiske posisjon for å oppnå sine mål for smelteverkstomta og Unescosøknaden. Vi har sett at dei rasjonelle aktørane søker å oppnå dei måla dei har satt seg på førehand og at dei held seg innanfor dei rammene dei har presentert før vala som har vert i denne perioden, å oppfylla veljarynskje blir difor også viktig. Men korleis dei jobbar for å oppnå desse måla har dei ikkje sagt noko om. Dette kan vera med på å forklara kvifor dei lokale partia ikkje alltid følgjer dei naturlege partipolitiske skiljelinjene.

Lokale parti og representantar har eit ynskje om å komma i ein maktposisjon der dei kan ta avgjerder. I forhandlingar om ein koalisjon må ein inngå kompromiss med dei andre partane for at ein skal få til eit samarbeid slik at ein kan jobba for å nå gjennom med sine mål, samtidig som ein må ta omsyn til dei andre aktørane sine mål og preferansar. Utøving av press og makt er også brukt i forhandlingar. Sjølv om dette er ei lokal sak, er det ikkje utan innblanding frå andre aktørar. Desse aktørane jobbar ut i frå eit forhandlingsperspektiv mot å nå sine mål og vil bruka sin maktposisjon i staten for å leggja press og føringar på kommunen. Vi ser også at forhandling er viktig i lokalpolitikken. På same måte som i den rasjonelle modellen ynskjer aktørane i eit forhandlingsperspektiv å ta dei beste avgjerdene for å oppnå sine mål. I prosessen fram mot å nå måla ser vi at det er blitt brukt fleire ulike metodar for å oppnå dette. Vi har sett bruk av forhandlingar, der dei ulike aktørane forhandlar seg fram til ei løysing, eller ei semje. Dei inngår kompromiss for å oppnå måla sine. Dette ser vi i dei to polane, men også under forhandlingar om koalisjonar etter vala. Vi ser bruk av makt og press, der

mellom anna Riksantikvaren brukar sin posisjon til å pressa kommunen til å gå med på å freda noko dei ikkje ville i utgangspunktet.

Sjølv om aktørane sine avgjerder på bakgrunn i spørsmålet om ein Unescostatus kan sjåast på som eit resultat av rasjonell tenking og rasjonell handling, kan ein ikkje utelukka at nokre av handlingane er styrt av tilfeldigheter, og at situasjonen blir opplevd som kaotisk. Ut i frå eit garbage can-perspektiv må det bli tatt omsyn til at dei som er med på å ta avgjerdene endrar seg undervegs og at dette kan vera med på å påverka dei avgjerdene som blir tatt. Det er også vanskeleg å seia noko om måla til dei ulike partia og dei ulike representantane fordi situasjonen er under stadig endring og ny informasjon kjem til slik at det er vanskeleg å seia noko om kva det neste trekket blir. Problema og løysingane vil også endra seg etter tid, situasjon og deltakarar. Kven som samarbeider med kven og kva løysingar ein har på problema kan då bli både tilfeldig og uoversiktleg.

På den eine sida kan vi difor seia at representantane og dei politiske partia har tatt avgjerder ut i frå sine fastsette mål og deira ynskje i Unescosaka. På den andre sida er det tilfeldighetene som rår. Deltakarar, situasjon og løysing på problem på det aktuelle tidspunktet er med på å legga føringar på korleis avgjerder blir tatt. Sjølv om dei fleste representantane har eit klart mål om kva dei ynskjer seg i Unescosaka så viser det seg at det er vanskeleg å nå fram med desse ynskja. Det er mange omsyn å ta og for å få ein eventuell Unescostatus krev det brei semje i kommunen. Også dei som er i mot Unescostatus er avhengige av ei avgjerd i saka. Før dette skjer vil det ikkje skje mykje med tomta. Manglande avgjerder skapar usikkerheit og usemje. Før det blir tatt ei endeleg avgjerd på dette vil saka fortsatt prega politikken. Vi finn aktørar som har bestemte meiningar og mål om saka, men stadig tilføyning eller fjerning av element som skal fredast eller fjernast frå fredingslista, i tillegg til stadig nye aktørar, som til dømes ekspertar på industriell kulturarv, som ynskjer å seia si meining om kva som er verneverdig og ikkje, fører til ein uoversiktleg situasjon. Ulike ledd prøvar å påverka og forhandla ut i frå sine mål som dei meiner er best. Rasjonelle aktørar tar avgjerder som dei meiner får den beste konsekvensen. I prosessen for å oppnå sine mål ser vi at dei ulike aktørane brukar sin hierarkisk posisjon og dei følgjer reglane og rammene dei har satt på førehand. Dei brukar også forhandlingsteknikkar som press og makt for å få måla

sine gjennom. Men like fullt er det vanskeleg å seia noko heilt bestemt om korleis dei ulike aktørane vil jobba mot målet sitt, då ulike individ har ulike mål, desse vil variera etter både tid, situasjon, deltakarar, problem og løysingane som er til stades, dette er med på å skapa ein kaotisk og tilfeldig veg fram mot måla. Desse faktorane fører til at ein ikkje har klart å komma til ei semje i Unescosaka, sjølv om ein har eit vedtak om at kommunen ynskjer ein Unescostatus. Riksantikvaren sin stadige ubesluttosomheit ovanfor tomta og innblanding frå andre aktørar sett sitt preg på politikken. Dette fører til at framgangen for kommunen stoppar opp. Moglegheitsstudia er eit forsøk frå staten si side for at no skal komma fram med ein plan for kva som skal skje med tomta.

Dette er ei sak som har gått føre seg i mange år og over fleire valperiodar. Dei ulike informantane har gitt uttrykk for at denne saka har vert avgjerande ved begge vala som har blitt halden i perioden 2006 – 2012. Denne saka har også blitt tatt opp med jamne mellomrom mellom valperiodane og særleg fredingsomfanget har blitt kraftig diskutert. Usemja med Riksantikvaren har også vert med på å skapa eit preg over situasjonen som fører til usikkerheit og uvisse då Odda stadig vekk blir tatt ut og inn av den tentative verdsarvlista. Dette gjer at ein heller ikkje kan komma vidare og saka vil fortsetta å påverka politikken heilt til ein får ei endeleg avgjerd på kva som skal skje med smelteverkstomta. Dei aller fleste av politikarane meiner no at moglegheitsstudien og Riksantikvaren si avgjerd om å ta Odda ut av den tentative verdsarvlista gjer at dei får tid til å fokusera på andre saker, då dei meiner at Unescospørsmålet har tatt mykje plass i politikken og har tatt tid frå andre viktige saker<sup>41</sup>.

### **8.3 Rikspolitikk versus lokalpolitikk**

Vi har sett at førestellinga om at rikspolitikk dominerer lokalpolitikk ikkje alltid stemmer. I saker som først og fremst har eit tema som bare vil omhandla lokalsamfunnet vil ikkje den nasjonale partileiinga leggja sterke føringar på dei lokale partia. Ei sak som har stor påverknad for lokalsamfunnet gjer at lokalpolitikken vil bli dominerande. Dette kan ha samanheng i kommunen sin størrelse, men også fordi dette er ei sak som først og fremst rammar kommunen, den nasjonale partileiinga legg difor ikkje sterke føringar på dei lokale partia. I slike saker hender det at lokale parti opplever

---

<sup>41</sup> Opplysning som kom fram under intervju.

indre splid og splitting, noko som kan føra til danning av bygdelister, eller at parti går i oppløysing og vel å ikkje stilla lista til neste val. Konstellasjonane kan endra seg, parti kan handla på tvers av den nasjonale partipolitiske skiljelinjene fordi dei lokalpolitiske sakene er viktigare enn dei partipolitiske skiljelinjene. Sjølv om dei nasjonale partia ikkje legg særleg sterke føringar på lokalpolitikarane finn vi andre statlege aktørar som er med på å leggja føringar på prosessen i kommunen.

Partia har faste mål ut frå partiprogrammet, og det å oppfylla veljarynskje ut i frå dei måla partia har satt seg er med på å leggja føringar på prosessen. Her følgjer partia dei måla dei har satt seg når dei tar avgjerder, dei rammene partia har lagt før valet gjer at dei veit kva dei skal jobba mot. Vi ser også at andre aktørar som har interesser i lokale saker, men som sit i ein høgare posisjon i det statlege hierarkiet er med på å leggja føringar på prosessen fordi dei har mål dei vil oppnå. Men i lokalpolitikken er det også andre parti og andre aktørar med interesser i same sak, det vil seia at ein må inngå kompromiss gjennom forhandling slik at ein kan tilpassa seg dei andre aktørane. I prosessen fram mot ei avgjerd ut i frå kva mål ein har kan vi også finna dømer på at aktørane vil bruka press og makt for å oppnå måla sine. Sjølv om ein kan påstå at dei ulike aktørane har fastsette mål har vi også sett at desse kan variera ut i frå deltakarar, tid, situasjon, problem og den løysinga eller dei løysingane som er til stades i situasjonen. Dette fører til at prosessen fram mot ei avgjerd kan vera kaotisk og tilfeldig fordi dei ulike komponentane som påverkar denne avgjerda endrar på seg ut i frå kva målet er på det aktuelle tidspunktet.

Vi har sett at dei lokale partia ikkje alltid følgjer dei "naturlege" vegane når det kjem til samarbeid med andre parti, dette viser at det er saka sin natur som er det viktigaste og ikkje den politiske tilhøyringa slik Jacobsen (2009) skriv det. Måla og prosessane blir påverka av dei lokale spørsmåla og dei lokale sakene, og på den måten blir den nasjonale politikken mindre interessant når ein skal behandla lokale saker.

Med utgangspunkt i caset om Odda Smelteverk kan eg seia at på dette grunnlaget har lokalpolitikken i Odda blitt påverka av denne saka i stor grad og at rikspolitiske saker har komen i bakgrunnen. Likevel er det ikkje utan innblanding av andre statlege aktørar som er med på å leggja press og føringar på lokalpolitikken. Vi har sett at ein kommune

som på mange måtar har følgd dei nasjonale partipolitiske skiljelinjene no har fått konstallasjonar som ikkje følgjer nokre slike skilje, det er kva standpunkt ein har i Unescosaka som er avgjerande. Vi har også sett at det har blitt eit politisk skifte på bakgrunn i denne einskilde saka. Vi kan seia at Unescosaka i Odda har påverka kommunen i den grad at dei nasjonale politiske sakene ikkje har vert avgjerande for kva som har skjedd i politikken dei siste to valperiodane.

#### **8.4 Vidare forskning**

For å underbygga påstanden om at rikspolitikken ikkje dominerer lokalpolitikken ville det i eit større forskingsprosjekt vert hensiktsmessig å gjera ein komparativ studie til dømes der ein ser på om dette stemmer andre plassar og. Det kunne også vert interessant og sett på Rjukan/Notodden si oppfatning av kva det vil seia å stå på Unescolista og korleis dette har påverka lokalpolitikken og lokalsamfunnet.

Vidare ville eg ha sett på korleis ikkje-politiske aktørar har vert med på å påverka avgjerdene og også korleis kommunen har handla saman med fylkeskommunen og kommunikasjonen desse to i mellom.

I eit kvantitativt perspektiv kunne det vert interessant å sett på kva lokalbefolkninga meiner om rikspolitikken sin dominans i lokalpolitikken og om dei meiner at denne har noko påverknad når dei røyster ved val.



## 9 Litteraturlista

- ALLISON, G. T. & ZELIKOW, P. D. 1999. *Essence of decision : explaining the Cuban missile crisis*. New York: Longman.
- ANGELL, S. I. 2006. Aktieselskabet Tyssefaldene og konsesjonsspørsmålet. I: GRAVDAL, J. & VÅDE, V. (red.). *Tyssefaldene: krafttak i 100 år: 1906-2006*. Tysedal: AS Tyssefaldene, s. 180-234.
- BJØRSVIK, E. 2009. Odda Smelteverk - En oversikt. s. 12. Tilgjengelig: [http://www.hordaland.no/Global/kultur/kulturminnevern/dokument/Fredning Odda smelteverk/Odda Smelteverk historikk og industrihistorisk samanheng.pdf](http://www.hordaland.no/Global/kultur/kulturminnevern/dokument/Fredning%20Odda%20smelteverk/Odda%20Smelteverk%20historikk%20og%20industrihistorisk%20samanheng.pdf) [01.03.2013].
- COHEN, M. D., MARCH, J. G. & OLSEN, J. P. 1972. A Garbage Can Model of Organizational Choice. *Administrative Science Quarterly*, 17(1), s. 1-25.
- GABRIELSEN, J. T. 2010. Smelteverket ut av UNESCO-søknaden. *Hardanger Folkeblad*, 21.12.2010. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article5423297.ece> [07.03.2013].
- GABRIELSEN, J. T. 2011. Fredninga lagt fram. *Hardanger Folkeblad*, 01.04.2011. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article5549903.ece> [06.03.2013].
- HAGEN, T. P. & SØRENSEN, R. J. 2006. *Kommunal organisering: effektivitet, styring og demokrati*. Oslo: Universitetsforl.
- HARDANGER FOLKEBLAD. 2007. Folkeavstemming om UNESCO 10 september. *Hardanger Folkeblad*, 23.05.2007. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article2722422.ece> [04.03.2013].
- HARDANGER FOLKEBLAD. 2008. - Tenk på Hardanger. *Hardanger Folkeblad*, 14.06.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article3606893.ece> [06.03.2013].
- HOAAS, S. A. 2008a. Ap-leder tror det blir jevnt. *Hardanger Folkeblad*, 30.10.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3888728.ece> [07.03.2013].
- HOAAS, S. A. 2008b. - Diktatorisk fra fylkesordføreren. *Hardanger Folkelbad*, 13.06.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3605355.ece> [07.03.2013].
- HOAAS, S. A. 2008c. Fylkesordføreren: - Egoistisk å si nei. *Hardanger Folkeblad*, 13.06.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3605312.ece> [07.03.2013].

- HOLMQUIST, T. 2007. Holder folkeavstemning om verdensarvsted. *Kommunal Rapport*, 30.04.2007. Tilgjengelig: [http://kommunal-rapport.no/artikkel/holder\\_folkeavstemning\\_om\\_verdensarvsted](http://kommunal-rapport.no/artikkel/holder_folkeavstemning_om_verdensarvsted) [06.03.2013].
- HOVI, J. 2008. *Spillteori : en innføring*. Oslo: Universitetsforl.
- HOVI, J. & RASCH, B. E. 1993. *Strategisk handling : innføring i bruk av rasjonalitetsmodeller og spillteori*. Oslo: Universitetsforlaget.
- JACOBSEN, D. I. 2009. *Perspektiver på kommune-Norge: en innføring i kommunalkunnskap*. Bergen: Fagbokforl.
- JACOBSEN, D. I. & THORSVIK, J. 2007. *Hvordan organisasjoner fungerer*. Bergen: Fagbokforl.
- KARLSEN, H. N. 2011. Rødt farger Odda blått. *Kommunal Rapport*, 20.09.2011. Tilgjengelig: [http://kommunal-rapport.no/artikkel/rodt\\_farger\\_odda\\_blaatt](http://kommunal-rapport.no/artikkel/rodt_farger_odda_blaatt) [07.03.2013].
- KARTVERKET. 2013. *Arealstatistikk for Norge*. <http://www.statkart.no>: Kartverket. Tilgjengelig: <http://www.statkart.no/Kunnskap/Fakta-om-Norge/Arealstatistikk/Oversikt/> [07.10.2013].
- KNUTSEN, S. 2007. 2140 underskrifter for folkeavstemning. *Hardanger Folkeblad*, 07.03.2007. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article2629334.ece> [04.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2008. Det ble JA til UNESCO. *Hardanger Folkeblad*, 30.10.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3889358.ece> [07.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2011a. SNU anker fredningsplanen. *Hardanger Folkeblad*, 12.05.2011. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article5603594.ece> [11.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2011b. UNESCO-søknad med smelteverket likevel? *Hardanger Folkeblad*, 28.01.2011. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article5469692.ece> [07.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2012a. Smelteverket i Solheims hender *Hardanger Folkeblad*, 26.01.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article5898220.ece> [11.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2012b. UNESCO-søknad 2 år utsatt. *Hardanger Folkeblad*, 09.11.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article6333719.ece> [08.03.2013].
- KNUTSEN, S. 2012c. UNESCO-søknad utsatt i 2 år. *Hardanger Folkeblad*, 12.11.2012, s. 8.

- KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET. 2007. Resultater for Odda i Hordaland - kommunestyrevalet. Tilgjengelig: [http://www.regjeringen.no/krd/html/valg2007/bk2\\_12\\_28.html](http://www.regjeringen.no/krd/html/valg2007/bk2_12_28.html) [07.10.2013].
- KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET. 2011. Resultater for Odda i Hordaland, Kommunestyrevalget. Tilgjengelig: [http://www.regjeringen.no/krd/html/valg2011/bk2\\_12\\_28.html](http://www.regjeringen.no/krd/html/valg2011/bk2_12_28.html) [07.10.2013].
- KVALE, S. & BRINKMANN, S. 2009. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- KVAMME, O. M. 2011. Kalkovn og kokstørke kan rives. *Hardanger Folkeblad*, 23.12.2011. Tilgjengelig: [http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article5856706.ece?ns\\_campaign=article&ns\\_mchannel=byline\\_link&ns\\_source=origo&ns\\_linkname=origo&ns\\_fee=0](http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article5856706.ece?ns_campaign=article&ns_mchannel=byline_link&ns_source=origo&ns_linkname=origo&ns_fee=0) [11.03.2013].
- LERVIK, H. V. & TORHEIM, E. 2011. Smelteverket i Odda fredet igjen. *NRK*, 31.03.2011. Tilgjengelig: <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/hordaland/1.7574100> [07.03.2013].
- LUND, E. & SJÅSTAD, E. D. 2012. No riv dei siloen. *Hardanger Folkeblad*, 01.10.2013. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article6263601.ece> [11.03.2013].
- MELKERRAEN, K.-I. 2007. Odda by sviktet av utkantene. *Haugesunds Avis*, 12.09.2007. Tilgjengelig: <http://www.h-avis.no/nyheter/odda-by-sviktet-av-utkantene-1.1739500> [07.03.2013].
- MILJØVERNDEPARTEMENTET. 2009. Industrihistoriske kulturminner i Rjukan, Notodden, Odda og Tyssedal mulig ny verdensarv, 19.06.2009. Tilgjengelig: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/pressesenter/pressemeldinger/2009/industrihistoriske-kulturminner-i-rjukan.html?id=567949> [07.03.2013].
- NORSK TEKNISK MUSEUM. *DNN Aluminium, Tyssedal*: Norsk Teknisk Museum. Tilgjengelig: [http://www.industrimuseum.no/virksomhet/nitriden\\_tyssedal](http://www.industrimuseum.no/virksomhet/nitriden_tyssedal) [12.11.13].
- NVIM. *Eit liv med karbid*. Tilgjengelig: <http://www.nvim.no/newsread/readimage.aspx?WCI=GetByID&IMAGEID=2&DOCID=10488> [07.10.2013].
- OATES, W. E. 1972. *Fiscal Federalism*. New York.
- ODDA KOMMUNE. 2012. *Fakta om kommunen*. Odda: Odda kommune. Tilgjengelig: <https://http://www.odda.kommune.no/artikkel.aspx?Mid1=1015&AId=3900&ack=1> [03.10.2013].

- OLSEN, J. P. 1972. Public Policy - Making and Theories of Organizational Choice. *Scandinavian Political Studies*, 7, s. 45-62. doi: 10.1111/j.1467-9477.1972.tb00555.x.
- RIKSANTIKVAREN. 2008. Odda, 02.09.2008. Tilgjengelig: <http://www.riksantikvaren.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=4130> [07.03.2013].
- RIKSANTIKVAREN. 2013a. Hva er UNESCOs verdensarvliste? Tilgjengelig: <http://www.riksantikvaren.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=134731> [24.10.13].
- RIKSANTIKVAREN. 2013b. Hva innebærer statusen som verdensarv? Tilgjengelig: [http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Verdensarv/Tentativ\\_liste/Industri\\_arven\\_pa\\_UNESCOS\\_verdensarvliste/Om\\_UNESCOS\\_verdensarvliste/Hva\\_innebarer\\_statusen\\_som\\_verdensarv/](http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Verdensarv/Tentativ_liste/Industri_arven_pa_UNESCOS_verdensarvliste/Om_UNESCOS_verdensarvliste/Hva_innebarer_statusen_som_verdensarv/) [24.10.2013].
- RIKSANTIKVAREN. 2013c. Tentativ liste. Tilgjengelig: <http://www.riksantikvaren.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=131588> [20.03.2013].
- RINGKJØB, H.-E. 2000. Tar partiene representativitet på alvor? I: OFFERDAL, A. & AARS, J. (red.). *Lokaldemokratiet: status og utfordringer : aktuelle forskningsbidrag*. Oslo: Kommuneforl., s. 111 - 130.
- ROMMETVEDT, H. 2000. Kommune- og fylkestingsvalg - lokaldemokrati eller riksgallup. I: OFFERDAL, A. & AARS, J. (red.). *Lokaldemokratiet: status og utfordringer: aktuelle forskningsbidrag*. Oslo: Kommuneforl., s. 65 - 80.
- SJÅSTAD, E. D. 2011. Trekker støtten. *Hardanger Folkeblad*, 17.10.2011. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article5773116.ece> [07.03.2013].
- SJÅSTAD, E. D. 2012a. Delte meningar om fredningsvedtaket. *Hardanger Folkeblad*, 05.10.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article6269611.ece> [11.03.2012].
- SJÅSTAD, E. D. 2012b. - Fornuftig trekk av fylket. *Hardanger Folkeblad*, 23.11.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article6357345.ece> [08.03.2013].
- SJÅSTAD, E. D. 2012c. Fylkeskommunen godkjenner ikke riving. *Hardanger Folkeblad*, 08.05.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article6049674.ece> [11.03.2013].
- SJÅSTAD, E. D. 2012d. No kjem arbeidsgruppa for UNESCO-søknaden. *Hardanger Folkeblad*, 23.11.2012. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfkultur/article6357260.ece> [08.03.2013].

- SKARE, A. 2000. Jo mer lokalpolitikk, dess mindre partipolitikk - Om partienes rolle i lokalpolitikken. I: OFFERDAL, A. & AARS, J. (red.). *Lokaldemokratiet: status og utfordringer : aktuelle forskningsbidrag*. Oslo: Kommuneforl., s. 81 - 110.
- SORTLAND, S. 2008. Saman for UNESCO-status. *Hordaland Fylkeskommune*, 02.12.2008. Tilgjengelig: <http://www.hordaland.no/Aktuelt/Arkiv-nyhende/2008/Desember/Saman-for-UNESCO-status/> [05.11.2013].
- SSB. 2013. *Folkemengd og kvartalsvise befolkningsendringar, 2. kvartal 2013*: Statistisk Sentralbyrå. Tilgjengelig: <http://ssb.no/befolkning/statistikker/folkendrkv/kvartal/2013-08-16?fane=tabell&sort=nummer&tabell=132111> [03.10.2013].
- SYSE, T. D. 2007a. Full støtte til Ap-samarbeid. *Hardanger Folkeblad*, 03.12.2007. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3049227.ece> [22.03.2013].
- SYSE, T. D. 2007b. H og Sp går sammen med Ap. *Hardanger Folkeblad*, 30.09.2007. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article3027995.ece> [22.03.2013].
- SYSE, T. D. 2008. Unesco-saken utsatt. *Hardanger Folkeblad*, 18.06.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3615222.ece> [07.03.2013].
- THAGAARD, T. 2003. *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforl.
- TORHEIM, E. 2007. Odda. *NRK*, 04.06.2007. Tilgjengelig: <http://www.nrk.no/hordaland/odda-1.2602668> [07.10.2013].
- TYSSDALPROSJEKTET & ODDA KOMMUNE. 2001. Tyssedal - et annerledes og dramatisk HARDANGER. Tilgjengelig: <http://tyssedal.no/tyssedal.html> [20.03.2013].
- VALGLOVEN 2013. Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).
- WEBER, M. 1990. *Makt og byråkrati: essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*. Oslo: Gyldendal.
- YSTANES, K. 2008. Ved målsnora etter fem år. *Hardanger Folkeblad*, 28.10.2008. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article3880039.ece> [07.03.2013].
- YSTANES, K. 2010a. 15000 m2 butikkareal. *Hardanger Folkeblad*, 26.02.2010. Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/odda/article4994893.ece> [08.10.2013].

YSTANES, K. 2010b. Odda FrP kastar inn handduken. *Hardanger Folkeblad*, 12.09.2010.  
Tilgjengelig: <http://www.hardanger-folkeblad.no/hfnyheiter/article5306995.ece>  
[11.09.2013].

ØSTERUD, Ø. 2007. *Statsvitenskap: innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforl.

ØSTERUD, Ø., GOLDMANN, K. & PEDERSEN, M. N. 1997. *Statsvitenskapelig leksikon*. Oslo:  
Universitetsforl.

## Vedlegg 1:

### Informert samtykkeerklæring

---

Dette er ein studie i høve Ingvild Angell Bakke si masteroppgåve i Statsvitskap ved HSL-fakultetet, Universitetet i Tromsø. Målet med studiet er, gjennom bruk av intervju og dokumentanalyse, å finne svar på kva rolle Unescosaka spelar for lokalpolitikken i Odde.

Informanten i intervjuet vil bli spurt om korleis arbeidet har gått føre seg for å oppnå dei måla informanten eller informantane har ønska å oppnå i akkurat denne saka og korleis dei har oppfatta at Unescosaka har påverka lokalpolitikken. Om det er i orden for informanten vil intervjuet bli tatt opp på diktafon. Datainnsamlinga vil bli oppbevart på ein stad der berre forskaren har tilgang (eit låst skap, etc.). All data vil bli sletta når studiet er ferdig. Deltakinga i studiet er frivillig og informanten kan til ei kvar tid trekke seg, utan å måtte gje noko grunn for dette. Informasjonen ein bidrar med i dette studiet vil ikkje blir brukt dersom ein vel å trekka seg frå undersøkinga.

Informantens namn vil ikkje på noko tidspunkt komme fram i oppgåva, men indirekte identifisering i form av tittel, partitilhøring eller engasjement vil kunne bli brukt. Masteroppgåva skal vere klar til innlevering 1. Juni 2013, og informanten vil ha moglegheit til å trekke seg frå undersøkinga heilt fram til denne dato.

Dette prosjektet er meldt til personvernombodet for forskning, Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS (NSD), for godkjenning. Forskaren er underlagt teieplikt og sensitive data vil bli handsama konfidensielt. Dersom det skulle oppstå ytterlegare spørsmål i forhold til studiet kan informanten kontakta forskaren sin rettleiar, Professor Hilde Bjørnå, [hilde.bjorna@uit.no](mailto:hilde.bjorna@uit.no), telefon 77644338.

Eg har motteke skriftleg og munnleg informasjon om studiet til Ingvild Angell Bakke og er på bakgrunn av denne informasjonen villig til å delta i hennar studie. Eg stadfestar med dette å ha motteke ein kopi av denne samtykkeerklæringa.

---

Sted og dato

---

Deltakarens underskrift

---

Forskarens underskrift

## **Vedlegg 2:**

### Intervjuguide politikarar

Kjønn, alder, stilling, politisk parti

#### Unescosaka

- Kva er UNESCO?
- Kvifor/kvifor ikkje UNESCO?
- Kva tankar har du om smelteverkstomta?
- Kva var årsakene til at det vart bestemt å halda ei folkerøysting i 2007? Korleis jobba de med dette?

#### Tema 1 – Unescostatus

- Kva vil ein eventuell Unescostatus ha å seia for Odda kommune?
- Korleis jobbar de (du og ditt parti) med denne saka?
- Korleis informerte de folket om kva ein eventuell Unescostatus ville føra med seg?
- I 2008 vart det bestemt å gå mot folkerøystinga, kvifor? Kva signal sender dette ut til folket?
- Fleirtalet mot å gå mot folkerøystinga var ganske knapp, kvifor vart det bestemt å gå mot folkerøystinga med så knapt fleirtal? Kva var argumenta?

#### Tema 2 – Påverknad i lokalpolitikken

- Korleis meiner de denne saka påverka lokalpolitikken?
- Har du/de sett ei endring i lokalpolitikken sidan denne saka kom opp? (Korleis? Har det endra seg noko over tid?)

#### Tema 3 – Politisk samarbeid

- Har Unescosaka hatt nokon påverknad på kven de samarbeider med? (Kvifor/kvifor ikkje?)
- Er Unescosaka noko de tenkjer spesielt på når samarbeid i politikken kommer på dagsorden? (Korleis?)
- Kva er viktig med tanke på samarbeid når det kjem til Unescosaka?
- Overskygger Unescosaka andre saker når det kjem til politisk samarbeid?
- Kva signal sender konstallasjonen av det nye kommunestyret frå 2011 ut til folket?
- Kan Unescosaka seiast å vera ein av grunnane til at kommunestyret blei sjåande ut som det gjør i dag?

#### Tema 4 – Avsluttande

- Korleis stiller partiet sentralt seg til denne saka?



### **Vedlegg 3:**

#### Intervjuguide - kommunesekretær

- Kva er bakgrunnen for Unescosaka og striden mellom ja og nei til UNESCO?
- Kvifor har denne striden oppstått?
- Korleis har dette påverka politikken og samfunnet ellers?
  - o Har denne striden ført til polarisering i politikken slik du ser det?
- Er det noen hendingar som spesielt har utmerka seg?
- Korleis meiner du lokalbefolkninga oppfattar denne saka?
  - o Har dei fått fullverdig og god informasjon om kva ein Unescostatus inneberer?
- Var folkerøysting ein god avgjernad?
  - o Utfallet var nei, kva signal sender det ut når kommunestyret vel å se vekk frå dette?
- Kva signal sender konstallasjonen av det nye kommunestyret frå 2011 ut?
- Har du i perioden 2007-2011 sett bruk av ulike strategiar, om ja, kva slags? Ser du ein utstrakt bruk av politisk spill?
- Tillit frå folket?

Det er viktig å påpeika at dette intervjuet ikkje er for å svartmala nokon, dette er for å skaffa ein oversikt over kva som har skjedd i denne perioden, særleg med tanke på dei tre hendingane eg har lagt ut. Denne informasjonen og denne bakgrunnen ser eg som vesentleg å koma frå intervju med informantar som ikkje har eit politisk verv i kommunestyret, men samtidig har inngående informasjon og kunnskap om saka på kommunenivå.

## **Vedlegg 4:**

### Intervjuguide informant 7

Kjønn, alder, stilling, politisk parti

Kan du fortella litt om bakgrunnen for Nye Odda?

- Kvifor blei det oppretta ei slik bygdelista?
- Kva visjonar var grunnlaget for Nye Odda?

#### Unescosaka

- Kva var bakgrunnen for Unescosøknaden?
- Kvifor Unesco i Odda? Kva vil ein eventuell Unescostatus ha å seia for Odda kommune?
- Kva tankar har du om smelteverkstomta? Det er allereie rive ein del på tomta, er dette øydeleggjande for ein Unescosøknad?

#### Folkerøysting

- Kva var dei direkte årsakene til at det vart bestemt å halda ei folkerøysting i 2007?
- Korleis jobba de i forkant av folkerøystinga?
- Korleis informerte de folk om kva ein eventuell Unescostatus ville føra med seg, og kvifor/kvifor ikkje dette er bra for samfunnet?
- I 2008 blei det bestemt å oppretthalda Unescosøknaden, det motsette av resultatet frå folkerøystinga, kvifor?
- Kva signal sender dette ut til folket?

#### Lokalpolitikken

- Slik du ser det, korleis har Unescosaka påverka lokalpolitikken?
- Trur du Unesco overskygger andre ting i politikken?
- Har Unesco hatt noen påverknad på politisk samarbeid i kommunen?
- Kva tenkjer du om det kommunestyret som sit i dag? Kva signal sender dette ut til folket?